

# Bruk av festningsslaveri som straffesanksjon i Noreg i andre halvdel av 1700-talet

*Slaveriet ved Bergenhus festning 1766-1810*



**Kristin Norang**  
Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og  
religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Haust 2010



Biletet på framsida: Bergenhus festning, henta frå postkort basert på litografi av A.Meyer  
1840. <http://www.bymuseet.no/bilderigg.php?vis=260&nr=14>

# **Forord**

Eg vil takke min rettleiar Arne Solli for å ha gitt meg gode innspel og oppmuntrande ord undervegs. Deltakarane på seminaret *Tidleg moderne tid* skal òg ha takk for konstruktive tilbakemeldingar på framlegg av utkast.

Takk til medstudentar for eit utruleg flott og godt sosialt miljø. Dette har gjort dei lange øktene på lesesalen atskillig lysare.

Aller størst takk til min sambuar Kyrre, for ditt grenselause tolmod, støtte og tru på meg. Dette har betydd meir enn du anar.

Bergen, november 2010.



## Oversikt over tabellar og figurar

Figur 3.1.: Innsetjing av fangar basert på saker per år for perioden 1766-1810.....s.43.

Figur 2: Bilete av Bergenhus festning..... s.97.

Tabell 3.1. Oversikt over innsetjingar basert på saker fordelt i tilnærma femårsperiodar:.....s.43.

Tabell 3.2. Innesitjande fangar ved utgangen av kvart år for perioden 1766-1785.....s.43.

Tabell 3.3. Innesitjande fangar ved utgangen av kvart år for perioden 1786-1810.....s.43.

Tabell 3.4. Alder ved innsetjing 1766-1810.....s.46.

Tabell 3.5. Slavanes heimstad. ....s.48.

Tabell 3.6. Oversikt over dei innsettes yrkesbakgrunn..... s.49.

Tabell 3.7. Oversikt over årsak til innsetjing på slaveriet fordelt i tilnærma tiårsperiodar..... s.50.

Tabell 3.8. Oversikt over fordelinga av vinningslovbrota.....s.51.

Tabell 3.9. Oversikt over fordelinga av seksuelle lovbroter .....s.56.

Tabell 3.10. Oversikt over blodskamssakene.....s.61.

Tabell 3.11. Førekomst av vald som innsetjingsårsak på slaveriet.....s.62.

Tabell 4.1. Straffas lengde for vinningslovbrot 1766-1789. ....s.72.

Tabell 4.2. Straffas lengde for vinningslovbrot 1790-1810. ....s.74.

Tabell 4.3. Straffas lengde for seksuelle lovbroter. ....s.75.

Tabell 4.4. Straffas lengde for blodskam. ....s.75.

Tabell 4.5. Straffas lengde for vald.....s.80.

Tabell 4.6. Straffas lengde for andre lovbroter.....s.86.

Tabell 4.7. Bøtesoningas lengde og summen som skulle nedbetalast.....s.88

Tabell 4.8. Den allmenne utviklinga av straffens lengde ved slaveriet i Bergen 1766-1810.....s.90.

Tabell 5.1. Oversikt over dødsfall delt inn i aldersgrupper..... s.98.

Tabell 5.2. Rømingsforsøk delt inn i straffekategoriar og tidsperiode..... s.102.

Tabell 5.3. Oversikt over gitt benådning for kva type lovbroter og tidsperiode.....s.108.



## Innhold

Kapittel 1. Innleiing.....	11
1.1. Tema og oppgåvas formål .....	11
1.2. Teoretiske perspektiv .....	12
1.2.1. Arbeidsmarknad og økonomi .....	12
1.2.2. Det disiplinerande samfunn .....	14
1.2.3. Statsmakt og følsemd .....	17
1.3. Forskningshistorikk.....	19
1.4. Problemstillingar og avgrensingar.....	21
1.5. Kva er straff? .....	22
1.6. Kjelder.....	23
1.7. Oppgåvas oppbygnad .....	25
Kapittel 2. Frå Bremerholm til Bergenhus festning. Slaveristraffas framvekst og utvikling i Danmark-Noreg i perioden 1566-1766 .....	27
2.1. Innleiing .....	27
2.2. Slaveriets oppkomst i Danmark-Noreg .....	27
2.2.1. Reformasjonen- spiren til slaveriets oppkomst?.....	28
2.2.2. Lediggang- rota til alt vondt .....	29
2.2.3. Kvifor slaveri? .....	29
2.3. Slaveri blir ei offentleg straff .....	30
2.3.1. Slaveristraffas introduksjon i det norske lovverket.....	32
2.4. Slavane på Bremerholm .....	33
2.5. Forordninga av 27.november 1739. Slaveriet kom til Noreg .....	35
2.6. Slaverias administrasjon og lokalisering.....	35
2.7. Slaveriet ved Bergenhus festning.....	36
2.8. Fangebelegget ved slaveriet i perioden 1733 til 1762 .....	36
2.9. Mot nedlegging av Bergenhus festning .....	38
2.10. Strilekrigen- bondeopprøret som berga Bergenhus festning .....	39
2.11. Oppsummering .....	40
Kapittel 3. Innsetjingar på slaveriet i perioden 1766-1810 .....	41

3.1. Innleiing .....	41
3.2. Bruken av slaveriet .....	41
3.2.1 Fangebeleget ved slaveriet 1766-1810 .....	42
3.3. Fangane på slaveriet.....	45
3.3.1. Alderen på dei innsette .....	45
3.3.2. Kvar kom slavane i frå?.....	47
3.3.3. Dei innsettes yrkesbakgrunn .....	48
3.4. Kva sat slavane på Bergenshus inne for? .....	50
3.4.1. Vinningslovbrot .....	51
3.4.1.1. Lovgivinga for vinningslovbrot .....	52
3.4.2. Seksuelle lovbroter .....	55
3.4.2.1 Lovgivinga kring leiermål.....	56
3.4.2.2. Lovgivinga kring hor .....	59
3.4.2.3. Lovgivinga kring blodskam .....	60
3.4.3. Vald .....	61
3.4.3.1. Lovgivinga for vald.....	62
3.4.4. ” for Opsætsighed og slet Opførsel mod Øvrigheden” .....	63
3.4.5. Lausgjengeri og militær desertering.....	66
3.4.6. Andre lovbroter .....	67
3.4.7. Bøtesoning.....	67
3.5. Oppsummering .....	68
Kapittel 4. Lovbrot og straffepraksis .....	70
4.1. Innleiing .....	70
4.2. Slaveristraffas lengde for vinningslovbrot.....	71
4.3. Slaveristraffas lengde for seksuelle lovbroter .....	75
4.4. Slaveristraffas lengde for vald .....	79
4.5. Slaveristraffas lengde ”for Opsætsighed og slet Opførsel mod Øvrigheden” .....	83
4.6. Slaveristraffas lengde for desertering og lausgjengeri .....	84
4.6.1. Militær desertering .....	84
4.6.2. Lausgjengeri.....	85
4.7. Slaveristraffas lengde for andre lovbroter.....	86
4.8. Bøtesoning.....	87
4.9. Straffenes lengde sett under eitt .....	89
4.10. Oppsummering .....	91

Kapittel 5. Lagnaden til dei innsette på slaveriet .....	93
5.1. Innleing .....	93
5.2. Leveforholda ved anstalten .....	93
5.2.1. Arbeidsoppgåver og økonomi .....	93
5.2.2. Det viktige skiljet mellom ærlege og uærlege slavar .....	95
5.2.3. Slaverilokalets tilstand i Bergen .....	96
5.2.4. Slavanes medisinske tilsyn .....	97
5.2.5. Dødsfall på slaveriet .....	98
5.3. Slaveriets sikkerheitsnivå .....	100
5.3.1. Vakhald og vaktmannskap.....	100
5.3.2. Talet på rømingar frå slaveriet .....	101
5.4. Benådning.....	104
5.4.1. Retten til å gje benådning .....	104
5.4.2. Teoriar om benådning .....	105
5.4.3. Benådningspraksisen ved slaveriet i Bergen .....	106
5.4.4. Kvifor benådning?.....	110
5.5.Oppsummering.....	111
Kapittel 6. Konklusjon.....	113
7. Kjelder og litteratur .....	117
8. Vedlegg I.....	126
9. English summary.....	129



# Kapittel 1. Innleiing

## 1.1. Tema og oppgåvas formål

Dei fyrste tvangsarbeidsanstaltane i Vest-Europa vart oppretta i England kring midten av 1500-talet. På bakgrunn av fattigdom og arbeidsløyse hadde tigging og lausgjengeri byrja bli ei belastning for samfunnet, eit ordensproblem som dei engelske styresmaktene freista å løyse ved å internere arbeidsføre betlarar og tvinge dei til å arbeide for sitt daglege opphold. Slik kunne staten dra nytte av arbeidskrafta til dei innsette, samstundes som dei innsette vart tukta til god arbeidsmoral og disiplin.<sup>1</sup> Ideen om at tvangsarbeid kunne fungere som ein hjørnestein innafor fattigvesenet spreidde seg raskt til det europeiske kontinentet. I tillegg til arbeidsføre betlarar byrja ein òg frå starten av å sperre inne andre uynskja samfunnsggrupper, til dømes sinnsjuke og lausaktige kvinner. Den tiltakande institusjonaliseringa av samfunnets ulike utskot skjedde med ei slik fart og breidde at den franske filosofen Michel Foucault har valt å karakterisere prosessen som ”*den store innesperringen*”.<sup>2</sup>

Bruken av tvangsarbeid skulle òg vise seg å forplante seg vidare frå fattigvesenet til strafferetten. I mellomalderen og tidleg nytid var det straffer i form av pisking, gapestokk, lemlesting, bøteleggings, og i ytтарste fall avretting som vart teke i bruk dersom ein person vart funne skuldig i å ha brote samfunnets etablerte reglar. I løpet av 1600- og særskilt 1700-talet endra dette seg gradvis, då straffarbeid no brått segla fram eit viktig sanksjonssupplement til den eldre praksisen. Ved inngangen til 1800-talet var bruken av dei eldre kroppslege avstraffingsmetodane i klar tilbakegang, og straffarbeid kombinert med innesperring hadde innteke rolle som primærsanksjon innanfor det rettslege sanksjonsapparatet.<sup>3</sup>

I forskingslitteraturen har det blitt sett fram tre sentrale årsaksforklaringar for denne strafferetslege endringa; økonomi, disciplinering og sivilisering. I denne oppgåva skal eg drøfte desse tre forklaringane ved analyse av oppkomst og framvekst av festningsslaveri, og ein detaljstudie av bruken av slaveriet på Bergenhus festning i perioden 1766-1810.

Ytterligare avgrensing og problematisering vil følgje seinare i kapitlet etter ein gjennomgang av dei ulike årsaksforklaringane samt kva som føreligg av tidlegare forsking kring emnet.

---

<sup>1</sup> Wald-Jacobsen, 2007:5-6.

<sup>2</sup> Foucault, 1973:48.

<sup>3</sup> Bugge, 1969:12.

## **1.2. Teoretiske perspektiv**

Bakgrunnen for straffanstaltanes oppkomst, samt årsaka til deira gradvise framvekst som primær sanksjon innanfor straffepraksisen i vest-Europa på 1600- og 1700-talet, har vore eit omdiskutert tema innanfor fleire fagdisiplinar. Dei ulike årsaksforklaringane har omhandla alt ifrå anstaltanes økonomiske betyding til deira rolle som eit disciplinært reiskap ovanfor samfunnets utskot, og debatten har vakt interesse og inspirert til vidare forsking. Eg vil no kort utdjupe tre ulike årsaksforklaringar som på kvar sin måte freistar å forklare dei endringane som gjekk føre seg innanfor straffepraksisen i vest-Europa på 1600- og 1700-talet, og derav òg årsaka til straffarbeidets oppkomst og framvekst. Utvalet av desse teoriane er gjort på bakgrunn av deira sentrale posisjon innanfor den kriminologiske faglitteraturen.

### **1.2.1. Arbeidsmarknad og økonomi**

I 1939 gav rettssosiologane Georg Rusche og Otto Kirchheimer ut den fyrste utgåva av *"Punishment and Social Structure"*. Boka vekte stor interesse innanfor fleire fagfelt, då forfattarane introduserte ein ny måte å studere og analysere dei ulike avstraffingsmetodane som har vore i bruk i vest-Europa frå mellomalderen av og fram til 1900-talet. Ifølgje Rusche og Kirchheimer kan nemleg historiske endringar innanfor straffepraksisen forklara ut ifrå strukturelle endringar innanfor arbeidsmarknad og økonomi.

Rusche og Kirchheimer byrjar si framstilling med å skildre straffepraksisen i mellomalderen, ein praksis som dei hevdar i stor grad var ei privatsak. Ein hadde inga sterke statsmakt som kunne ta på seg ansvaret for å følgje opp lovbrot, og norma var difor at dei involverte partane ordna opp seg i mellom.<sup>4</sup>

Situasjonen endra seg på 1300- og 1400-talet, då styresmaktene no byrja krevje monopol på retten til å dømmme og utskrive straff. Inndriving av bøter kunne nemleg tene som ein verdifull økonomisk geskjeft. Lekamlege straffer vart berre teke i bruk dersom den skuldige ikkje kunne innfri bøtene, noko som innebar at desse straffene i stor grad vart reservert for dei lågare klassene i samfunnet.<sup>5</sup> På 1400- og 1500-talet opplevde ein så fleire kriser innanfor jordbrukssektoren, avlingane slo feil og arbeidsløysa auka. Samstundes opplevde ein folkeauke, og den store mengda med tiggarar og omstreifarar som byrja trekke til byane fekk styresmaktene til å skjerpe straffene for å verne om overklassas eigendalar. Offentlege kroppslege

---

<sup>4</sup> Rusche og Kirchheimer, 1968:8-10.

<sup>5</sup> Ibid:17.

avstraffingar vart no eit daglegdags syn i byane, då desse pinsame seremoniane fungerte som ein åtvarandes peikefinger til allmogen. Ifølgje Rusche og Kirchheimer hadde styresmaktene moglegheit til å ta i bruk lemlesting og avretting som primærсанksjon på denne tida, då arbeidsmarknaden var metta. ”*As the price paid for labor decreased, the value set on human life became smaller and smaller. The hard struggle for existence moulded the penal system in such a way as to make it one of the means of preventing too great an increase of population*”.<sup>6</sup>

Ved slutten av 1500-talet ser ein at straffpraksisen går inn i ei ny fase, der straff- og tvangsarbeid får ei stadig viktigare rolle. Rusche og Kirchheimer hevdar at dette kan koplast opp mot sentrale endringar innanfor økonomien, då merkantilistisk tankegang og framveksten av ein pengeøkonomi opna opp nye marknadar innanlands. For å mette den nye etterspørsele etter varer var det behov for meir arbeidskraft, og opprettinga av straff- og tvangsarbeidsanstaltane ved inngangen til 1600-talet kan sjåast som ei løysing på dette behovet. Anstaltane vart fylt opp med arbeidsføre fattigfolk, prostituerte og andre småkriminelle. Desse skulle tuktast til god arbeidsdisiplin, og slik bli verdifulle medlemmar av den merkantilistiske staten. Ifølgje Rusche og Kirchheimer forplanta denne tanken om nyttegjering seg òg til det strafferettslege apparatet. ”*[...] execution may be cheap from a short-term view, but it is unproductive and therefore expensive from a long-term view, whereas the new form of punishment forces those who had injured the state to work for its profit*”.<sup>7</sup>

Behovet for arbeidskraft betydde med andre ord at verdien på eit menneskeliv gjekk opp, og ein byrja difor å ta i bruk straffarbeid som sanksjon framfor lemlesting og avretting.<sup>8</sup>

Mot slutten av 1700-talet og byrjinga på 1800-talet gjorde den industrielle revolusjon sitt inntog i vest-Europa. Teknologiske nyvinningar førte til at behovet for arbeidskraft minska, og straff- og tvangsarbeidsanstaltane kunne ikkje lenger hevde seg økonomisk. Ein opplevde òg ei større folkeauke i løpet av 1700-talet, og mangelen på arbeid gav grobotn for fattigdom og kriminalitet. Ifølgje Rusche og Kirchheimer var det fleire innanfor dei øvre klassene som ynskja at dei lekamlege avstraffingsmetodane no skulle gjeninnførast, noko ein òg såg enkelte tendensar til i Frankrike og Tyskland.<sup>9</sup> Slik vart det då likevel ikkje, då det i andre halvdel av 1700-talet hadde blitt lagt fram krav om ein reform av strafferetten. Opplysningsstidas debattantar fremja humanistiske ideal og tenkemåtar, og dei tidlegare kroppslege

---

<sup>6</sup> Rusche og Kirchheimer:20.

<sup>7</sup> Ibid:48.

<sup>8</sup> Ibid:24-33.

<sup>9</sup> Ibid:98-99.

avstraffingsmetodane hadde blitt kraftig kritisert for sin barbariske natur. Det var difor fridomsstraffa som vart den rådande sanksjonen frå 1800-talet av. Ved å halde levestandarden innanfor murane på eit minimum, var dette ifølgje Rusche og Kirchheimer òg den mest kostnadseffektive straffemåten styresmaktene kunne finne.<sup>10</sup>

Rusche og Kirchheimer sin teori har i seinare tid blitt kritisert for å legge for mykje vekt på økonomiske faktorar som ei forklaring på kvifor straffepraksisen endra seg på 1600- og 1700-talet. Den amerikanske rettssosiologen David Garland sei seg einig i at økonomiske forhold gjerne har vore ei sentral årsak til at dei kroppslege avstraffingsmetodane gradvis vart erstatta av straffarbeid kombinert med innesperring, men at politiske og ideologiske faktorar kan ha hatt vel så mykje å sei.<sup>11</sup> Garland påpeikar òg at nyare forsking har vist at svært få av anstaltane i røynda klarte å produsere eit økonomisk overskot, noko som då trekk konklusjonane til Rusche og Kirchheimer i tvil.<sup>12</sup>

### 1.2.2. Det disiplinerande samfunn

I 1975 gav den franske filosofen Michel Foucault ut ”*Overvåkning og straff*”, eit verk som er eit av dei mest siterte innanfor den kriminologiske litteraturen. Foucault ynskjer å skrive historia om oppkomsten av vår moderne fengselsinstitusjon, og skildrar i røynda ikkje dei føregåande straffanstaltanes framvekst og utvikling. Det er heller brotet mellom ein straffepraksis som i stor grad var basert på kroppslege lidingar, til ein praksis der institusjonell innesperring brått hadde innteke rolla som primær sanksjon innanfor strafferetten som er tema. Ifølgje Foucault skjedde dette brotet i andre halvdel av 1700-talet.

Foucault bygg opp si tese med å skildre ei avretting som gjekk føre seg i Paris i 1757. Han fortel om dei mange pinslene som lovbytaren måtte gå igjennom før han fekk trekke sitt siste andedrag. ”*(...) knipes med glødende tener på brystet, armene, lårene og leggenes kjøttfulle deler. (...) og på de steder hvor han har blitt knepet, skal det kastes smeltet bly, kokende olje, brennende harpiks, sammensmeltet voks og svovel, og deretter skal fire hester trekke og slite løs hans lemmer, kroppen brennes til aske og asken spres for vinden*”.<sup>13</sup>

---

<sup>10</sup> Rusche og Kirchheimer:108-109.

<sup>11</sup> Garland, 1990:108.

<sup>12</sup> Ibid:102.

<sup>13</sup> *Pièces originales et procédures du proces fait à Robert-François Damiens, 1757, bind III, s. 372-74.* Gjengitt i Michel Foucault ”*Overvåkning og straff*”, 2001; 9.

Vidare skildrar Foucault eit reglement for ungdomsfengslet i Paris anno 1838, som beskriv med presis nøyaktigkeit korleis dagen til dei innsette skal utfalde seg.<sup>14</sup> Ved å bruke desse to ulike skildringane ynskjer Foucault å få fram kor drastisk straffas natur har endra seg i det korte tidsrommet mellom 1757 og 1838. Ein kan seie at straffas subjekt har gått frå å vere kroppen til å bli sjela, frå tortur til disiplinering. Dei offentlege pinslene og avrettingane har forsvunne, og innesperring har blitt den primære sanksjonen for straff.

Denne endringa er ifølgje Foucault eit uttrykk for ein ny og meir effektiv maktteknikk. Han hevdar at dei gamle offentlege pinslene var eit uttrykk for herskarens makt og vreide. Sidan det var han som utskreiv lovene, vart eit lovbrotn betrakta som eit personleg åtak på hans status som samfunnets leiar. Dei harde straffene skulle verke avskreckande, og markere skiljet mellom folket og styresmaktene.<sup>15</sup> Samstundes var det juridiske apparatet prega av ueffektivitet og meir eller mindre vilkårlege dommar, der i enkelte tilfelle alvorlege lovbrotn vart oversett medan mindre lovbrotn vart straffa ekstremt hardt. Foucault hevdar at det var denne vilkårlegheita som var årsaka til at det vart lagt fram krav om reform av straffepraksisen i andre halvdel av 1700-talet. Tilskodarane sympatiserte med lovbytaren dersom straffa var urettmessig hard, noko som utgjorde ei politisk fare for styresmaktene. Det juridiske apparatet måtte omstruktureras, givast meir legitimitet. Det måtte skapast ei førestilling om ei samfunnspakt, der eit lovbrotn vart betrakta som eit brot på denne, og ikkje på herskarens status. Makta til å straffe kunne ikkje lenger vere kopla opp til enkeltpersonar, men til samfunnet i sin heilskap. Alle lovbrotn måtte straffast, og koplinga mellom det enkelte lovbrotn og den følgjande straffa måtte vere absolutt, og slik framstå som naturleg. Det var førestillinga om at eit lovbrotn med sikkerheit ville bli straffa som no skulle verke avskreckandes.<sup>16</sup> ”Å underkue kroppen ved å kontrollere ideene, og analysere forestillingene, var langt mer effektivt enn torturens rituelle anatomi”.<sup>17</sup>

Det faktum at det var innesperring som skulle bli den primære sanksjonen mot lovbrotn, var ifølgje Foucault likevel ikkje ei gitt utvikling. Fengsling var i seg sjølv ikkje eit nytt fenomen, men det hadde ei svært avgrensa rolle innanfor straffepraksisen. ”*Ved fengsling sikrer man seg en person, man straffer dem ikke*”.<sup>18</sup> Fleire av opplysningsstidas reformforkjemparar var òg

---

<sup>14</sup> Foucault, 2001:11.

<sup>15</sup> Ibid: 46-47.

<sup>16</sup> Ibid: 69-84.

<sup>17</sup> Ibid: 95.

<sup>18</sup> Ibid: 109.

oppteken av at kvar enkelt lovbytar måtte vurderast individuelt, og at straffene skulle variere ut ifrå lovbytarens natur og lovbrots art. I tillegg burde avstraffinga skje i offentlegheit, slik at førestillinga om lovbroten og den unngåelege følgjande straffa vart styrka.<sup>19</sup> Korleis kunne då den uniforme og tilbaketrekte fengselsstraffa bli norma?

Foucault hevdar at dette har sin bakgrunn i det disiplinerande samfunnets framvekst. Innanfor skulevesenet og fabrikkane byrja ein på 1700-talet å bli meir oppteken av inndeling, rangering og kontroll. Det handla om å ha oversikt, å kunne vurdere den enkeltes prestasjonar.

Arbeidaren og eleven vart utskild frå massen, og dermed eit mål for disiplinens makt.<sup>20</sup>

Kjensla av å alltid bli observert, vurdert, rangert og samanlikna med andre skulle få kvar enkelt til å yte sitt beste. Disiplinen vart ein ny maktteknikk, som medlemmane i samfunnet sjølv bidrog til å halde oppe. Foucault hevdar at opprettinga av fengselsinstitusjonen enkelt og greitt kan sjåast som disiplinens kolonisering av rettsapparatet. *"Hvorfor skulle ikke fengselet umiddelbart godtas? For ved å innesperre de innsatte, omdressere dem og gjøre dem føyelige, iverksetter jo fengslet- riktig nok en smule skjerpet- bare de virkemidler som finnes overalt i samfunnet forøvrig".<sup>21</sup>*

Fengselet vart med andre ord eit naturleg val, då det avspeglia samfunnets disiplinære natur. Der skulen eller arbeidsplassen hadde feila, kunne fengselet brukast til å innføre den disiplinen som dei innsette mangla. Ifølgje Foucault hadde den strafferetslege endringa lite med humanisme å gjere, det handla heller om å straffe betre. Straffas form var no ikkje fyrst og fremst meint å verka avskreckande, men å forbete lovbytaren slik at han kunne bli eit føyeleg medlem av det disiplinerande samfunn.

Foucault sin teori har òg motteke kritikk i ettertid. Foucault hevdar mellom anna at enkelte endringar innanfor lovverket mot slutten av 1700-talet bar preg av at ein disiplineringsideologi byrja gjere seg gjeldande innanfor strafferetten, men han gir ikkje nokon konkrete døme som viser at dette faktisk var tilfelle.<sup>22</sup> Tidsavgrensinga til Foucault har det òg blitt stilt spørsmål kring. Foucault hevdar at straffepraksisen i vest-Europa endra seg nokså brått i løpet av perioden 1750-1820, men ifølgje historikaren Pieter Spierenburg er dette ikkje korrekt. Han hevdar at overgangen frå kroppslege avstraffingsmetodar til institusjonell innesperring var ein prosess som byrja allereie ved inngangen til 1600-talet, og at ein difor

---

<sup>19</sup> Foucault, 2001: 105.

<sup>20</sup> Ibid: 132-134.

<sup>21</sup> Ibid: 207.

<sup>22</sup> Garland, 1990:158.

ikkje kan snakke om ein brå overgang mellom to ulike strafferegimer.<sup>23</sup> Fleire andre historikarar har òg påpeika at fengsling vart teke i bruk som straff allereie ved byrjinga av 1700-talet, og at framveksten av vår moderne fengselsinstitusjon dermed har eldre røter enn Foucault gir inntrykk av.<sup>24</sup>

### 1.2.3. Statsmakt og følsemد

I 1984 gav historikaren Pieter Spierenburg ut boka *"The Spectacle of suffering"*. I motsetnad til teoriane til Rusche og Kircheimer og Foucault, hevdar Spierenburg at endringane innanfor straffepraksisen i vest-Europa kan forklarast ut ifrå endringar innanfor statens makt og ei utvikling innanfor folkets følsemد.<sup>25</sup> Teorien baserar seg på ei mikrostudie av straffepraksisen i Amsterdam i tidsrommet 1650-1750, men Spierenburg gir òg enkelte døme frå andre land for å vise at teorien samsvarar med utviklinga innanfor straffepraksisen i andre vesteuropeiske land på 1600- og 1700-talet.

Ifølgje Spierenburg var dei offentlege kroppslege avstraffingsmetodane i vest-Europa på 1500-talet eit uttrykk for at statsmaka var svak. Styresmaktene såg seg difor nøydt til å ta i bruk sterke visuelle verkemiddel i form av avrettingar og lemlestingar utelukkande for å understreke sin posisjon overfor folket. Ein levde òg i eit brutal samfunn, der vald prega både bybiletet og folkets haldningar, og dei strenge straffene vart difor ikkje oppfatta som verken vulgære eller forkastelege. Folk frå alle klasselag samla seg ved skafotta for å sjå rettferda skje fyllest, og avstraffingane utspelte seg nærmast som underhaldning.<sup>26</sup>

Spierenburg hevdar at dette byrja endre seg på 1600-talet, då straff i form av lemlesting frå no av vart teke mindre i bruk enn tidlegare. Sjølv om dei andre formene for pinsler heldt fram, var dette det fyrste steget mot ein gradvis nedgang i bruken av fysiske og offentlege straffer.<sup>27</sup> Årsaka til at lemlesting frå no av vart teke mindre i bruk, var mellom anna at staten sitt valdsmonopol var sikra, folket godtok at det var styresmaktene som hadde einerett til å straffe lovbrot. Ifølgje Spierenburg opna dette opp for at ei ny form for følsemد kunne byrja gjere seg gjeldande blant eliten, då deira tilstadeværing ved skafottet som representantar for øvrigheita ikkje lenger var like naudsynt. Eliten viste utover 1600-talet mindre interesse for å oververe avstraffingane, og nye normer for kultivert åtferd vart utvikla. Skafottets

---

<sup>23</sup> Spierenburg, 1984:76-77.

<sup>24</sup> Garland, 1990:158.

<sup>25</sup> Teorien er i stor grad bygd på Norbert Elias sitt verk *"The Civilizing Process"* (1939).

<sup>26</sup> Spierenburg, 1984:12 og 55-57.

<sup>27</sup> Ibid:76-77.

demonstrasjon av vald vart no stempla som noko berre dei usiviliserte kunne finne glede i, det vil sei dei lågare klassene.<sup>28</sup>

I løpet av 1700-talet spreidde desse negative haldningane kring dei offentlege straffene seg òg til dei lågare lag av befolkninga, og ifølgje Spierenburg er det dette som er hovudårsaka til at institusjonell innesperring gradvis vann fram som sanksjon, ei utvikling som ifølgje han er særskilt merkbar etter 1770. Lovbrytarar måtte framleis straffast, men det var ikkje naudsynt at avstraffinga fann stad i det offentlege rom. Opplysningstidas krav om reform innanfor strafferetten storma med andre ord opne dører, då ei kritisk haldning mot den gamle straffepraksisen hadde bygd seg opp over lengre tid.<sup>29</sup> Det skulle likevel ta enno hundre år før dei offentlege pinslene vart totalt forbode, då staten først måtte bli sterk nok til å klare seg utan desse skrekvensens eksempel. Med etableringa av nasjonalstaten var ifølgje Spierenburg dette målet nådd. Dei gamle straffene hadde vore viktige for å understreke styresmaktenes posisjon ovanfor folket, då deira leiarstilling enno ikkje vart teke for gitt. Nasjonalstaten hadde eit sikrare grunnlag, og kunne dermed trekke avstraffinga ut av offentlegheita og inn bak fengselsmurane for godt.<sup>30</sup>

Spierenburg si tese har òg blitt kritisert i ettertid. Mellom anna har det blitt hevdat at teorien ikkje gjer god nok greie for koplinga mellom ei meir stabil statsform og framveksten av ei kritisk haldning til dei offentlege avstraffingsmetodane.<sup>31</sup> Spierenburg har òg fått kritikk for å i overvegande grad ha basert seg på kjeldemateriale frå Amsterdam. Ei slik mikrostudie gir ikkje nødvendigvis grunnlag til å kunne trekkje generelle konklusjonar kring straffepraksisen i heile vest-Europa, men dette er ei svakheit som òg Spierenburg sjølv påpeikar.<sup>32</sup>

Som vi ser har alle teoriane i ettertid motteke kritikk, mellom anna på bakgrunn av undersøkinganes avgrensingar og kjeldeutval.<sup>33</sup> Kritikken står likevel ikkje i vegen for at teorianes ulike konklusjonar påpeikar interessante moment som må takast med i ei vurdering av årsakene til straffenes skiftandes former, og dei er difor sentrale bidrag til all forsking som omhandlar kriminalitet og straff.

---

<sup>28</sup> Spierenburg, 1984:196.

<sup>29</sup> Ibid:204.

<sup>30</sup> Ibid:201.

<sup>31</sup> Glenn, 1987:639.

<sup>32</sup> Ibid:640.

<sup>33</sup> Sjå Garland, 1990.

### **1.3.Forskningshistorikk**

I Noreg hadde ein i andre halvdel av 1700-talet to ulike typar straffanstalar, festningsslaveria og tukthusa.<sup>34</sup> Tukthusa var først og fremst ein del av fattigvesenet, og utgjorde eit sentralt reiskap i styresmaktenes forsøk på å skilje ut kven som skulle defineraast som såkalla verdige og uverdige fattige. Uverdige fattige, det vil seie arbeidsføre folk som flakka omkring i landet og livnærte seg av tigging, samt tenestefolk som ikkje ville binde seg i teneste, utgjorde primærgruppene for innsetjing.<sup>35</sup> Tukthusa fungerte òg frå byrjinga av som straffanstalar for kvinnelege delinkventar, og kan difor gjerne defineraast som ei blanding mellom tvangs- og straffarbeidsanstalt. Dei norske festningsslaveria vart formelt oppretta ved kongeleg forordning av 27.november 1739.<sup>36</sup> I motsetnad til tukthusa var dette reine straffarbeidsanstalar med eit utelukkande mannleg klientell. Festningsslaveria og tukthusa var i drift til langt ut på 1800-talet, og det kjeldematerialet desse anstaltane har etterlate seg er difor av stor verdi for dei som ynskjer å studere samanhengen mellom lovbro og straff i Noreg i det 18. og 19.århundret. Kva føreligg så av tidlegare forsking kring dei norske straffanstaltane?

Anders Daae og Marit Slyngstad har undersøkt bakgrunnen til opprettinga av tukhuset i Kristiania i 1741, samt årsak til innsetjing.<sup>37</sup> Daae gjer greie for klientellet ved anstalten kvart femte år i tidsperioden 1742-1810, medan Slyngstad gir ei meir detaljert framstilling av innsetjingsårsaker for periodane 1741-45 og 1758-62. Ellen Sofie Sevaldrud har skrive ei oppgåve som omhandlar drivkraftene bak opprettinga av tukhuset i Kristiania, medan Arvid Evjen Andersen har sett nærmare på dei ulydige borna som vart sperra inne på den same anstalten, og vidare korleis forholdet mellom staten og hushaldet arta seg i forhold til hustukta.<sup>38</sup> Caroline Elise Hals har skrive om innsetjingar basert på seksuelle lovbro ved Kristiania tukthus for periodane 1775-1779 og 1795-1799. Aina Basso har skrive om blodskamsaker i tilknyting til dei innsette ved tukhuset i Trondheim i perioden 1729-42, medan Anne Lise Røstad Fossum har teke føre seg kvinnene på tukhuset i Trondheim i periodane 1745-50 og 1810-15.<sup>39</sup>

---

<sup>34</sup> Ein hadde òg mindre arrestkjellarar, men eg vil ikkje definere desse som straffanstalar.

<sup>35</sup> Sjå Slyngstad, 1994:59-60.

<sup>36</sup> Kongeleg forordning 27.11.1739. (Kong Christian den Siettes [...]).

<sup>37</sup> Sjå Slyngstad, 1994, og Daae, 1908.

<sup>38</sup> Sevaldrud, 2001 og Andersen 2005.

<sup>39</sup> Basso 2005 og Fossum 2007.

Torhild Meyer Wald-Jacobsen har med utgangspunkt i tukthuset i Bergen undersøkt styresmaktene si skiftandes haldning til denne anstaltypen. Ved opprettinga av tukthuset i 1744 vart anstalten beskrive som ”*et anseeligt og herligt Middel*” i den storstilte omorganiseringa av fattigvesenet i Noreg. Nærare 100 år seinare, då det i 1837 vart nedsett ein kommisjon for å revidere dei ulike straffanstaltane her til lands, vart tukthuset derimot beskrive som ein forverringsanstalt som forderva dei innsette.<sup>40</sup> Wald-Jacobsen ynskja å svare på om anstalten verkeleg hadde endra seg så mykje i løpet av perioden, eller om det heller var innstillinga til det eldre anstaltsystemet som hadde endra seg. Oppgåva er difor hovudsakleg sentrert kring kva grupperingar som ifølgje fundasen ved oppstarten i 1744 skulle innsetjast på tukthuset, samt ein nærgåande studie av dei innsette ved anstalten i perioden 1835-40. Ifølgje Wald-Jacobsen vart tukthuset utsett for ein forholdsvis uheimla kritikk av kommisjonen, då klientellet ved anstalten ikkje kan seiast å ha endra seg noko nemneverdig i den aktuelle perioden. Det var med andre ord heller synet på det etablerte anstaltsystemet som hadde gjennomgått ei endring i løpet av dei 100 åra.<sup>41</sup>

Når det gjeld festningsslaveria, har litteraturforskaren Yngvar Ustvedt gitt ut ei bok om slavane på Akershus festning, og merkeleg nok er dette det einaste arbeidet som føreligg om den største straffarbeidsanstalten som fantes i Noreg på 1700- og 1800-talet. Boka ber preg av å høyre heime innanfor den meir populærvitskaplege sjangeren, og er langt ifrå noko djuptgåande forskingsprosjekt. Ustvedt greiar kort ut om festninga og det tilhøyrande fengslet si utvikling frå mellomalderen av og fram til nedlegginga i 1950.<sup>42</sup> Han sper på denne historia med anekdotar og forteljingar om ulike enkeltskjebnar som i løpet av åras løp vart sperra inne på anstalten, og til tross for at boka utgjer ei underhaldandes lesaroppleving, kan den ikkje seiast å kunne bidra med noko sentralt til forskingsfronten kring dei norske straffanstaltane.

Historikaren Kjeld Bugge gav i 1969 ut ei bok som omhandlar fullbyrdinga av fridomsstraff i det 18.århundre. Bugge ynskja å undersøkje i kva grad fengsels- og arbeidsstraffa vart teke i bruk i andre halvdel av 1700-talet, og har studert talet på innsetjingar ved arresten, tukthuset og slaveriet i Trondheim i denne perioden.

Det som kjem til uttrykk ved ein gjennomgang av forskingshistorikken kring dei norske straffanstaltane i andre halvdel av 1700-talet, er at det fyrst og fremst er tukthusa som har blitt

---

<sup>40</sup> Wald-Jacobsen, 2007: 2-5.

<sup>41</sup> Ibid: 116-130.

<sup>42</sup> Ustvedt, 1999:240.

via merksemد. Det finnes ingen større avhandlingar som utelukkande har fokusert på festningsslaveria.

Når det gjeld forskingshistorikken kring den meir generelle straffepraksisen i Danmark-Noreg på 1700-talet, er det særskilt avhandlingane til dei danske historikarane Tyge Krogh, Tage Holmboe og Frederik Stuckenbergs som er sentrale. Tyge Krogh har undersøkt bruken av korporlege straffer og avrettingar i Danmark-Noreg i perioden 1683-1770. Med utgangspunkt i straffesaker førelagt domstolane i Sjællandsfar landstinge virkeområde i perioden 1719-56, samt straffesaker lagt fram for det teologiske og det juridiske fakultet og Högsterett i perioden 1683-1770, ynskja han å undersøkje om det førekomm endringar innanfor samfunnslitens haldning til lovverket og straffene.<sup>43</sup> Tage Holmboe har undersøkt Högsteretts innverknad på endringar innanfor straffepraksisen gjennom 1700-talet, medan Frederik Stuckenbergs har utarbeidd ei historisk skildring av fengselsvesenet i Danmark for perioden 1566-1840.<sup>44</sup> Når det gjeld dei norske rettsinstansane, har mellom anna historikaren Torleif Hansen undersøkt Bergen lagtings rolle som straffedomstol i appellsaker i perioden 1702-1737.<sup>45</sup> Arnstein Tystad har undersøkt den same rettsinstansens virke i andre halvdel av 1700-talet, der han ynskja å undersøkje korleis lagtinget handsama straffesaker som var idømd dødsstraff av dei lågare rettsinstansane i Noreg.<sup>46</sup>

#### **1.4. Problemstillingar og avgrensingar**

I denne oppgåva ynskjer eg å undersøkje bruken av festningslaveri som straffesanksjon i Noreg i andre halvdel av 1700-talet. I motsetnad til Bugge, som undersøkte i kva grad fridomsstraff vart teke i bruk i andre halvdel av 1700-talet, ynskjer eg å gå nærmare inn på den praktiske bruken av denne straffanstalttypen. Analysen vil ta utgangspunkt i slaveriet ved Bergenhus festning, då det her føreligg fangeprotokollar for perioden 1766-1810.

Korleis vart slaveriet i Bergen teke i bruk i tidsrommet mellom 1766-1810, det vil seie kva lovbro var det som utgjorde årsak til innsetjing? Går innsetjingsårsakene overeins med lovverket? Ser ein ei endring av fangebeleggets karakter i løpet av perioden som peikar i retning av at straffepraksisen endra seg? Korleis fortona straffelengdene seg for dei ulike lovbrota, og korleis vart dei innsette behandla? Ved å undersøkje korleis styresmaktene tok i

---

<sup>43</sup> Krogh, 2000:31.

<sup>44</sup> Holmboe, 1961 og Stuckenbergs, 1893-1896.

<sup>45</sup> Hansen, 1993.

<sup>46</sup> Tystad, 2007.

bruk slaveria, vil eg òg drøfte mine funn opp mot dei tre årsaksforklaringane som vart presentert ovanfor.

Som tidlegare nemnd gav historikaren Kjeld Bugge i 1969 ut ei bok om fullbyrdinga av fridomsstraff i Noreg i det 18.århundre. Med utgangspunkt i fangeprotokollane etter rådstuearresten, tukthuset og slaveriet i Trondheim, ynskja å undersøkje i kva grad fengsels- og arbeidsstraffa vart teke i bruk i andre halvdel av 1700-talet. Når det gjeld slaveriet omhandlar analysen til Bugge i hovudsak tidsrommet mellom 1764 og 1814, og han har til dømes sett nærmare på kva som har blitt oppgitt som innsetjingsårsak for slavane samt fangebeleggets utvikling ved anstalten i løpet av perioden. Tidsrommet og nokon av momenta kring analysen samanfell slik sett med mitt eige utgangspunkt for slaveriet i Bergen, og vil difor vere eit verdifullt samanlikningsgrunnlag for å vurdere om fangebehandlinga og bruken av dei to straffanstaltane verkar å gå overeins eller om dei skil seg ifrå kvarandre.

Det føreligg dessverre ikkje domsakter kring dei innsette på slaveriet, og eg har vore nøydt til å avgrense meg frå å leite desse fram i arkiva. Dette har si årsak i at ei straffesak kunne bli anka vidare til fleire rettsinstansar før ein endeleg dom førelåg, og eit slikt sok ville difor vere særskilt tidkrevjande. Eg har òg avgrensa meg frå å gå nærmare inn på dei spesifikke rettsforholda som omhandla militært personell, det er det sivile lovverket som vil bli behandla her.

## 1.5. Kva er straff?

Kva er straff? Noko einsarta svar på dette spørsmålet kan det vere vanskeleg å finne, då straff kan ta mange former og tene ulike motiv. Straff opererer i fleire sfærar og på ulike nivå, men i denne oppgåva er det fyrst og fremst bruken av straff som reaksjon på kriminell åtferd eg er oppteken av. Idéhistorikaren Espen Schaanning har definert omgrepet slik;

*”Straff er en tilsiktet påføring av et onde som reaksjon på at man har brutt en norm”*.<sup>47</sup>

Ei norm er kort sagt ein anerkjend regel som medlemmane innanfor ei gruppe har blitt einige om, ei rettesnor for kva som blir betrakta som god og høveleg åtferd. Fleire av desse normene tek form av offentlege lover, der straff blir eit viktig element for å hindre at enkelte innanfor samfunnet bryt med den fastsette praksisen. Men straffas grunngjevingar stikk òg djupare enn dette.

---

<sup>47</sup> Espen Schaanning, 2002:7.

Straff har blitt teke i bruk som ein demonstrasjon av makt, som hemn eller gjengjelding, som eit avskrekkandes element, eller som eit forbetrandes verkemiddel. Juristen og kriminologen Ragnar Hauge hevdar straff som rettsleg sanksjon fyrst og fremst er basert på to hovudprinsipp; det *førebyggjande* og det *gjengeldande* element.<sup>48</sup>

Straff som førebyggjande verkemiddel betyr i korte ord at konsekvensane av å utføre eit lovbrot skal vere såpass alvorlege at ein avstår frå å bryte samfunnets etablerte reglar. Her kan ein vidare skilje mellom det *allmennpreventive* og det *individualpreventive*, sjølv om desse som regel heng nært saman. Straff som allmennpreventiv tek sikte på å hindre potensielle kriminelle i å utføre lovbrot, enten gjennom avskrekking eller gjennom å skape ein forbindelse mellom lovene og dei moralske verdiane i samfunnet. Straff som individualpreventivt fokuserar meir på lovbrytaren, som skal oppleve følgjene av sine handlingar som såpass alvorlege at han avstår frå ulovleg åtferd i framtida.<sup>49</sup>

Straff som gjengjelding fokuserar ikkje i same grad på å førebyggje framtidige lovbrot. Her er ein heller oppteken av at dei som har blitt krenka skal få sin hemn, enten dette er enkelpersonar eller samfunnet i sin heilskap. Straffa skal med andre ord gjenopprette rettferdigheita, ”*uten hensyn til om straffen virker til å forhindre fremtidig kriminalitet eller ikke*”.<sup>50</sup> Den eldre straffepraksisen var i hovudsak bygd på gjengeldingsperspektivet, som kan seiast å gå heilt tilbake til Moselova; auge for auge, tann for tann. Men dei offentlege avstraffingane hadde òg ein sentral allmennpreventiv funksjon, tilskodarane skulle med sine eigne auge sjå kva som venta den som braut lovene.<sup>51</sup> Ein kan seie at overgangen frå offentlege kroppslege avstraffingar til institusjonell innesperring kan betraktast som ei forskyving av straffas grunngjeving. Det var ikkje lenger gjengeldingstanken som rådde, men straffas førebyggjande element.

## 1.6. Kjelder

Hovudkjelda til denne undersøkinga er fangeprotokollen til slaveriet ved Bergenhus festning. Denne har tidlegare blitt transkribert, og vart i 1998 lagt ut på digitalarkivet sine nettsider. Tittelen på protokollen oppgir tidsrommet 1767-1810, men den fyrste innføringa er frå februar 1766. I alt er det oppført 385 innsetjingar, der den siste førekjem 20.september 1810.

---

<sup>48</sup> Hauge, 1996: 18-21.

<sup>49</sup> Hauge, 1996:18-21.

<sup>50</sup> Ibid.

<sup>51</sup> Ibid.

Fangeprotokollen inneholder eigne rubrikkar for føre- og etternamn på dei innsette, fødestad, alder, dato for innsetjing og lauslating, samt merknad og utfyllande. Det er i dei to sistnemnde rubrikkane at innsetjingsårsaka blir oppgitt, og her finn ein òg notat kring yrke, røming, dødsfall, benådning og sivilstand. Protokollen vil bli omtala som bghslave i kjeldeanvisingane.

Det førekjem eit tidsmessig tomrom i protokollen. I åra 1793 og 1794 er det ikkje notert nokon innsetjingar. Dette kan ha si forklaring i at ingen vart sett inn på anstalten desse to åra, men det kan òg vere at dette kjeldematerialet har gått tapt. Protokollen er òg tidvis prega av manglar, i 99 tilfelle er det til dømes ikkje oppgitt kva som var årsak til innsetjing. Dette er særskilt utbreidd i den tidlege perioden, i tidsrommet 1766-1773 manglar denne opplysninga i heile 42 av 83 saker. Ved å gå igjennom diverse arkivmateriale knytt til festninga har eg likevel klart å finne innsetjingsårsaka til 24 av desse. Detaljar om kven av fangane dette er, samt kjeldeanvising, er å finne i vedlegg I.

Slaveriet i Bergen har ikkje eit eige utskilt arkivmateriale for andre halvdel av 1700-talet. Eg har difor gått igjennom ulike delar av arkivet som tilhører kommandantskapet på Bergenhus festning, mellom anna innkomne kongebrev frå perioden 1682-1765, og brev frå det kongelege generalitets- og kommissariatskollegiet i Kristiania for perioden 1768-1815. Dette kollegiet hadde det overordna ansvaret for slaveria. Eg har òg sett på utgåande brev, eller kopibøker, frå korrespondansen mellom kommandanten og det kongelege generalitets- og kommisariatskollegiet for periodane 1777-1786, 1792-1802 og 1803-1812. I arkivet etter generalauditøren har eg òg gått igjennom justissaker frå festninga for perioden 1727-1809. Alle desse er lagra på Statsarkivet i Bergen. På Riksarkivet har eg sett på arkivet etter det kongelege generalitets-og kommisariatskollegiet. I jakta på innsetjingsårsaker har eg gått igjennom pakkar som omhandlar saker frå Bergenhus festning i perioden 1768-1777. Eg ynskja òg å undersøkje i kva grad Bergenhus festning husa fangar tidleg på 1700-talet, og har difor gått igjennom saker som omhandlar festninga i statthaldararkivet for perioden 1720-1737. Eit enno meir utfyllande søk i arkiva skulle gjerne vore gjort, men eg har måtte avgrense dette på bakgrunn av tid.

Eit anna sentralt materiale som vil bli mykje brukt i denne oppgåva er normative kjelder. Kapittel 6 i Christian den femtes norske lov frå 1687 utgjorde grunnlaget for strafferetten i Noreg gjennom heile 1700-talet, men denne vart òg gjennomgåande supplert med kongelege forordningar og reskript. Eg har difor gjennomført både digitale og manuelle søk i fleire ulike

forordningssamlingar for å gjere greie for endringar innanfor lovverket som særskilt vedgjekk slaveristraffa.

Når det gjeld skildringar av leveforholda til dei innsette på slaveria, er Straffanstaltkommisjonen si innstilling frå 1841 sentral. Dette er først og fremst ei utgreiing av forholda ved dei norske straffanstaltane i perioden 1820-1737, men eg vil likevel hevde at generelle opplysningar om arbeidsoppgåver og liknande òg kan seiast å vere gyldig for perioden før dette.

## **1.7. Oppgåvas oppbygnad**

I kapittel 2 vil eg ved hjelp av tidlegare forsking gjere greie for slaveristraffas oppkomst og framvekst i Danmark-Noreg i perioden 1566-1766. I kapittel 3 vil eg med utgangspunkt i fangeprotokollen gjennomføre ei nærmare studie av fangebeleggets utvikling ved slaverianstalten i Bergen. Eg vil òg undersøkje kvar fangane kom ifrå, kva yrkesbakgrunn dei hadde, samt kor gamle dei var. Vidare vil eg sjå kva lovbroten dei var sett inn for, og sjå dette opp mot lovverket. I kapittel 4 vil eg studere korleis dei ulike lovbrota vart straffa. NL frå 1687 samt seinare kongelege forordningar gav i mange tilfelle ikkje noko tidslengde kring bruken av arbeid i jern som straff. Det vart gjerne oppgitt at det skulle idømmast livstid, eller det noko diffuse ”*etter sagens eller misgierningens beskaffenhet*”. Sidan eg ikkje har tilgang på domsaktene, kan eg ikkje svare på kva tidslengde som var idømd. Med utgangspunkt i dato for innsetjing- og lauslating, vil kapittel 4 vil difor vere ei analyse av kva tidslengde som vart sona for dei ulike lovbrota. Eit unntak her er likevel innsetjing på livstid, då dette er notert i protokollen. Skjebnen til dei livstidsinnsette vil bli nærmare omtala i kapittel 5. Kapittel 5 vil ta føre seg leveforholda til dei innsette ved anstalten, og eg vil mellom anna undersøkje kor mange som døde medan dei gjekk lenkja i jern på Bergenhus. Eg vil òg sjå nærmare på sikkerheitsforholda ved anstalten, og gjere greie for kor mange som rømde. Benådning i form av nedkorting av straffas lengde vil òg bli omtala her. Var dette ein utbreidd praksis, eller var dette førebehaldt eit fåtal? I kapittel 6 vil eg sjå funna mine opp mot teoriane presentert ovanfor, og konkludere i kva grad bruken av festningsslaveri var eit uttrykk for økonomisk tankegang, disiplinering, eller sivilisering.



## **Kapittel 2. Frå Bremerholm til Bergenhus festning. Slaveristraffas framvekst og utvikling i Danmark-Noreg i perioden 1566-1766**

### **2.1. Innleiing**

I dette kapitlet skal eg i hovudsak ta føre meg framveksten og utviklinga av slaveri som straff i Danmark-Noreg i perioden 1566-1766. Ifølgje den danske fengselshistorikaren Frederik Stuckenbergs, byrja ein å ta i bruk tvungen arbeidskraft ved kongens orlogsverft i København så tidleg som kring midten av 1500-talet, ein praksis som vaks seg sterkare dei neste hundreåra.<sup>52</sup> I fyrste omgang skal eg sjå nærmare på kva som blir lagt til grunn for at styresmaktene byrja ta i bruk denne forma for straff i andre halvdel av 1500-talet, og deretter korleis ”Arbejde i Jern” gradvis vart innlemma i det danske og norske lovverket på 1600-talet. I perioden 1566-1739 var det kongens orlogsverft i København som var hovuddestinasjonen for mannlege delinkventar som vart dømde til slaveri, og det vil difor vere naturleg å kort skissere forholda ved denne anstalten før eg rettar søkjelyset mot Noreg. Som tidlegare nemnd vart dei norske festningsslaveria formelt oppretta ved kongeleg forordning 27.november 1739, men innebar eigentleg denne forordninga ei nyordning for bruken av dei norske festningane, eller var det heller ei stadfesting av tidlegare praksis? I dei følgjande kapitla vil hovudfokuset ligge på tidsrommet 1766-1810, då det for denne perioden føreligg detaljerte fangeprotokollar kring dei innsette på slaveriet i Bergen. Det vil difor vere interessant og undersøkje kva som er mogleg å finne ut om straffanstalten ved Bergenhus festning i perioden før dette, med andre ord frå forordninga av 1739 og fram til fangeprotokollanes start i 1766.

### **2.2. Slaveriets oppkomst i Danmark-Noreg**

I åra 1893-1896 gav dansken Frederik Stuckenbergs ut eit tobindsverk som omhandlar fengelsesvesenets utvikling i Danmark i perioden 1550-1839. Verket må seiast å vere resultatet av eit særskilt grundig kjeldearbeid, og er unikt i den forstand at Stuckenbergs med stor detalj tek føre seg straffarbeidets framvekst og utvikling innanfor det dansk-norske riket. Det er òg det einaste djuptgående studiet av straffarbeidets spede start i Danmark, og innehar difor ei særegen stilling som referanse til all seinare forsking kring emnet.

---

<sup>52</sup> Stuckenbergs, 1893:15.

Ifølgje Stuckenbergs kan slaveriets oppkomst i Danmark-Noreg daterast til 1566, då kongen dette året beordra å få tilsendt eit visst tal mannlege lausgjengarar frå Sjælland til hans orlogsverft i København, betre kjend som Bremerholm. Denne avgjersla vart følgt opp med fleire liknandes forordningar dei neste tiåra, der det òg vart spesifisert at dei som vart skikka til verftet for å arbeide skulle slåast i jern ved framkomst.<sup>53</sup> ”*Lausgjengarar*” var eit omgrep som ein brukte om arbeidsføre personar som unngjekk å knyte seg i fast teneste, og heller livnærte seg ved å leige seg sjølv ut som daglønnarar eller ved å tigge til livets opphold. Slike personar kunne utgjere ein potensiell sikkerheitstrugsel, då ein ikkje hadde kontroll på kvar dei var eller kva dei gjorde. I tillegg innebar levesettet deira at dei i harde tider kunne bli freista til å ty til tjuveri, noko som gjorde at både allmogen og styremaktene var alt anna enn begeistra for denne grupperinga. At kongen difor vedtok å sette fleire av desse lausgjengarane i arbeid på Bremerholm er difor ikkje merkverdig, men kva var årsaka til at avgjersla om dette kom i andre halvdel av 1500-talet?

### **2.2.1. Reformasjonen- spiren til slaveriets oppkomst?**

Ifølgje Stuckenbergs må tidspunktet for slaveristraffas oppkomst sjåast i lys av reformasjonens innføring i Danmark-Noreg i 1536, då dette innebar store samfunnsmessige endringar på fleire plan. Den katolske kyrkja hadde lenge ført eit stramt tilsyn med allmogens levesett, og religionen var slik sett tett bunden til folkets kvardag. Med innføringa av protestantismen vart så fleire av dei gamle religiøse førestillingane brått rive opp med rota, noko som svekka den ærefrykta folket hadde hatt til kyrkja.<sup>54</sup> Vidare innebar reformasjonen store endringar for den fattige delen av befolkninga, då kongen no utnemnde seg sjølv til kyrkjas leiar. Kyrkjegodset kom dermed under hans kontroll, og dei katolske klostera vart nedlagt og eigedomane konfiskert av krona. Desse klostera hadde lenge vore ein av dei viktigaste økonomiske støttespelarane til dei lågare stilte i samfunnet, og hadde òg utgjort ein mogleg karriereveg for desse. Med avvisinga av skjærselen minska òg allmogens almisseeiver både ovanfor kyrkja og dei fattige, noko som skapte ein særskilt vanskeleg økonomisk situasjon for dei sistnemnde. Ifølgje Stuckenbergs førte desse endringane samla sett til eit moralsk forfall, der kriminalitet i form av tjuveri samt ei massiv auke i tigging byrja tynge samfunnet.<sup>55</sup>

---

<sup>53</sup> Stuckenbergs, 1893:11-15.

<sup>54</sup> Stuckenbergs, 1893:11-15.

<sup>55</sup> Stuckenbergs, 1893:12-13.

## 2.2.2. Lediggang- rota til alt vondt

Sidan kongen no var øvste leiar for kyrkja, gjekk det økonomiske ansvaret for dei fattige i praksis frå kyrkja til det offentlege. Den store mengda med tiggarar som samla seg både i byane og på landsbygda utgjorde eit uromoment som styresmaktene måtte kome til livs, og ein utarbeidde difor retningslinjer kring kven som skulle ha rett til å livnære seg på denne måten og ikkje. Dei *uverdige* fattige skulle med andre ord skiljast ut frå dei *verdige*, ei grense som vart bestemt ut ifrå om den som tigga var i stand til å arbeide eller ikkje. Dette behovet for å skilje mellom verdige og uverdige fattige hadde sjølvsagt sin bakgrunn i økonomiske motiv, men det kan òg koplast opp til reformasjonens førestilling kring viktigheita av å arbeide. Luther presiserte nemleg at det å arbeide var ei heilag plikt, eit kall frå

Gud.”*Deltakelse i verdslike aktiviteter, det å kunne demonstrere dyktighet og engasjement i kallet, ble en moralsk høyverdig virksomhet på linje med andre pålegg som kom fra Gud og kirkens ledere*”.<sup>56</sup>

Dette innebar at å livnære seg av tigging medan ein var i stand til å arbeide vart sett på som moralsk forkasteleg, ein kan seie at frivillig lediggang med andre ord vart betrakta som rota til alt vondt. Sidan ein no var på veg inn i merkantilismens tidsalder var nok dette òg ei haldning som styresmaktene gjerne ville støtte opp om.

Resultatet av det heile var at kongen fastslo at arbeidsføre kvinner og menn som flakka omkring i landet utan å ta seg fast teneste skulle tvingast i arbeid om dei ville eller ikkje.<sup>57</sup> Å få has på desse lausgjengarane var eit ansvar som vart lagt på kvar og ein, men det var nok eit ansvar mange ikkje kunne bere. Den dansknorske kongen opna i 1566 difor opp for at adelen kunne sende mannlege lausgjengrar til Bremerholm verft i København. Dette verftet vart frå no av ”*det almindelige for personer, der skulde trælle og arbejde*”, ein posisjon det skulle vise seg å halde i over 150 år.<sup>58</sup>

## 2.2.3. Kvifor slaveri?

At kongen villig tok imot lausgjengarar hadde nok mellom anna sin bakgrunn i at flåten og verftet i sin heilskap på dette tidspunktet var under utbygging, og behovet for billeg arbeidskraft var difor stort.<sup>59</sup> Økonomiske motiv vog nok difor tungt med tanke på bakgrunnen til slaveriets oppkomst, men ein kan likevel stille spørsmål om kvifor ”Arbejde i

---

<sup>56</sup> Midrè, 1990:25.

<sup>57</sup> Stuckenbergs:14.

<sup>58</sup> Stuckenbergs, 1893:15. I 1605 vart det oppretta eit Børnehus i København, og hit sendte ein blant anna kvinner som vart teke for lausgjengeri. Sjå Slyngstad, 1994:22.

<sup>59</sup> Stuckenbergs, 1893: 23.

Jern” verka å falle som eit særslag naturleg disiplinært reiskap ovanfor lausgjengarane? Ifølgje Stuckenbergs oppfattning har dette si forklaring i den gamle skikken med å halde trælar. I tidlegare tider var det vanleg at lovbytarar kunne bli dømd til å træle i kongens gard, og slaveristraffa kan tolkast som ei vidarefølging av denne praksisen.<sup>60</sup> Ideen om slaveri kan også ha kome frå utlandet. Ifølgje den amerikanske sosiologen Johan Thorsten Sellin, byrja til dømes spanjolane å ta i bruk tvungen arbeidskraft til å ro dei svære galeiane mot slutten av 1300-talet, i Frankrike vart dette ein utbreidd praksis kring midten av 1400-talet.<sup>61</sup>

Med kongens vedtak om at ein skulle ta imot mannlege lausgjengarar på Bremerholm, og vidare at desse skulle slåast i jern, var slaveriet no eit faktum i Danmark-Noreg. Ein kunne på dette tidspunktet likevel ikkje kalte verftet ein straffanstalt, då lausgjengeri formelt sett enno ikkje var heimla som eit direkte lovbro, og slaveriet hadde enno ikkje fått innpass i lovverket som ei offisiell straff. Bruken av ”Arbeide i Jern” i andre halvdel av 1500-talet må difor heller betraktast som *tvangsarbeid*, eit preventivt verkemiddel for å hindre at dei såkalla lausgjengarane tydde til ulovlege verkemiddel for å livnære seg.

### 2.3. Slaveri blir ei offentleg straff

I byrjinga var det altså mannlege lausgjengarar som vart skikka til Bremerhom, men etter som ein nærma seg slutten på 1500-talet vart det etter kvart også vanleg praksis at enkelte lovbytarar enda opp i jern og lenkjer på kongens verft. Dette skjedde likevel noko vilkårleg, då ein formelt sett enno ikkje hadde innlemma slaveristraffa i lovene. Men i denne perioden føregjekk det ei utvikling innanfor synet på kriminalitet og straff, der myndighetene i større grad enn tidlegare tok ansvar for å etterfølgje lovbytarar. I tidlegare tider hadde det vore opp til den fornærma part og syte for at den antekne skuldige vart stilt for retten og fekk si straff, dette innebar at det også var anklagaren som måtte bere dei økonomiske kostnadane som følgde med ei rettssak.”.. og eftersom påtalen principalt var privat, nåede en straffesag aldri til pådømmelse, medmindre den forurettede part fandt det umagen værd (eller overhovedet hadde råd til) at investere i de retsgebyrer og arrestationsomkostninger, der var en forudsætning for, at maskineriet gik i gang”.<sup>62</sup> I fleire tilfelle vart tvistar difor løyst privat, utan noko innblanding frå myndighetene. Ved inngangen til 1600-talet vart derimot ansvaret for å få lovbytarane dømt i større grad overlagt lensherrane, ein fekk med andre ord ei

---

<sup>60</sup> Stuckenbergs, 1893:20 ff.

<sup>61</sup> Sellin, 1976:47-53.

<sup>62</sup> Stevnsborg, 1982-1983:4.

offentleg rettsleg forfølging.<sup>63</sup> Ein kan seie at styresmaktene var i ferd med å etablere eit straffemonopol, noko som utan tvil var eit leidd i styrkinga av kongens posisjon som øvste autoritet.

Når det gjeld slaveriets introduksjon i lovverket, er det verdt å nemne at allereie i 1601 gjekk det ut eit brev til lensherrane om at kongen ynskja at dei av kronas tenarar som vart tekne for ringe eller grovt tjuveri skulle dømmast til Bremerholm framfor å bli dømt til galgen. Kongen tok likevel visse førebehald, då det vart understreka ”*at Lensmandene ikke maa befatte sig med Misdædere, som tilhøre Adelen eller som denne og dens Tjenere lader forfølge*”.<sup>64</sup> Ifølgje den danske historikaren Johannes Steenstrup var dette eit uttrykk for at kongen ikkje ville blande seg inn i adelens rettar og tileigne seg potensiell arbeidskraft som i røynda tilhøyrt dei. Det adelege riksrådet hadde nemleg framleis stor makt, og kongen trådde difor varsamt.<sup>65</sup>

I 1619 gjekk så kongen eit steg vidare når det gjaldt å fremje straffarbeidets rolle innanfor lovgivinga, då det ved forordning datert 16.november same år vart gitt instruksar til lensherrane om å etterfølgje lausgjengarar og få dei dømt til eit visst antal månadar eller år i slaveri, og deretter sende dei til København.<sup>66</sup> Ein kan dermed snakke om ei nykriminalisering av enkelte grupper, då lausgjengeri no formelt vart betrakta som eit lovbro. Det kan nemnast at historikaren Karl-Erik Frandsen har ei interessant tolking av kongens iver etter å få bukt med lausgjengarane utover 1600-talet, då han koplar dette opp mot organiseringa av den danske hæren. I 1614 vart det vedteke at sjølveigande bønder og kongens festebønder til saman skulle stille med 4000 soldatar til kongens hær. Det var vanleg praksis at desse då sendte ein av sine arbeidskarar til militærtjeneste. Når soldaten ikkje var i krigsteneste, skulle han sendast tilbake til garden og arbeide der. Bøndene skulle få trekke av utgiftene i forbindelse med dette på skatten.<sup>67</sup> I 1638 og 1641 vart ordninga utvida, då adelen òg gjekk med på å stille med fotsoldatar. Ifølgje Frandsen var no nærmast alle gardar i Danmark involvert i militærutskrivinga, noko som innebar at dei fleste òg innehadde våpen. ”*En direkte virkning af at der nu kom langt flere våben end tidligere ud i lokalsamfundene kan bl.a. aflæses af de ordrer, der blev udstedt, om at løsgængere og andre kumpaner, som med bøsser og andet gevær løb rundt i landene, skulle straks fanges og sendes i jern på Bremerholm*”.<sup>68</sup>

---

<sup>63</sup> Stuckenborg, 1893:16.

<sup>64</sup> Steenstrup, 1930-1931:435.

<sup>65</sup> Ibid.

<sup>66</sup> Stuckenborg, 1893.

<sup>67</sup> Frandsen, 1995:159-163.

<sup>68</sup> Ibid:170. Frandsen viser blant anna til missive til lensmennene i Skånelandene datert 29.november 1641.

Kongen var med andre ord bekymra for å miste kontrollen over styrkene sine, noko ein òg får inntrykk av i seinare forordningar der det blir fastslått at soldatar som ikkje stiller eller som oppfører seg uanstendig må gripast og sendast til Bremerholm.<sup>69</sup> Slik sett vart trugselen om Bremerholm òg eit viktig disciplinært reiskap ovanfor dei militære styrkane.

Ifølgje Stuckenbergs ynskja styresmaktene å få ned den utbreidde bruken av galgen, og det var difor ein tendens gjennom heile 1600-talet å benåde dødsdømde lovbytarar til arbeid i jern på livstid. Men det låg truleg klare økonomiske motiv bak denne utviklinga. Stuckenbergs viser mellom anna til eit reskript av 2.mars 1664, som fastsette at personar som var dømde til døden for sine misgjerningar, men som var sterke og arbeidsføre, skulle sendast til Bremerholm.<sup>70</sup>

Med tanke på slaveristraffas vidare utbreiing, er det verdt å nemne at 14. mai 1636 vart straffa for ringe tjuveri allment endra frå livsstraff til arbeid i jern.<sup>71</sup> At kongen både i 1601 og i 1636 gjekk inn for å formilde straffa for tjuveri er interessant, då ein på denne tida opplevde ei auke i eigedomslovbrot. I Christian den fjerdes recess frå 1643, blir endringa av tjuveristraffa grunngitt med at den tidlegare sette grensa på når eit tjuveri kvalifiserte til dødsstraff, som var på ein halv mark, no var av mykje ringare verdi enn tidlegare. Eit menneskeliv var atskillig meir verdt enn denne summen, og det skulle difor takast i bruk arbeid i jern framfor dødsstraff.<sup>72</sup> Om dette var eit uttrykk for humanisme eller økonomiske tankegang er uvisst. Men ein ting som i alle fall er sikkert, er at straffarbeid som rettsleg sanksjon no hadde kome for å bli.

### **2.3.1. Slaveristraffas introduksjon i det norske lovverket**

Etter reformasjonen i 1536 var Noreg i all hovudsak eit lydrike under Danmark, men når det gjaldt lovverket var det Magnus Lagabøters Landslov frå 1274 som var gjeldande fram til Christian den fjerdes norske lov vart utgitt i 1604.<sup>73</sup> Denne lova var likevel i hovudsak berre ei oversetjing av den eldre landslova, og introduserte dermed lite nytt når det gjaldt straffepraksisen i Noreg. Til dømes nemnar ikkje lova av 1604 eit einaste lovbro som skulle straffast med ”Arbeide i Jern”, men det er likevel liten tvil om at òg nordmenn vart sendt til kongens verft i København for å træle frå byrjinga av. Forordninga av 16. november 1619,

---

<sup>69</sup> Sjå til dømes forordning til landmilitisen av 5. mai 1653. Nemnd i Frandsen, 1995:172.

<sup>70</sup> Stuckenberg, 1893:29.

<sup>71</sup> Stuckenberg, 1893:18. Med allment meinar eg her at det ikkje berre angjekk kronas tenrarar, slik som forordninga av 25.mars 1601 gjorde.

<sup>72</sup> Christian den fjerdes recess 1643, 1981:298.

<sup>73</sup> Sigurdsson, 2006:138. Sjå elles NL, 1604 på

<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr4web/chr4innhold.html>

som påla lensmennene å strafferettsfølgje såkalla lausgjengarar og skikke dei til Bremerholm, var til dømes òg gjeldande for Noreg.<sup>74</sup> Ei liknande ordre vart gitt i eit brev frå kongen til dei norske lensmennene i 1635, der det vart understreka at alle som ikkje kunne framvise gyldig reisepass skulle straffast som landstrykarar og sendast til tvangsarbeid på Bremerholm.<sup>75</sup> I tillegg var det i hovudsak danskar som innehadde dei høgare stillingane innafor embetsverket i Danmark-Noreg, og ein kan difor tenkje seg at i dei tilfella der det fantes både ei dansk og ei norsk lov vedrørande eit tema, var det gjerne ein tendens til at embetsmennene valde å følgje den danske. Slik sett nærma dansk og norsk lovgiving seg kvarandre gradvis utover 1600-talet.

I 1683 kom ei ny landslov for Danmark, og i 1687 ei ny lov for Noreg. Desse var i stor grad sameinte, særskilt paragrafane som omhandla kriminalitet og straff. Det som mellom anna kom til uttrykk i dei nye lovverka var at arbeid i jern no hadde blitt ein ordinær straffesanksjon overfor fleire lovbroter. Lausgjengeri var sjølvsagt med på lista, men slaveri venta òg til dømes dei som med vitandes vilje skada andre, ektefeller som behandla kvarandre därleg, eller dei som ikkje hadde moglegheit til å betale pådømde bøter.<sup>76</sup> Ifølgje den danske rettshistorikaren Henrik Stevnsborg, er det verdt å merke seg at lovtekstanes tiltakandess fremjing av straff-og tvangsarbeid synast å samanfalla med endringar innanfor produksjonssystemet. *"Det synes som om, at fængsel og indespærring vandt terræng i takt med, at fabriker og manufakturer konsoliderede som produktionsform; at udviklingen i straffepraksis løb parallelt med, at produktionssystemet ændrede karakter og samfundet »kommercialiseredes«".*<sup>77</sup> Lovtekstane i NL av 1687 skal vi kome meir spesifikt tilbake til i dei neste kapitla, då vi òg skal ta fangeprotokollane ved Bergenhus festning nærmare i augesyn.

## 2.4. Slavane på Bremerholm

Bremerholm var som tidlegare nemnd namnet på det kongelege orlogsverftet i København, og dette verftet utgjorde hovuddestinasjonen for menn som vart dømt eller anvist til slaveri i heile perioden 1566-1739. Det fell seg difor naturleg at vi tek ein nærmare kikk på denne institusjonen der slaveristraffa for alvor utvikla seg, før vi kjem nærmare inn på norske forhold og slaveriets vidare utvikling etter 1739.

---

<sup>74</sup> Paus, 1751: 584-589.

<sup>75</sup> Norske Rigsregisterer Bind X, side 414. Nemnd i Sprauten, 1992:224.

<sup>76</sup> Sjå DL, 1683 og NL, 1687: Bok 3 og 6. Mannfolk skulle straffast med arbeid i jern, medan kvinner skulle setjast inn på spinnehuset (anna namn for tukthus).

<sup>77</sup> Stevnsborg, 1982-1983:22-23.

Å bli dømt til å slave på kongens verft vart rekna som ei særslig hard straff, enten dommen gjaldt på nokon år eller på livstid.<sup>78</sup> Ved ankomst vart fangane lagt i tunge jern for å hindre at dei skulle røme, og jernet vart ikkje fjerna før delinkventen hadde sona si straff eller trokke sitt siste andedrag. Ifølgje Stuckenbergs ser jernet likevel ikkje ut til å ha hindra at mange faktisk klarte å røme, eit problem som vi seinare skal sjå òg gjorde seg gjeldande ved Bergenhus festning.<sup>79</sup>

Arbeidsdagen til slavane på Bremerholm var lang og hard, dei vart til dømes satt til å ro dei svære galeiane eller til å dra tømmer.<sup>80</sup> Straffa skulle med andre ord kjennast på kroppen samstundes som myndighetene drog nytte av det arbeidet som vart utført. Slavane vart òg teke i bruk utanfor verftet dersom behovet for arbeidskraft meldte seg. Dette var blant anna tilfellet i 1711, då ein pest ramma København. Ein trengte folk til å gravlegge dei døde, og 17 av slavane vart utvalt med lovnadar om lauslating dersom dei skjøtta seg godt. Etter eit par dagar var det likevel berre 2 av dei som framleis var i live.<sup>81</sup>

Akkurat kor mange som enda opp i jern på Bremerholm i løpet av dei 150 åra straffanstalten ved verftet var i drift er uvisst, men det må ha vore eit betydeleg antal. Oversikt over slavane finnes berre for enkelte år, til dømes sat der i 1622 77 fangar. Ifølgje Stuckenbergs kan ein likevel ikkje legge mykje lit til desse tala, då dei berre gjeld dei fangane som framleis ikkje hadde fått fastsett kor lenge dei skulle gå i jern på kongens verft. I 1642 sat det ifølgje sjøetatens rekneskap 154 personar i jern på Bremerholm, eit tal som kanskje er meir i tråd med røynda.<sup>82</sup>

Ved forordning av 8.mars 1738 vart det vedteke at straffanstalten ved Bremerholm skulle nedleggjast. Årsaka til vedtaket er ikkje kjent, men ei mogleg forklaring kan vere at arbeidskraft trengtest andre stadar. Ei anna årsak kan vere at det var lite økonomisk å frakte enkeltfangar heilt til København. Ved forordning av 27.november 1739, vart det i alle fall vedteke at menn som i framtida vart dømde til slaveri, skulle avleverast til nærmaste festning og sone si tildømte straff der.<sup>83</sup>

---

<sup>78</sup> Kor lenge den enkelte måtte træle i lenker på Bremerholm var lenge òg svært vilkårleg. Forordningane som fastsette slaveri som straff for lausgjengeri og ringe tjuveri nemnde nemleg ingenting om kor lenge den enkelte skulle gå lenkja i jern, noko som gjorde at det i mange tilfelle var opp til kongen kor langvarig straffa skulle vere. Stuckenbergs, 1893:26.

<sup>79</sup> Stuckenbergs, 1893:34-35.

<sup>80</sup> Ibid:31.

<sup>81</sup> Ibid:32.

<sup>82</sup> Ibid:39.

<sup>83</sup> Kongeleg forordning 27.11 1739. Sjå kong Christian den Sjettes [...].

## 2.5. Forordninga av 27.november 1739. Slaveriet kom til Noreg

Ved forordninga av 27.november 1739, var dei norske festningsslaveria formelt oppretta. Ein kan likevel stille spørsmål om denne forordninga faktisk innebar at ein ny praksis vart etablert, eller hadde dei norske festningane husa slavar òg før denne tid?

Stuckenberg skriv til dømes at ”*Frå første færd anbragtes fanger i jern også i fæstningerne, men det skete dog mer undtagelsesvis...*”.<sup>84</sup> ”*I tidens løb bliver denne benyttelse af fæstningerne til fangerne i jern hyppigere, dels vel på grund af trangen til at bruge fangerne der til forskelligt arbejde, dels også på grund af mangel på plads på holmen, vistnok en følge af straffens tiltagnede anvendelse i praxis og den samtidige hyppige anvendelse af den på livstid*”.<sup>85</sup> For dei norske festninganes del kan denne tiltakandes praksisen seiast å bli delvis bekrefta av eit brev frå Fredrik III, datert 8.april 1652, til den norske statthaldaren Gregers Krabbe. Her vert det fastslått at personar som vert tekne for ringe tjuveri ”*..at I dennem, efter at Dom paa dennem er hændt, skal lade arbeide, dog i Jern og god Forvaring, paa Vor Fæstning Akershus, hvorimod dennem skal gives deres daglige Underholdning*”.<sup>86</sup> I reskript til statthaldaren av 28.april 1688, blir det òg nemnd ”*Fangerne, som med Domme frå Landet blive indsendte til at komme i Jern og Arbeide paa Agershus Slot, vorde, efter gammel Skik og Sædvane, der paa Slotte, saasnart de ankomme, annammede og forvarede; og at Vagten der sammesteds haver flittig Indseende med, at dem al Leilighed betages, om Nattetider at undkomme og bortrømme*”.<sup>87</sup>

Om det utelukkande var Akershus festning som husa slavar frå 1600-talet av er uvisst, men det kan nemnast at i eit rekneskap for arbeid som vart utført på Bergenhus festning i 1647 vart det nemnd at ”*..en del fanger, der sat arresteret i Tyvetaarnet..*” deltok i arbeidet.<sup>88</sup> Det kan med andre ord sjå ut til at forordninga av 27.november 1739 var meir ei stadfestning av tidlegare praksis, skjønt den må ha ført til ei utviding av dei allereie etablerte straffanstaltane ved festningane.

## 2.6. Slaverias administrasjon og lokalisering

Ved nedlegginga av Bremerholm gjekk ansvaret for drifta av slaveria i røynda frå sjøetaten til landetaten. Det var no det kongelege generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania som

---

<sup>84</sup> Stuckenberg, 1893:22.

<sup>85</sup> Stuckenberg, 1893:28.

<sup>86</sup> Norske Rigs-Registrarer, bind X:414. Vist til i Sprauten, 1992:254-255.

<sup>87</sup> Reskript 28.4.1688, i Wessel-Berg, 1841:174.

<sup>88</sup> Wahl, 1926:10.

hadde det overordna ansvaret for desse straffanstaltane. Kommandantane på dei respektive festningane skulle halde oversikt over anstaltane, men det var dei såkalla kapteininvaktmeistarane som oversåg den daglege drifta. I tillegg hadde ein eigne slavevektarar, som gjekk under namnet gevældiger, profoss eller stokkeknekt. Desse heldt oppsyn med slavane medan dei arbeidde, og gav beskjed til kapteinmeisteren om korleis dei innsette skjøtta seg.<sup>89</sup>

Festningsslaveria var lokalisert ved Akershus, Fredriksten, Fredrikstad, Kongsvinger, Kristiansand, Bergenhus, Trondheim og Vardøhus festning.<sup>90</sup> Ved reskript av 7. september 1764 vart dette stramma inn til Akershus, Fredriksten, Fredrikstad, Kongsvinger, Trondheim og Vardøhus festning.<sup>91</sup> Bergenhus var med andre ord ikkje nemnd i 1764, årsaka til dette kjem vi nærmare inn på mot slutten av kapitlet.

## 2.7. Slaveriet ved Bergenhus festning

Når det gjeld den praktiske bruken av dei norske festningsslaveria, eit tema som vi vil kome nærmare inn på i dei neste tre kapitela, er det slaveriet ved Bergenhus festning som vil utgjere grunnlaget for analysen. Her føreligg det nemleg detaljerte fangeprotokollar for perioden 1766-1810, men for perioden før dette er kjeldegrunnlaget noko svakare. Som tidlegare nemnd blir det i eit rekneskap frå 1647 notert at det vart teke i bruk fangar som arbeidskraft ved festninga, men kor mange desse utgjorde er uvisst. I rekneskapsekstrakt for festninga for åra 1722-1731 kjem det fram at det aldri sat meir enn 3 fangar innesperra på Bergenhus festning i denne perioden.<sup>92</sup> Arbeid i jern var med andre ord ikkje eit ukjent fenomen i Bergen, men fram til forordninga av 1739 var truleg denne praksisen avgrensa.

## 2.8. Fangebelegget ved slaveriet i perioden 1733 til 1762

Ifølgje Straffanstaltkommisjonen si innstilling frå 1841, hadde ein bedt kommandantskapet på Bergenhus å undersøkje i kva grad festninga husa slavar i tidsrommet mellom 1739 òg fram til fangeprotokollens byrjing i 1766. Dei hadde fått til svar at ein ikkje kunne meddele noko om dette.<sup>93</sup> Eg har i arkiva etter kommandanten og auditøren ved festninga likevel funne fleire brev kring innsetjing og lauslating av slavar for perioden 1733 til 1762. Alt i alt er det 36

---

<sup>89</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:25-27.

<sup>90</sup> Reskript 10.3.1741. Wessel-Berg, 1841.

<sup>91</sup> Sjå reskript 7.9.1764. Schou, 1795.

<sup>92</sup> Kvar av fangane fekk dagleg utbetalt 3 skilling og 1 til 1 ½ blautt brød. Statthaldararkivet, "Dokument om festningene" D VII, 1720-1737, pakke 5 og 6, RA.

<sup>93</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:44.

personar som blir omtala, men berre i 9 tilfelle overlappar namna kring innsetjing og lauslating.<sup>94</sup> Kjeldegrunnlager er med andre ord svært mangefullt, og vi må rekne med at det reelle talet på fangar kan ha vore mykje høgare enn kva som her kjem fram. Kongebreva gir oss likevel ei viss innsikt i kven som arbeidde i jern på Bergenhus i denne perioden.

I tretten tilfelle blir det oppgitt at slavane var dømde for såkalla blodskam, det vil seie at dei hadde hatt lekamleg omgang med kvinner dei vart rekna å vere i slekt med.<sup>95</sup> Dette skulle ifølgje lova straffast med dødsstraff dersom det var nært slektsskap det var tale om, så her må ein ha ført ein nokså mild praksis.<sup>96</sup> I seks av desse sakene blir det òg nemnd at kongen hadde grepe inn og endra den opphavlege dødsdommen som hadde blitt gitt på lagtinget til livsvarig slaveri. Fire personar sat inne for leiermål, det vil seie at dei hadde hatt eit seksuelt forhold før dei var gift. To personar hadde desertert frå militærtenesta, fem sat inne for tjuveri, og to sat i varetektsfengsel for drap. 17 av dei innsette var idømd livsvarig slaveri, men som vi skal sjå i kapittel 5 innebar ikkje dette alltid det ordlyden skulle tilsei.

Aktiviteten ved slaveriet i Bergen verkar å ha teke seg betrakteleg opp utover 1740-talet. Det auka fangebelegget har sjølv sagt samanheng med forordninga av 1739, men det er òg verdt å nemne at i eit brev datert 28.august 1733 fekk kommandanten ordre om at dei som vart kjent skuldig i lovbroten som tidlegare hadde blitt straffa med eit opphold på fiskeleia i nord eller bergverka i sør, frå no av heller skulle setjast inn på festninga for å arbeide.<sup>97</sup> Denne avgjersla kan sjølv sagt òg ha medverka til det stadig aukande fangebelegget. I 1748 såg ein seg faktisk nøyd til å bygge eit nytt slavehus ”*da det sidstnævnte (det gamle slavelokalet) viste sig at være altfor litet for de mange slaver, som i den sidste tid var indsats på festningen*”.<sup>98</sup>

Den 7.desember 1742 tok vart det ved kongeleg forordning erklært at alle som vart idømd kakstryking eller brennemerking av Högsterett, òg måtte idømmast livsvarig straffarbeid. I 1749 vart dette omgjort til å gjelde alle slike saker, uansett kva domstol som stod bak utmålinga av straffen.<sup>99</sup> Dette hadde sin bakgrunn i at folk som vart brennemerka eller kakstroknar vart betrakta som ærelause, og ingen ville ha noko med dei å gjere etter at straffen

---

<sup>94</sup> Bergenhus festning kommandantskap, kommandosaker, kongebrev 1682-1765 og garnisonsauditørens arkiv, justissaker for perioden 1729-1809. SAB.

<sup>95</sup> Ein behøvde ikkje nødvendigvis å vere direkte i slekt med kvarandre, lekamleg omgang mellom medlemmar som var i svogerfamilie vart blant anna rekna som blodskam. Sjå Norsk Lov, 1687:6:13:14.

<sup>96</sup> NL, 1687:6-13-14.

<sup>97</sup> Bergenhus festning kommandantskap, kommandosaker. Kongebrev 1682-1765. SAB.

<sup>98</sup> Wahl, 1929: 40.

<sup>99</sup> Nysæther, 2007:10 og forordning 7.2.1749, i Wessel-Berg, 1842.

var eksekvert. Dei vart dermed tvungen ut i ein livsstil der dei måtte levnære seg av tigging eller andre tvilsame aktivitetar, og vart slik sett ei belastning både for seg sjølv og andre.

Denne avgjersla kan òg ha medverka til ei auke i fangebeleget ved slaveriet, skjønt den kan òg tolkast som at kongen opna opp for ein meir restriktiv bruk av dei kroppslege straffene.

For ein person fekk dette reskriptet nokså alvorlege følgjer. Christen Monsen, som gjekk i jern på Bergenhus, hadde i 1748 blitt brennemerka og kakstroken, samt blitt idømd eit fireårig opphold på slaveriet. Då straffa var nærmast ferdigsona og det nærma seg lauslating, kom det eit brev frå kongen som varsla därleg nytt. Sidan Christen i 1748 hadde blitt brennemerka og kagstroken, og dermed kom inn under reskriptet av 7.februar 1749, måtte han bli gåande i jern på livstid.<sup>100</sup>

## 2.9. Mot nedlegging av Bergenhus festning

I åra 1758-1762 hadde kongen på bakgrunn av politisk uro i Nord-Europa sett seg nøyd til å utstasjonere ei betydeleg hærstyrke i Holstein.<sup>101</sup> Dette gjorde sjølvsagt store innhogg i statskassa, og ein såg seg difor nøyd til å ta til drastiske tiltak for å betre økonomien. Eit av desse tiltaka var ei innskrenking av dei dansknorske festningane, og den 27.februar 1764 vart det vedteke ”*..at de norske grænsefæstninger Frederiksstad, Kongsvinger og Trondhjem skulde bevares og forbedres, Frederikssten, Akershus og Vardøhus bevares i sin daværende stand, men de øvrige fæstninger nedlægges.*<sup>102</sup> Den 21.mars 1764 kom så ordren om at Bergenhus festning skulle nedleggjast med verknad frå 1.mai. Med unntak av den fungerande vaktmeisteren, kaptein Ove von Rummelhoff, som skulle bli verandas for å halde oppsyn med bygningane på festningsområdet, skulle heile garnisonen avviklast. Dette skulle likevel skje over tid, så festninga vart ikkje ståandes tom med det fyrste.<sup>103</sup>

Denne avgjersla innebar sjølvsagt òg store endringar for dei 24 slavane som på denne tida sat på Bergenhus. 20 av desse vart den 21.september same år frakta til festninga i Trondheim for der å sone vidare på si tildømte straff, 2 var for sjuke til å reise, medan dei 2 resterande skulle sleppast fri.<sup>104</sup> Dette kunne fort ha utgjort slutten for slaveriet ved Bergenhus festning, men historia ville det annleis. Eit av dei andre tiltaka som vart satt inn for å betre økonomien var

---

<sup>100</sup> Bergenhus festning kommandantskap, kommandosaker. Kongebrev 1682-1765. Brev datert 9.november 1752.

<sup>101</sup> Wahl, 1929:48.

<sup>102</sup> Ibid.

<sup>103</sup> Ibid.

<sup>104</sup> Ibid:54.

nemleg ein ekstraskatt som vestlandsbøndene tykte lite om, ei misnøye som stiftamtmannen i Bergen snart personleg skulle få kjenne på kroppen.

## 2.10. Strilekrigen- bondeopprøret som berga Bergenhus festning

I 1762 vart det innført ein ekstraskatt pålydande 8.skilling i månaden for kvar og ein som var meir enn 12 år gamal. Dette vekte både sinne og desperasjon hos den fattigaste delen av befolkninga, og kongen gav difor i 1764 visse lettingar. Husmenn skulle sleppe å betale for born som var under 16 år, og bøndene skulle sleppe å betale for fattige, tenestefolk og born.<sup>105</sup> Dette var ikkje nok til å stogge uroa, men futane la press på bøndene for å få skatten betalt. Samstundes gjekk det eit rykte om at det i 1763 hadde kome ei forordning som fritok småbøndene frå ekstraskatten, men at dei lokale embetsmennene hadde latt vere å informere om dette då dei heller ville putte desse pengane i eiga lomme. Dette var sjølvsagt ikkje korrekt, men det heile leia fram til eit opprør som i seinare tid har fått namnet ”Strilekrigen”.<sup>106</sup>

Den 1.mars 1765 kom det omkring 300 bønder frå Nordhordland til Bergen by for å krevje å bli høyrd av dei lokale embetsmennene. Fleire av desse tok kontakt med stiftamtmannen, Ulrich Fr. von Cicignon, og bad han om å sende ei førestilling til kongen om deira svake økonomiske stilling. Dette gjekk han med på, og lova å gi dei svar innan 6-7 veker.<sup>107</sup> Den 18.april inntok så bøndene byen for andre gong for å høyre kva svar kongen hadde gitt dei, men no var dei nærmare 2000 mann. Cicignon hadde ingen svar å gje dei, og det heile enda med at stiftamtmannens hus vart storma og ramponert, medan Cicignon sjølv vart fysisk angripe og mishandla. For å redde livet måtte han love at den ekstraskatten som hittil hadde blitt innbetalt, no skulle betalast tilbake. Dagen etter byrja utbetalinga, og etter nokon dagar forlot strilane byen.<sup>108</sup> Denne hendinga vakte stort oppstyr i København, og både soldatar og ein undersøkingskommisjon vart sendt nordover til Bergen. Resultatet av det heile vart at avgjersla om nedlegginga av Bergenhus festning vart trekt tilbake, då det no vart klart at Vestlandets største by kunne trenge eit forsvar mot både indre og ytre fiendar.<sup>109</sup> Dette innebar òg at slaveriet ved festninga vart starta opp igjen, og den første innføringa i fangeprotokollen er datert 6.februar 1766.

---

<sup>105</sup> Wahl, 1929:56.

<sup>106</sup> Stangeland og Valebrokk, 2001:36.

<sup>107</sup> Wahl, 1929:56.

<sup>108</sup> Ibid:57.

<sup>109</sup> Ibid:55-58.

## 2.11. Oppsummering

Slaveristraffas oppkomst og framvekst i Danmark-Noreg på 1500- og 1600-talet ser i høg grad ut til å ha vore økonomisk motivert, då kongen trengte arbeidskraft på verftet i København. Ifølgje Stückenbergs reformasjonen var ein sentral faktor i straffarbeidets gradvise utbreiing, då nedlegginga av klosterane gjorde at dei lågare lag av folket mista ein av sine største støttespelarar. Tigging og lausgjengeri byrja som følgje av dette å tynge samfunnet, samstundes som synet på arbeid endra seg. Arbeid vart no framheva som ei dyd, og at arbeidsføre folk freista å livnære seg av tigging vart betrakta som moralsk forkasteleg. Ein ynskja å skilje ut kven som var såkalla verdige fattige, det vil seie folk som på bakgrunn av sjukdom eller alder ikkje kunne livnære seg på andre måtar. Uverdige fattige måtte tuktast, og lausgengrar vart difor den fyrste grupperinga som vart sendt til Bremerholm for å arbeide i jern.

Utover 1600-talet vart òg tjuveristraffene endra frå dødsstraff til slaveri. Kongens motiv kan ha vore å tilegne seg meir billeg arbeidskraft, sjølv om monarken i sin recess frå 1643 gir uttrykk for at det er meir humane årsaker til endringa. Då dansk og norsk lov stod ferdig i 1683 og 1687, hadde arbeid i jern innteke ei sentral rolle som strafferettsleg sanksjon innanfor lovverket. Det var likevel dei kroppslege straffene som framleis rådde. Pisking, brennemerking, halshogging og lemlesting var på ingen måte framande element i lovtekstane, dei var heller typiske.

Ved forordning av 27.november 1739, vart dei norske festningsslaveria formelt oppretta. Dette innebar likevel ikkje fullt så mykje ei nyordning, men heller ei utviding av tidlegare praksis. Eg fann at fangebelegget ved Bergenhus festning tok seg opp i løpet av 1740-talet, og at fleire av dei innsette var dømde for lovbroten som i røynda skulle straffast med dødsstraff. Dette talar for at slaveriet gradvis fekk ei viktigare rolle som straffesanksjon i fyrste halvdel av 1700-talet, om enn enno ikkje formelt, så i praksis.

## Kapittel 3. Innsetjingar på slaveriet i perioden 1766-1810

### 3.1. Innleiing

I dette kapitlet skal eg ved bruk av fangeprotokollen sjå nærmare på kven som vart sett inn på straffanstalten ved Bergenshus festning i tidsrommet februar 1766 til og med september 1810. Kor mange personar var innom slaveriet i løpet av denne perioden, og kven var eigentleg desse? Kva lovbrod hadde dei innsette blitt funne skuldige i, og korleis passar eigentleg deira tildømde straff inn med lovverket? Er det særskilte lovbrod som kan seiast å vere tungt representerte som innsetjingsgrunnlag, og finn ein personar som på bakgrunn av sine misgjerningar eigentleg ikkje burde ha blitt dømd til ”Arbeide i Jern”? Sidan den aktuelle perioden strekk seg over 45 år, vil det òg vere sentralt å undersøkje om fangebeleggets karakter og utstrekning endrar seg i løpet av perioden, samt vurdere kva årsaka til desse eventuelle endringane kan vere.

Som nemnd i kapittel 1 gav historikaren Kjeld Bugge i 1969 ut ei bok om fullbyrdinga av fridomsstraff i Noreg i det 18.århundre. Med utgangspunkt i mellom anna fangeprotokollane etter rådstuearresten, tukthuset og slaveriet i Trondheim ynskja å undersøkje i kva grad fengsels- og arbeidsstraffa vart teke i bruk i andre halvdel av 1700-talet. Når det gjeld slaveriet omhandlar analysen til Bugge i hovudsak tidsrommet mellom 1764 og 1814, og han har til dømes sett nærmare på kva som har blitt oppgitt som innsetjingsårsak for slavane samt fangebeleggets utvikling ved anstalten i løpet av perioden. Tidsrommet og nokon av momenta kring analysen samanfell slik sett med mitt eige utgangspunkt for slaveriet i Bergen, og vil difor vere eit verdifullt samanlikningsgrunnlag for å vurdere om fangebehandlinga ved dei to straffanstaltane verkar å ha vore uniform eller om dei skil seg ifrå kvarandre.

### 3.2. Bruken av slaveriet

Primærkjelda for vår kunnskap om dei innsette på slaveriet ved Bergenshus festning er fangeprotokollane tilhøyrande denne straffanstalten, og som tidlegare nemnd dekkjer den utgåva eg nyttar meg av perioden mellom februar 1766 til og med september 1810.

Fangeprotokollen gir oss blant anna opplysningar om kva dei innsette heitte, kor gamle dei var, kvar dei kom ifrå, når dei vart sett inn og når dei eventuelt vart sleppt fri, samt i dei fleste tilfelle òg kva yrkesbakgrunn dei hadde og kva lovbrod dei sat inne for. Det førekjem likevel enkelte tomrom i opplysningane, blant anna er det 99 tilfelle der vi ikkje får opplyst kva lovbrod som er årsaka til innsetjinga. Eg har som tidlegare nemnd klart å finne 24 av desse ved

å gå igjennom diverse arkivmateriale tilknytt Bergenhus festning, ,men eg manglar då framleis opplysningar om innsetjingsårsak i 20% av sakene. Kjeldegrunnlaget gjer det slik sett umogleg å teikne eit fullstendig bilet av kven dei innsette var og kva dei hadde gjort for å ende opp på straffanstalten. Eg vil likevel hevde at på bakgrunn av dei opplysningane som faktisk føreligg, er det fullt mogleg å danne seg eit godt inntrykk over korleis slaveriet vart teke i bruk i praksis av styresmaktene i denne perioden.

### **3.2.1 Fangebelegget ved slaveriet 1766-1810**

Ut ifrå protokollen ser ein at det i løpet av den aktuelle perioden vart sett inn 385 personar på slaveriet ved Bergenhus festning, og i tråd med lovverket var alle desse menn.<sup>110</sup> Det var likevel ikkje 385 enkelpersonar dette var snakk om. 13 av dei innsette var innom straffanstalten to gongar for ulike lovbroter, og dei dukkar dermed òg opp to gongar i protokollen. I fire tilfelle ser det òg ut til å ha vore ei noko ukonsis protokollføring, då fangane med namn Christen Monsen, Tormod Hansen, Christopher Ludewigsen Krackau og Johannes Olsen er oppført to gongar, skjønt dei alle sat inne for ei enkelt sak. Desse fire klarte nemleg å røme frå anstalten, men vart seinare tekne og deretter ført inn på nytt i protokollen.<sup>111</sup> Denne dobbelte protokolloppføringa ser ikkje ut til å ha vore praksis når det gjaldt dei andre fangane som rømde og vart tekne, då datoer for ny innsetjing heller har blitt ført under rubrikkane ”merknad” eller ”utfyllande” i den opphavlege notisen i protokollen. Samla sett vil dette sei at det i perioden mellom februar 1766 til og med september 1810 sat 368 enkelpersonar innesperra på Bergenhus, skjønt det er snakk om 381 ulike saker.


På bakgrunn av at mange fangar rømde og seinare vart sett inn igjen, er det vanskeleg å teikne eit bilet av kor mange enkelfangar som i realiteten sat på slaveriet årleg. Dersom eg skulle teke med opplysningane kring slavanes rømingar, kunne framstillinga fort gje eit ukorrekt inntrykk av fangebeleggets utvikling. Eg har difor valt å fyrst sette opp ein graf som viser årlege innsetjingar basert på *saker*, samt ei oversikt som viser korleis desse innsetjingane fordeler seg i tilnærma femårsintervall i løpet av perioden. Vidare følgjer ei oversikt over innesitjande fangar ved utgangen av kvart år.

---

<sup>110</sup> Kvinner som vart dømde til straffarbeid skulle setjast inn på tukthus.

<sup>111</sup> Sjå fange nr.23 og 63, nr 50 og nr.79 i fangeprotokollen, fange nr. 36 og nr. 80, samt fange nr.329 og 347 (Bghslave DA)

**Figur 3.1. Innsetjing av fangar basert på saker per år for perioden 1766-1810\***<sup>112</sup>



\* Kjelde: Bghslave (DA).

**Tabell 3.1. Oversikt over innsetjingar basert på saker fordelt i tilnærma femårsperiodar\***

Tidsperiode	Tal på innsetjingar basert på saker
1766-1769:	38
1770-1774	52
1775-1779	55
1780-1784	43
1785-1789	58
1790-1794	15
1795-1799	28
1800-1804	53
1805-1810	37
<b>Sum</b>	<b>379</b>

\* Kjelde Bghslave (DA).

<sup>112</sup> Totalt 379 innsetjingar basert på saker. I to tilfelle får vi ikkje oppgitt innsetjingsdato, og eg har her luka ut den dobbelte protokollføringa av dei fire fangane nemnd ovanfor.

**Tabell 3.2. Innesitjande fangar ved utgangen av kvart år for perioden 1766-1785\***

År	Innesitjande fangar						
1766	8	1771	20	1776	24	1781	22
1767	11	1772	17	1777	30	1782	21
1768	14	1773	19	1778	19	1783	25
1769	18	1774	18	1779	23	1784	25
1770	19	1775	23	1780	21	1785	27

\*Kjelde: Bghslave (DA)

**Tabell 3.3. Innesitjande fangar ved utgangen av kvart år for perioden 1786-1810\***

År	Innesitjande fangar								
1786	23	1791	17	1796	7	1801	22	1806	19
1787	31	1792	14	1797	12	1802	24	1807	14
1788	33	1793	9	1798	20	1803	28	1808	17
1789	24	1794	5	1799	19	1804	23	1809	28
1790	20	1795	8	1800	19	1805	22	1810	31

\*Kjelde: Bghslave (DA)

Figur 3.1 og tabell 3.1. viser at talet på innsetjingar ved slaveriet i den aktuelle perioden har vore noko varierande, skjønt fram til slutten av 1780-talet ligg snittet på omkring 10 innsetjingar per år. Frå 1787 og framover ser ein så ut ifrå figur 3.1 at talet på innsetjingar regelrett stupar, og i 1793 og 1794 er det ikkje notert nokon innsetjingar i protokollen. Frå og med 1795 byrjar talet på innsetjingar igjen og stige, og samla sett får ein eit snitt på litt over 6 innkomne fangar per år for perioden 1790-1810. Tabell 3.2. og 3.3. viser at det høgste talet på innesitjande fangar var i 1788, då det sat 33 fangar innesperra på slaveriet. Dei lågaste tala er frå det fyrste driftsåret, samt 1793 og 1794. Korleis samsvarar så desse funna kring fangebeleggets utvikling ved slaverianstalten i Bergen med anstalten i Trondheim? Førekom det tilsvarande svingingar i fangebelegget der?

Fangeprotokollen tilhøyrande anstalten i Trondheim byrjar som tidlegare nemnd i 1764, og ifølgje Bugge sat det på dette tidspunktet 19 delinkventar på slaveriet. I løpet av dette året kom det inn berre ein fange, så talet på slavar er difor notert som 20. Vidare har Bugge basert

seg på årlege innsetjingar slik det kjem fram av protokollen frå 1765 og fram til 1814, og inkludert dei slavane som sat på anstalten i 1764 har han registrert at det i løpet av perioden i alt dreiar seg om 443 innsette fangar.<sup>113</sup> Om dette var enkeltpersonar eller om det førekomm gjengangarar nemner Bugge likevel ingenting om, og han tek heller ikkje opp nokon problematikk kring protokollens eventuelle merknadar kring rømingar.

Ut ifrå grafen som Bugge har sett opp over talet på årlege innsetjingar, ser ein at fangebelegget ved slaveriet i Trondheim har i likskap med anstalten i Bergen vore noko varierande. Det årlege gjennomsnittet for perioden 1765-1789 låg likevel kring 11 innkomne slavar, medan i Bergen var dette talet 10. Frå slutten av 1780-talet gjekk talet på innsetjingar drastisk ned, fram til ein i 1796-1797 nådde botnen med null innsette. Etter dette botnåret opplevde ein så ei gradvis auke, og for perioden 1790-1814 vart det i snitt sett inn 7 fangar årleg på slaveriet i Trondheim.<sup>114</sup>

Ut ifrå dette kan ein konkludere med at utviklinga av fangebelegget ved dei to straffanstaltane har vore nokså lik. Eg forventar at årsakene til dei samsvarande svingingane er å finne i enkelte lovendringar som vart gjennomført i løpet av perioden, noko eg vil kome tilbake til seinare i kapitlet.

### **3.3. Fangane på slaveriet**

#### **3.3.1. Alderen på dei innsette**

Å bli dømd til eit opphold på slaveriet innebar hardt arbeid frå morgen til kveld. Dei innsette skulle med andre ord først og fremst kjenne straffa på kroppen, samstundes som styresmaktene drog nytte av arbeidskrafta deira. Med tanke på Rusche og Kirchheimers teori kring straffarbeidets økonomiske betyding, vil det difor vere interessant å sjå nærmare på alderen til dei innsette. Kva aldersgrupper var det som var tyngst representert blant dei innsette på slaveriet? Ut ifrå eit nytteperspektiv bør ein forvente at det i stor grad er dei yngre aldersgruppene som dominarar, og at ein finn få personar over 60 år på slaveriet. Ut ifrå fangeprotokollens opplysningar, fordeler aldersgruppene seg slik:

---

<sup>113</sup> Bugge, 1969:84-85.

<sup>114</sup> Bugge, 1969: 85.

**Tabell 3.4. Alder ved innsetjing 1766-1810\***

Alder	16-19 år	20-30 år	31-40 år	41-50 år	51-60 år	61-77 år	Uvisst	<b>Sum</b>
Antall	21	131	101	65	38	14	11	381
Prosent	5%	34%	26%	17%	10%	4%	3%	100%
Menn i befolkning 1801	28730	71797	53556	46951	34385	28085	-	263504
Menn i befolkning 1801	11%	27%	20%	18%	13%	11%	-	100%

\*Kjelde: Bghslave og folketeljinga frå 1801 (DA)

Tabell 3.4. viser at det var personar i aldersgruppene 20-30 år og 31-40 år som var tyngst representert blant dei innsette, noko som på sett og vis passar godt inn med ein økonomisk teoretisk tankegang. På den andre sida kan dette likevel ikkje seiast å vere eit overraskandes funn, då folketeljinga frå 1801 viser at befolkninga i Noreg var ung. Vidare ser vi ut ifrå tabellen at det i fjorten tilfelle vart sett inn personar som var over 60 år gamle på anstalten. Den eldste personen som ifølgje protokollen vart innsett på slaveriet, var faktisk heile 77 år gammal.<sup>115</sup> I kva grad denne aldersgruppa kunne gjerast nytte av som arbeidskraft er eit ope spørsmål, men det er vel heller tvilsamt at dei kunne bidra med dei tyngste løfta. Ifølgje Knut Sprauten klaga den militære leiinga ved Akershus festning i 1740-åra over arbeidsevna til dei innsette på slaveriet der. „..de sivile arrestantene var eldgamle, krøplingar og barn som ikkje kunne gjøre nytte av seg på slaveriet. Tvert imot, de ble en belastning for de militære fordi de måtte ha forpleining“.<sup>116</sup> Bugge nemnar òg eit reskript datert 5.mars 1756 der det blir sagt at slavane som sat på Vardøhus festning ”var Kongens Kasse til Besværing“.<sup>117</sup>

Dette gir oss ein indikasjon på at det ikkje utelukkandes kan ha vore personens arbeidsevne som stod i fokus når det gjaldt og ilegga delinkventar straff i form av ”Arbejde i Jern“. Om dette faktisk hadde vore tilfelle, vil eg anta at eldre og mindre arbeidsføre delinkventar heller ville blitt plassert på tukthusa, der arbeidsoppgåvene var noko lettare og dei slik sett kunne gjere betre nytte for seg. Bugge har i si undersøking ikkje funne aldersoppgåver kring slavane,

<sup>115</sup> Sjå fange nr 225 i protokollen (Bghslave DA). Isac Knudsen Scharborvig vart sett inn på slaveriet i ein alder av 77 år for å ha gjort si stedotter gravid. Han sat inne i to år.

<sup>116</sup> Sprauten, 1992:256. Kjelde Wessel-Berg, 1841: 812.

<sup>117</sup> Bugge, 1969:75.

men for tukthusa har han funne innsetjingsalder for 76% av dei mennene som vart sett inn på anstalten i perioden 1770-1814. Bugge sine funn viser at det òg på tukthuset var menn i aldersgruppene 20-30 år og 30-40 år som var tyngst representert, då desse utgjorde nærmare 50% av dei ein kjenner alderen til. 17% av dei med kjent alder var over 50 år gamle, så ein kan ikkje hevde at den eldre garde var overrepresentert på tukthuset i forhold til slaveriet i Bergen.<sup>118</sup> Tidlegare forsking kring dei norske tukthusa har dessverre ikkje prioritert å gjere greie for alderen til dei innsette, så noko vidare samanlikning med Bugges funn let seg dessverre ikkje gjere.

### **3.3.2. Kvar kom slavane i frå?**

Dei som for sine misgjerningar vart dømde til å arbeide i jern, skulle i hovudsak innsetjast på det slaveriet som geografisk sett var nærmast den staden dei hadde utført eller blitt arrestert for misgjerninga.<sup>119</sup> Dette betyr at slaveriet i Bergen blant anna tok inn slavar frå nærmast heile vestlandskysten, frå Stavanger i sør til Sunnmøre i nord. I tillegg kunne slaveridømte frå Nordland amt sendast til enten anstalten i Bergen eller i Trondheim, alt etter kva som var mest økonomisk.<sup>120</sup> Ein må òg hugse på at Bergen by var ein internasjonal handelsstad på 1700-talet, og at det difor òg kan dukke opp enkelte utlendingar blant dei innsette på slaveriet.

I fangeprotokollen blir det i dei fleste tilfelle oppgitt den enkelte slaves fødestad, skjønt i nokon tilfelle blir det berre oppgitt gardsnamn, noko som gjer det vanskeleg å sei med sikkerheit kvar delinkventen kom ifrå. Sidan det òg er utelukkande fødestaden som er oppgitt, er det viktig å nemne at slavane kan ha vore busett i heilt andre delar av landet enn kva som kjem fram av protokollen. Det er sjølv sagt òg mogleg at det kan ha førekome at dei innsette vart registrert med heimstad framfor fødestad, men dette er ikkje godt å finne ut av. Ut ifrå protokollens opplysningar, samt talmateriale frå folketeljinga i 1801, har eg rekna meg fram til korleis innsetjingane fordeler seg geografisk ut ifrå talet på den mannlige befolkninga i administrasjonsdistriktet. Eg har luka ut dei fire personane som er notert to gongar i protokollen på bakgrunn av røming, samt dei 13 som var innom slaveriet to gongar. Dette gir oss då 368 personar med ulik geografisk bakgrunn.

---

<sup>118</sup> Bugge, 1969:89.

<sup>119</sup> Sjå forordning 27.11.1739 i kong Christian den Siettes [...] og forordning 7.10.1764 i Schou, 1795.

<sup>120</sup> Bugge, 1969:74.

**Tabell 3.5 Slavanes heimstad\***

Fødestad	Tal på innsette	Menn i administrasjonsdistriktet	Per 1000 i mannleg befolkning
Nordland amt	11	24703	0,5
Sunnmøre	17	10706	1,6
Nordre Bergenhus	55	25169	2,2
Søndre Bergenhus	64	28318 <sup>121</sup>	2,3
Stavanger amt	35	18271 <sup>122</sup>	1,8
Bergen by	63	9171	6,9
Andre byar i Noreg	23	28117	0,9
Øvrige	53	276468	0,2
Utlandet	28	-	-
Manglar	19	-	-
Sum	368	420923	0,09

\*Kjelde: Bghslave og folketeljinga frå 1801 (DA).

Tabell 3.5. viser at det var personar registrert med fødestad Bergen som var klart sterkest representert blant slavane i forhold til folketalet. Kan årsaka til dette handle om økonomi? Det var truleg dyrt å frakte enkeltpersonar frå distrikta til Bergen, og ein kan kanskje difor ha vore freista til å heller sette den dømde delinkventen i arresten. Eg vil likevel tru at dette ikkje var tilfelle, då dette ville ha sett heile straffeapparatet i eit därleg lys. Trugselen om slaveri var nok meint å verke som både eit individual- og allmennpreventivt middel, og eit lovbrotn måtte difor følgjast opp. Den mest trulege årsaka til at personar frå Bergen var overrepresentert i forhold til distrikta, er at kriminalitet fyrst og fremst er, og har alltid vore, eit særskilt problem i tettbygde strøk. Tabell 3.5. viser at det òg vart sett inn 28 utlendingar på slaveriet i løpet av perioden. Mest sannsynleg var dette sjøfolk eller utstasjonerte soldatar.

### 3.3.3. Dei innsettes yrkesbakgrunn

Ut ifrå fangeprotokollen har eg kome fram til at det totalt blir oppgitt yrkesbakgrunn for 236 av dei innsette. Etter å ha luka ut dei som blir nemnd med yrke to gongar då dei var innom straffanstalten fleire gongar, set eg igjen med 228 kjente yrkesbakgrunnar av totalt 368

---

<sup>121</sup> Eg har her trekt i frå Bergen by.

<sup>122</sup> Trekt ifrå Stavanger by.

innsette. Det vil seie at det er 140 tilfelle der vi ikkje får oppgitt yrke, noko som totalt utgjer 38% av fangane.

**Tabell 3.6. Oversikt over dei innsettes yrkesbakgrunn\***

Yrke	Bonde, gardmann, husmann	Matros	Arbeidskar	Soldat	Fiskar	Dreng/ Svenn	Andre yrker	Sum
<b>Antall</b>	54	38	38	29	12	11	46	228
<b>Prosent</b>	23,7%	16,6%	16,6%	12,7%	5,3%	4,8%	20,3%	100%

\*Kjelde: Bghslave (DA).

Tabell 3.6. viser at det var bonestanden som var tyngst representert blant dei innsette på slaveriet. Dette kan ikkje seiast å vere eit overraskande funn, då det var jordbruk som utgjorde levebrødet til dei aller fleste i Noreg på denne tida.<sup>123</sup> Vidare utgjorde matrostittelen yrket til 16,6% av dei med kjent yrkesbakgrunn på straffanstalten. Bergen var på 1700-talet ei viktig hamn for både nasjonal og internasjonal handel, og skipstrafikken ut og inn av byen var difor ikkje ubetydeleg. At mange sjøfolk difor kunne ende opp på slaveriet som følgje av ulike misgjerningar er difor nærmast gitt. Kategorien ”matros” er likevel noko problematisk, då denne yrkestittelen i røynda kan vise til både sivilt og militært yrke.

Det dukka òg opp i alle fall 29 soldatar blant dei innsette i løpet av perioden. Fire av desse var ikkje oppgitt med eit spesifikt yrke i fangeprotokollen, men det var notert at dei i tillegg til arbeid i jern hadde blitt idømd spissrotgang, ei subsidiærstraff som utelukkandes var førebehaldt militært personell.<sup>124</sup>

Tabell 3.6. viser at mange òg bar tittelen ”arbeidskar” innanfor festningsvollane. Nokon av desse er nærmare spesifisert som dagarbeidarar og tømmermenn i fangeprotokollen, men dei fleste har berre fått tittelen ”arbeidskar” utan noko vidare utdjuping. Under kategorien ”andre yrker” har eg blant anna plassert smedar, slaktarar, losar, vevarar, malarar, skomakarar og regnhatt- og parykkmakarar. Det var med andre ord ein del handverkarar som òg hamna opp i lenkjer på festninga. Enkelte av desse var moglegvis på bakgrunn av deira ekspertise ekstra verdifulle som arbeidskraft, kanskje særskilt smedane.

---

<sup>123</sup> <http://web.hist.uib.no/digitalskolen/oe/nohist.htm>

<sup>124</sup> Spissrot innebar at det vart stilt opp to rekkr med soldatar på opptil 300 mann totalt. Desse stod ansikt til ansikt, og alle vart utstyrt med ein kjøpp. Lovbrytaren måtte deretter passere sine medsoldatar, og mottok då eit kraftig slag over sin bare rygg frå kvar og ein av dei. Sjå Stuestøl, 2009:42.

### 3.4. Kva sat slavane på Bergenhus inne for?

Som tidlegare nemnd får vi ikkje oppgitt innsetjingsgrunnlaget i 20% av sakene. I fleire tilfelle viser det seg at fangane har blitt sett inn på bakgrunn av to lovbroter, til dømes tjuveri og lausgjengeri. Dette gjer det vanskeleg å framstille innsetjingsgrunnlaget for den enkelte fange på ein korrekt måte, og eg har difor i fyrste omgang valt å gi ei oversikt over kor ofte eit lovbroter dukkar opp som innsetjingsårsak. Eg har samla dei ulike lovbrota i sju kategoriar, der desse sju igjen rommar underkategoriar.

**Tabell 3.7. Oversikt over årsak til innsetjing på slaveriet fordelt i tilnærma tiårsperiodar\* \*\***

Lovbrot	1766-1769 (4 år)	1770-1779	1780-1789	1790-1799	1800-1810 (11 år)	Sum	Prosent
Vinningslovbrot	12	34	46	23	60	175	55,5%
Seksuelle lovbroter	8	14	10	2	4	38	12%
Vald	1	4	11	5	4	25	8%
"Opsetsighed mod øvrigheden"	3	7	0	5	4	19	6%
Lausgjengeri og militær desertering	2	8	5	1	0	16	5%
Andre lovbroter	0	6	8	3	2	19	6%
Bøtesoning	0	7	16	3	1	24	7,5%
<b>Totalt</b>	<b>26</b>	<b>77</b>	<b>96</b>	<b>42</b>	<b>75</b>	<b>316</b>	<b>100%</b>

\* Kjelde: Bghslave (DA)

\*\*Tabellen er ei framstilling av kor ofte eit lovbroter førekjem som innsetjingsgrunnlag, og er ikkje representativ når det gjeld talet på innsette.

Tabell 3.7. viser at det var vinningslovbrota som dominerte som innsetjingsgrunnlag på straffanstalten i perioden 1766-1810. Fleire av fangane var òg sett inn for seksuelle misgjerningar og vald, medan andre hadde blitt funne skuldig i å ha sett seg opp mot øvrigheita. Tabell 3.7. viser òg at det førekjem ein del tidmessige svingingar innanfor dei ulike kategoriane. Blant anna ser ein at talet på vinningslovbrot gjekk markant opp som oppgitt innsetjingsgrunnlag etter 1800, medan ein ser ein stikk motsett tendens når det gjeld seksuelle lovbroter.

Eg vil no gå nærmare inn på kvar og ein av desse innsetjingskategoriane, og undersøkje meir spesifikt korleis praksisen ved slaveriet samanfell med lovverket. Dukkar det opp personar

som ein på bakgrunn av deira misgjerningar ikkje ville ha forventa å finne på straffansten? Kan ei nærmare studie av fangebehandlinga avsløre om styresmaktenes handlingar fyrst og fremst gir uttrykk for økonomiske, disiplinære eller humane motiv ved bruken av ”Arbejde i Jern” som straff?

### **3.4.1. Vinningslovbrot**

Med vinningslovbrot meinar eg her lovbrot som var økonomisk motivert, og kategorien rommar innsetjingsårsaker som tjuveri, innbrot, heleri, bedrageri, tollsvik, framstilling av falske myntar og seidlar, samt ran. Korleis fordelar så desse lovbrota seg når det gjeld hyppigheit?

**Tabell 3.8. Oversikt over fordelinga av vinningslovbrota \***

Lovbrot	1766-1789	1790-1810	Sum	Prosent
Tjuveri	77	82	159	91%
Innbrot	2	0	2	1%
Heleri	1	0	1	0,5%
Bedrageri	2	0	2	1%
Tollsvik	7	0	7	4%
Framstilling av falske myntar/seidlar	2	1	3	2%
Røveri	1	0	1	0,5%
Totalt	92	83	175	100%

\* Kjelde: DA: Totalt dreiar dette seg om 173 innsetjingar, då to er innsett for både tjuveri og innbrot.

Som vi ser er det tjuverisakene som nærmast utgjer heile den overordna kategorien. Jamføre tabell 3.7. vil dette sei at tjuveri utgjorde 50 % av det samla innsetjingsgrunnlaget som vi har kjennskap til på straffansten i perioden 1766-1814. Er dette eit særegi trekk ved slaveriet i Bergen, eller finn ein liknande tendensar ved den tilsvarende straffansten i Trondheim i den same perioden?

Når det gjeld kategorisering av innsetjingsgrunnlag, har Bugge valt å dele å dette inn i følgjande åtte kategoriar; mord, tjuveri, landstrykeri/slagsmål, blodskam, leiarmål, opprør,

diverse og ukjent.<sup>125</sup> Vidare har han delt undersøkinga inn i to tidsperiodar, 1764-1789 og 1790-1814. Ifølgje Bugges funn utgjorde tjuveri 36,5% av dei ein kjente innsetjingsårsaka til i fyrste periode, medan i andre periode utgjorde denne kategorien heile 75,3% av dei kjente innsetjingsårsakene.<sup>126</sup> Ein kan med andre ord ikkje hevde at innsetjingsgrunnlaget i Bergen skilte seg ut med tanke på tjuverilovbrotets hyppige førekommst. Eit interessant poeng er at slaveria både i Trondheim og Bergen opplevde ei markant auke av tjuveri eller vinningslovbrot som innsetjingsårsak mot slutten av 1700-talet og utover 1800-talet.<sup>127</sup> Dette var i og for seg ikkje berre eit resultat av at fleire vart sett inn for tjuveri, men heller at dei andre innsetjingsårsakene gradvis gjekk tilbake.

### **3.4.1.1. Lovgivinga for vinningslovbrot**

”*Om Misgierninger*” er namnet på den sjette boka i Christian den femtes norske lov frå 1687, og saman med enkelte forordningar utgjer denne sjølve grunnpilaren for kriminallovgivinga i Noreg i det 18.århundret. Kva straff føreskriv så lova for tjuveri, innbrot, heleri, bedrageri, tollsvik, falskmyntneri og ran?

Ser ein nærmare på tjuverilovgivinga, oppdagar ein raskt at lovtekstane trakk eit viktig skilje mellom såkalla ringe og stort tjuveri. Kva kategori ein risikerte å hamne under vart avgjort ut ifrå om det ein hadde stelt hadde ein verdi på over eller under 20 lodd sølv. For fyrste gongs ringe tjuveri var straffa å bli piska i fengslet, for andre gongs ringe tjuveri kakstryking og brennmerking på rygg, tredje gong kakstryking og brennemerking i panna, og fjerde gong kakstryking, brennemerking og livsvarig slaveri.<sup>128</sup> For fyrste gongs stort tjuveri var straffa kakstryking og brennemerking i panna, for andre gongs stort tjuveri kakstryking, brennmerking og livsvarig slaveri.<sup>129</sup> I tillegg måtte den skuldige betale ”Igild og Tvigild” til den han eller ho hadde stelt frå, det vil seie først erstatning for verdien av det som var teke, og deretter det dobbelte igjen av verdien på det som var stelt. Hadde den skuldige noko igjen

---

<sup>125</sup> Når det gjeld dei to sistnemnde kategoriane, utgjorde desse totalt 31,6% av innsetjingane på straffanstalten i Trondheim i perioden 1764-1814. Sjå Bugge, 1969:97.

<sup>126</sup> Samla sett vart tjuveri oppgitt som innsetjingsgrunnlag for 195 av dei 443 personane som var innom slaveriet i Trondheim i perioden 1764-1814. Bugge, 1969:97.

<sup>127</sup> I perioden 1766-1789 førekomm vinningslovbrot som innsetjingsgrunnlag i 44% av dei oppgitte lovbrota på slaveriet ved Bergenshus festning. I perioden 1790-1810 steig dette til 70,9%. Jamføre tabell 3.7.

<sup>128</sup> Sjå Norsk Lov anno 1687, Bok 6-17-33-36.

<sup>129</sup> Ibid:6-17-37-38.

etter dette, gjekk dei resterande eigendelane til kongens kasse.<sup>130</sup> Straff i form av slaveri skulle med andre ord berre nyttast for fjerde gongs ringe tjuveri eller andre gongs stort tjuveri.

I forordning av 4.mars 1690 vart straffene for enkelte tjuveri skjerpa. Det vart mellom anna erklært at innbrot som vart utført på nattetid skulle straffast med henging, då ein frykta at dersom tjuven vart oppdaga og kom under press kunne situasjonen i verste fall ende med mannedrap.<sup>131</sup> Ifølgje Tage Holmboe, som har studert Högsteretts påverknad på straffesaker gjennom heile 1700-talet, var dommarane likevel lite villig til å dømme etter forordninga av 1690 då dei fann straffa for hard. Dersom innbrotet hadde blitt gjort på dagtid, eller i bygningar der ein ikkje kunne forvente å finne folk, såg dei vekk ifrå forordninga. ”*Den indskrænkende fortolkning fortsattes i stadig større omfang. Man indfortolkede efterhånden den regel, at viss tyven ikkje medbragte dræbende instrumenter eller ikke satte sig til modværge, hvis han blev grebet, var frd. 1690 ikke anvendelig, eller man indstillede til formildelse”*.<sup>132</sup>

Som nemnd i kapittel 2, vart det ved reskript av 7. februar 1749 erklært at dei som i framtida vart brennemerka og kakstrokne òg måtte idømmast livsvarig straffarbeid. Dette innebar då at andre og tredje gongs tjuveri, som tidlegare hadde blitt straffa med kakstryking og brennemerking, no òg skulle straffast med livsvarig straffarbeid. Ifølgje Tage Holmboe var det likevel vanleg praksis at det vart innstilt til benådning for desse kroppslege straffene, då dette opna opp for at dei innsette i seinare tid kunne gjere seg håp om lauslating.<sup>133</sup> Dette blir òg stadfesta av Wessel-Berg, som nemnar at i fleire saker på 1740-talet, der brennemerking skulle setjast i panna, endra kongen dette til at det skulle brennemerkast på ryggen.<sup>134</sup> Her var det mindre synleg. Straffepraksisen gjekk med andre ord ikkje overeins med lovverket, og det er moglegvis dette som var årsaka til forordning av 27.april 1771. Dødsstraff for grove tjuveri vart no endra til kakstryking, brennemerking og livsvarig slaveri. Bakgrunnen var at ”*Straf-Lovene nøie maae etterleves, og den deri for Misgierninger satte Straf i alle Maader fuldbyrdes, saaledes, at de, der begaae slige Misgierninger, ikke skal have Anledning til, at giøre sig Haab om Straffens Eftergivelse eller Formildelse; Saa skal der og, imellem Straffens Haardhed og*

---

<sup>130</sup> NL, 1687:6-17-39.

<sup>131</sup> Forordning 4.3.1690 Wessel-Berg,1841.

<sup>132</sup> Holmboe, 1961:158.

<sup>133</sup> Ibid:159.

<sup>134</sup> Wessel-Berg, 1841:867.

*Misgierningenens Grovhed, iagttages en billig og rimelig Proportion ”.*<sup>135</sup> Straffa måtte med andre ord endrast, slik at lovene skulle bli følgd.<sup>136</sup>

Den kanskje aller viktigaste endringa innanfor tjuverilovgivinga på 1700-talet kom ved forordning datert 20.februar 1789. For første gong fekk ein ei klar gradering av korleis fridomsstraff skulle takast i bruk med tanke på varighet, og dommarane fekk òg moglegheit til å ta ulike formildande omstende med i vurderinga når det gjaldt straffeutmålinga. Vidare er det sentralt at straffas føremål no vart trekt fram som å skulle verke *forbetrandes* på dei sikta. Fyrste gongs ringe tjuveri skulle frå no av straffast med tukthusarbeid frå 2 månadar til 2 år. Forordninga markerar med andre ord at tukthusa frå no av offisielt vart betrakta som straffanstaltar. Andre gongs ringe tjuveri skulle straffast med festningsarbeid på 3 til 5 år for menn, medan kvinnene skulle setjast inn på tukthus i like lang tid. Tredje gongs ringe tjuveri skulle straffast med livsvarig slaveri eller tukthus, og grove tjuveri samt fjerde gongs ringe tjuveri med kakstryking, brennermeking og livsvarig straffarbeid under strengt vakthald. I tillegg skulle dei dømde betale tilbake verdien av det dei hadde stelt, medan tvigjeld no fall vekk. Kongen understreka at det var viktig at desse fastsette straffene vart følgde til punkt og prikke, og at dei dømde ikkje kunne vente seg noko avkorting eller benådning<sup>137</sup>

Å selje stelte saker, såkalla heleri, vart ifølgje Tage Holmboe ofte straffa som tjuveri. Forordning av 27.januar 1736 fastsette tjuveristraff for dei som selde tjuvegods, men i løpet av andre halvdel av 1700-talet byrja ein ifølgje Holmboe å mildne straffene for helarar.<sup>138</sup> Eg har ikkje funne kva straffa for bedrageri skulle vere i NL, men ifølgje Holmboe vart òg dette lovbroten vanlegvis straffa som tjuveri.<sup>139</sup> Tollsvik skulle ifølgje forordning av 25.februar 1771 straffast med bøter eller festningsarbeid. Dersom varenes verdi oversteig 200 riksdalar, hadde ein valet mellom å betale denne summen eller å arbeide i jern i seks månadar. Var verdien av varene mellom 100-200, kunne ein enten betale 100 riksdalar eller bli sett inn på slaveriet i tre månadar. Ein verdi på mellom 50-100 riksdalar, gav ei bot på 60 riksdalar eller to månadar i jern. Dersom verdien var mellom 20-50 riksdalar, ei bot på 38 riksdalar eller ein

---

<sup>135</sup> Forordning 27. april 1771. Schou, 1795.

<sup>136</sup> Sidan dette er heilt i byrjinga av den perioden eg undersøkjer, kjem den eventuelle tidlegare benådningspraksisen her ikkje til syne. I perioden 1766-1770 vart det sett inn 12 personar for tjuveri på slaveriet. Tre av desse sat på livstid, men det kjem ikkje fram av protokollen om det var såkalla grove tjuveri dei var blitt tekne i. Ein av fangane sat inne på kongens nåde for tjuveri og innbrot. Dersom dette innbrotet hadde skjedd på nattetid, kvalifiserte det til dødsstraff. Om dette faktisk var tilfelle, sei protokollen likevel ingenting om. (Bghslave DA)

<sup>137</sup> Forordning 20.februar 1789. Schou, 1795.

<sup>138</sup> Holmboe, 1961:163.

<sup>139</sup> Ibid:164.

månad på slaveri. Var verdien lågare enn dette, kunne ein betale ei bot eller bli sett i arresten på vatn og brød mellom fire til ti dagar.<sup>140</sup>

Framstilling av falske myntar eller seidlar skulle ifølgje NL straffast på ære, liv og gods<sup>141</sup>. Det vil sei at dei tre personane som var sett inn på slaveriet, i røynda ikkje skulle ha vore her. Desse må ha blitt benåda av kongen. Røveri skulle ifølgje lovverket straffast med dødsstraff med steile og hjul. Den personen som var sett inn for røveri, var òg skulda i drap.<sup>142</sup> Det er difor merkverdig at denne personen hamna opp på slaveriet.

### 3.4.2. Seksuelle lovbroter

På 1600- og 1700-talet var fleire seksuelle forhold definert som lovbroter i Danmark-Noreg. Ved bruk av strafferettslege sanksjonar freista styresmaktene å kontrollere og disciplinere sine undersåttar til å mellom anna halde ekteskapet heilagt, noko som fortel oss at religiøse førestillingar på denne tida stod sterkt innanfor lovgivinga. Å styre folkets seksuelle moral var likevel ikkje ei enkel oppgåve, noko som blant anna kjem fram av tidlegare forsking kring kriminalitet og straff på 1700-talet. Såkalla leiarmålssaker, det vil seie at to ugifte vart dømde for å ha hatt seksuelt samkvem, dukkar titt og ofte opp både i tingbøkene og som innsetjingsgrunnlag på dei norske tukthusa.<sup>143</sup> Ved bruk av fangeprotokollen, NL av 1687 og ulike sentrale kongelege forordningar vil eg no undersøkje kva rolle slaveristraffa hadde som rettsleg sanksjon ovanfor dei såkalla seksuelle lovbrota i andre halvdel av 1700-talet. Kor mange sat innesperra på Bergenhus festning som følgje av slike misgjerningar, og førekjem det endringar innanfor lovverket som blir avspeglia gjennom endringar i fangebelegget?

Ut ifrå fangeprotokollen til slaveriet har eg kome fram til at 38 personar vart sett inn for lovbroter av seksuell art i perioden 1766-1810, og desse fordeler seg mellom leiermål, blodskam og hor.

---

<sup>140</sup> Forordning 25.2.1771.Schou, 1795.

<sup>141</sup> Sjå NL, 1687:6-18-1-2.

<sup>142</sup> Sjå fange nr.168 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>143</sup> Sjå mellom anna Anne Aune (1994), Marit Slyngstad (1994) og Caroline Elise Hals (2010).

**Tabell 3.9. Oversikt over fordelinga av seksuelle lovbroter\***

Lovbrot	1766-1789	1790-1810	Sum
Leiermål	7	0	7
Blodskam	17	6	23
Hor	8	0	8
Totalt	32	6	38

\*Kjelde: Bghslave (DA).

### 3.4.2.1 Lovgivinga kring leiermål

Som tidlegare nemnd innebar leiermål at to ugifte personar vart dømde for å ha hatt seksuelt samkvem med kvarandre.<sup>144</sup> Leiermål vart offisielt ei misgjerning som skulle strafferettsleg forfølgjast med ei forordning av 12. oktober 1617, eit påbod som vart gjenteke i Christian den femtes norske lov av 1687.<sup>145</sup>

I NL står det at fyrste og andre gongs leiermål skulle straffast med offentleg skrifte og bøter, 12 riksdalar for menn og 6 riksdalar for kvinner.<sup>146</sup> Ifølgje Anne Aune, som i 1994 skreiv ei avhandling om avkriminaliseringa av fyrste og andre gongs leiarmål i Danmark-Noreg på 1700-talet, var dette summar som få kunne finne til vege. ”Årslønna for ein gardskar låg i 1784 mellom 12 og 16 riksdaler og for ei ”udgangspige” mellom fem og seks rigsdaler”.<sup>147</sup>

Dette vart løyst ved at ein kunne døme dei som ikkje kunne innfri bøtene til fengsel, eller ved såkalla *soning* eller *avtinging*. Soning innebar at den saksøkte inngjekk forlik med futen før saka kom opp for tinget, medan ved avtinging vurderte ein den dømdes betalingsevne og tilpassa bota etter dette.<sup>148</sup> Ved ei forordning datert 5.januar 1714 vart straffarbeid òg introdusert som sanksjon ovanfor dei som ikkje kunne betale leiermålsbøtene. Menn skulle setjast i arbeid på kastellet, festningane eller på bergverka, medan kvinnene skulle setjast i spinnehus/tukthus. For kvar dag dei sat inne, skulle det trekkjast 8 skilling frå bota.<sup>149</sup> Dette

<sup>144</sup> Etter 1757 måtte det føreliggje graviditet før ein kunne sikte nokon for leiarmål.

<sup>145</sup> Sjå Aune, 1994:1.

<sup>146</sup> NL, 1687: 6-13-1.

<sup>147</sup> Aune, 1994:1.

<sup>148</sup> Aune, 1994:26.

<sup>149</sup> Forordning 5. januar 1714. Schou, 1795.

vil seie at mennene kunne bli lenkja i jern i opp til 144 dagar, medan kvinnene kunne bli sitjandes i 72 dagar.<sup>150</sup>

Vart ein mann dømd for tredje gongs leiermål var straffene hardare, skjønt det heile vart vurdert ut ifrå om det var kvinner med därleg eller godt rykte han hadde hatt seksuelt samkvem med. Var kvinna berykta, vart mannen straffa med bøter og fengsel, medan kvinna skulla kakstrykast.<sup>151</sup> Men dersom mannen vart funne skuldig i å ha hatt seksuelt samkvem med fleire jenter som tidlegare hadde hatt eit godt rykte, kunne ein ta i bruk livsstraff ”*eller i andre Maader med højeste Straf andre til Exempel og Forskrekkelser*”.<sup>152</sup>

13. juni 1771 vart bøtene for leiermål fjerna, men avgjersla vart trekt tilbake 27.februar 1772. Det som vart lagt til grunn for gjeninnføringa av bøtestraffa, var at formildinga hadde ført til utskeiingar. Ifølgje ei uttaling av Christian Colbiørnsen i 1800, som innehadde embete som generalprokurør i perioden 1788-1804, var nok denne grunngjevinga ikkje heilt korrekt. For at nokon skulle kunne bli dømde for leiermål, måtte det føreligge graviditet. Colbiørnsen framheva at det var for kort tidsrom mellom juni 1771 til februar 1772 til at ein kunne trekke ein konklusjon kring formildingas eventuelle negative innverknad.<sup>153</sup> Det var nok heller økonomiske motiv som stod bak gjeninnføringa av bøtene, då dette var ei oppmjuking som krona gjerne hadde merka på pengekassa.

Ut ifrå tabell 3.9. ser ein at det totalt vart sett inn sju personar på slaveriet for leiermål i løpet av perioden 1766-1810. Fire av desse var dømde for fyrste gongs leiermål, ein for andre gongs og to for tredje gongs leiermål. Sju innsetjingar for leiermål synes for meg å verke som eit beskjedent tal, særskilt med tanke på at slike saker på ingen måte var eit framand fenomen på tinga på 1700-talet.<sup>154</sup> Var det slik at det først og fremst var tukthusa som vart teke i bruk som straffanstalt for menn som skulle nedarbeide bøter av denne sort, eller var det generelt få menn som vart dømde for denne ugjerninga? Eit anna interessant poeng som kjem fram av tabell 3.9 er at alle innsetjingane på slaveriet som var basert på leiarmål førekomm i perioden før 1790. Kva kan forklaringa på dette vere?

---

<sup>150</sup> I perioden 1625-1816 gjekk det 96 skilling på ein riksdalar. Sjå [http://www.luroy.folkebibl.no/artikkel\\_25\\_lokalhist.htm](http://www.luroy.folkebibl.no/artikkel_25_lokalhist.htm)

<sup>151</sup> Tukthusforordninga av 2.desember 1741 endra kakstrykingsstraffen for kvinner til tukthus i 8 år. Slyngstad, 1994:49.

<sup>152</sup> NL, 1687:6-13-8-9.

<sup>153</sup> Ørsted, 1831:556. Henvising funne i Holmboe, 1961:134.

<sup>154</sup> Sjå Aune, 1994.

Caroline Elise Hals skreiv i 2010 ei avhandling om innsetjingar basert på seksuelle lovbroter ved Christiania tukthus for periodane 1775-1779 og 1795-1799. I den fyrste perioden fann ho at 71 kvinner og 13 menn vart sett inn for leiermål på anstalten, medan i den andre perioden var det berre fem kvinner som vart funne skuldig i dette lovbrotet.<sup>155</sup> Denne skeivfordelinga mellom kjønna fekk Hals til å undre seg om mennene kanskje først og fremst hamna på festningane framfor tukthusa, men ut ifrå mine undersøkingar ser dette ikkje ut til å ha vore ein utbreidd praksis. Det kan likevel føreligge store mørketal, då vi i 77 tilfelle ikkje kjenner til årsaka til innsetjing på slaveriet. Kva då med Bugges undersøkingar kring slaveriet i Trondheim?

Bugge har registrert 20 personar som har blitt innsett for såkalla ”leyermålsovertredelser” på slaveriet i perioden 1764-1789, noko som utgjer 4,5% av dei han kjente innsetjingsårsaka til.<sup>156</sup> I likskap med meg har han ikkje registrert nokon leiarmål som innsetjingsårsak i perioden etter 1790, men i motsetnad til meg har han ikkje sett opp ein eigen kategori for hor. Eg går difor ut ifrå at han har teke desse med i leiarmålssakene. Dersom eg slår saman innsetjingskategoriane leiarmål og hor ved slaveriet i Bergen, får eg ein tilsvarende sum på nærmare 5% av dei eg kjennar innsetjingsårsaka til. Dette kan tyde på at slaveristraff som sanksjon ovanfor menn som var dømde for leiarmålsbøter var relativt lite i bruk, eller på den andre sida at menn vart sjeldnare dømd eller at dei hadde betre betalingsevne enn kvinnene. Bugge har òg sett på innsetjingsårsaker på tukthuset i Trondheim i perioden 1745-1814, og han har funne at nedgangen i innsetjingar for leiarmål òg gjer seg gjeldande på denne anstalten.<sup>157</sup>

Anne Aune har undersøkt rettspraksisen kring leiarmålssakene ved Nedre Telemark sorenskriveri på 1700-talet, og har kome fram til at leiarmål gradvis utvikla seg til å bli eit lovbroter som først og fremst råka kvinner. Menn hadde nemleg ifølgje NL moglegheit til å nekte for farskapet eller gå til motsøksmål, medan kvinna vanskeleg kunne fri seg frå skuldinga.<sup>158</sup> I tillegg var soldatar fritekne frå straff for fyrste gongs leiarmål, noko som delvis

---

<sup>155</sup> Hals, 2010:42. Dei same funna kjem òg fram hos Marit Slyngstad (1994) og Andreas Daae (1908). Eg må her basere meg på forsking kring årsak til innsetjing på tukthuset i Christiania, då likande undersøkingar ikkje er gjort kring tukthuset i Bergen for denne perioden.

<sup>156</sup> Bugge, 1969:97. Det er viktig å merke seg at Bugge ikkje kjente til innsetjingsårsak i 66 av dei totalt 443 innsetjingane på slaveriet i Trondheim i perioden 1764-1814. Det reelle talet på leiarmål kan difor ha vore høgare.

<sup>157</sup> Bugge, 1969:97.

<sup>158</sup> Aune, 1994:26.

kan forklare skeivfordelinga mellom kvinner og menn som vart dømde for leiermål.<sup>159</sup> Når det gjeld nedgangen i talet på leiermålsdømde mot slutten av 1700-talet, noko som kjem til syne både i mine, Bugge og Hals sine undersøkingar, forklarar Aune dette med at styresmaktene gradvis mista interessa for å avkrevje bøtene ved bruk av subsidiærstraff. Ein byrja i staden å fokusere på at dei borna som vart født utanfor ekteskap skulle takast hand om økonomisk, og at fedrane skulle ta sin del av ansvaret når det gjaldt oppfostringa. I 1812 vart difor bøtene fjerna og fyrste og andre gongs leiarmål avkriminalisert.<sup>160</sup>

### 3.4.2.2. Lovgivinga kring hor

Hor var ein definisjon på seksuelle forhold der den eine eller begge partar var gifte, eit lovbrotsom styresmaktene slo kraftig ned på. Til skilnad frå leiermål var graviditet ikkje naudsynt for å bli funne skuldig.<sup>161</sup> Ved fyrste gongs hor skulle dei dømde straffast med høge bøter, ved andre gongs hor venta i tillegg til bøter òg forvising, og vart ein teken tre gongar laud straffa på livet. Dersom begge partar var gifte, og etter fleire åtvaringar ikkje avslutta forholdet, skulle mannen halshoggast og kvinna stappast i ein sekk og druknast.<sup>162</sup> Det vart ikkje teke i bruk avtinging for hor, det vil seie at ein vurderte den dømdes betalingsevne og tilpassa bota etter dette.<sup>163</sup> Årsaka var at dersom den dømde var utan formue, kunne han eller ho kome lettare frå det enn dei som var dømde for leiermål. Ved forordning av 6.desember 1743 vart det fastsett at hor skulle straffast med 1/10 av formuen, samt dobbelte leiermålsbøter. Dette innebar at den minste straffen for hor då var 24 riksdalar.<sup>164</sup>

På slaveriet i Bergen vart det i perioden 1766-1789 sett inn åtte personar for hor, skjønt om det var fyrste, andre eller tredje gong dei vart tekne for dette lovbrotet fortel fangeprotokollen oss ikkje. Sjølv om åtte personar ikkje kan seiast å vere eit stort tal, fortel dette oss at arbeid i jern vart teke i bruk som straff i slike saker, gjerne først og fremst som ein måte å drive inn bøtene på. I likskap med leiermål dukkar heller ikkje hor opp som innsetjingsårsak på slaveriet etter 1790. Ifølgje Tage Holmboe hadde dette si årsak i at dei høge bøtene òg råka familien til den dømde, og at ein difor byrja føre ein mildare praksis i desse sakene mot

---

<sup>159</sup> Aune, 1994:55.

<sup>160</sup> Aune, 1994:115-119.

<sup>161</sup> Holmboe, 1961:135.

<sup>162</sup> NL, 1684: 6-13-25-26.

<sup>163</sup> Aune, 1994:26.

<sup>164</sup> Holmboe, 1961:136.

slutten av 1700-talet. Ved reskript av 12.oktober 1812 vart det vedteke at straffa kunne ettergivast dersom ektefellen gjekk i forbøn.<sup>165</sup>

### 3.4.2.3. Lovgivinga kring blodskam

Blodskam innebar at to personar som var i slekt, enten gjennom blodsband eller svogerskap, vart tekne for å ha eit seksuelt forhold. Lovene for slike forhold var særstegnende, skjønt ein skilte mellom det ein kan kalle nært og meir fjernt slektskap. Dersom nokon som var i slekt i andre, tredje eller fjerde ledd, eller var i dei same ledda i slekt gjennom svogerskap, vart tekne for å ha eit forhold, skulle dei ifølgje NL straffast med høge bøter, offentleg skrifte, samt straffarbeid på mellom to og fire år på fiskeleia i nord eller bergverka i sør.<sup>166</sup> Vart dei seinare tekne for det same lovbrotet, skulle dei miste livet.<sup>167</sup> Dersom dei dømde var i nær slekt, var det liten nåde å finne i lovtekstane. *"De som sig i de forbudne Leed imod Guds Lov, enten i Blod, eller Svogerskab, forsee, straffis paa deris Liv, og derforuden, saa fremt samme Blodskam er begangen baade med Fader og Søn, eller baade med Moder og Daatter, eller af Fader med Daatter, eller af Søn med Moder, da skulle Kroppene, naar de halshugne ere, kastis paa en Ild og opbrændis."*<sup>168</sup>

Det fantes likevel ei moglegheit for menn og kvinner til å søkje om å få inngå ekteskap med medlemmar av slekta, noko som kjem fram av ei forordning datert 27.desember 1770. *"For at spare Vedkommende den Bekostning og Tids-Spilde, som Bevillings Indløsning udfordrer, bliver herved i Almindelighed tilladt Sødkende-Børn og Næst-Sødkende-Børn at indlade sig i Egteskab med hindanden uden særdeles Bevilling. Ligeledes maae en Enkemand uden Bevilling ægte sin afdøde Hustrues Søster eller Søsterdatter og saa fremdeles ned ad i samme Linie. I øvrig forbliver det i henseende til de forbudne Leed i Egteskab ved D. og N.L".*<sup>169</sup> Denne forordninga vart vidare følgd opp 3.april 1771, då ein opna opp for at alle som ikkje i Guds lov var for nært i slekt, no skulle kunne gifte seg utan bevilling.<sup>170</sup> I 1775 vart likevel denne avgjersla trekt tilbake, og bevillingsplikt for ekteskap vart igjen innført ovanfor alle som var i slekt.<sup>171</sup> Ifølgje Tage Holmboe, var nok òg denne tilbaketrekninga sterkt økonomisk motivert. *"En af grunderne hertil*

---

<sup>165</sup> Holmboe, 1961:136.

<sup>166</sup> Dette vart endra med forordning 19.februar 1734 til å gjelde festningsarbeid for menn.

<sup>167</sup> NL, 1687:6-13.13.

<sup>168</sup> NL, 1687:6-13-14.

<sup>169</sup> Forordning 27.desember 1770. Schou, 1795.

<sup>170</sup> Forordning 3.april 1771. Schou, 1795.

<sup>171</sup> Forordning 14.desember 1775. Schou, 1795.

*synes at have været, at Kongens finanser ikke kunne tåle den afgang, de have lidt ved eftergivelse af, hva der tidlige var blevet erlagt i gebyrer".<sup>172</sup>*

Ut ifrå tabell 3.9. ser ein at det i løpet av perioden 1766-1810 vart sett inn 23 personar på slaveriet i Bergen for blodskam. Når det gjeld blodskamsakene gir fangeprotokollen oss òg innsikt i kven dei enkelte hadde blitt funne skuldig i å ha gjort svanger.

**Tabell 3.10. Oversikt over blodskamssakene\***

<b>Grad av slektskap</b>	<b>Personar</b>
Samleie med to systrer	2
Slekt i andre ledd	3
Si kjødelege syster	3
Si stesyster	1
Si halvsyster	2
Si eiga dotter	1
Si stedotter	8
Si kones syster	1
Systerdotter	1
Si kones halvsyster	1
<b>Sum</b>	<b>23</b>

\*Kjelde: Bghslave (DA).

Som vi ser er det fleire grove brot på blodskamslovene som her kjem til syne. Tre menn vart faktisk sett inn for å ha avla barn med si eiga syster, og ein for å ha fått born med si eiga dotter. NL var her ganske klar på kva følgjene skulle vere, døden. I kapittel 2 fann eg òg at i alle fall 13 personar vart sett inn på slaveriet for blodskam i perioden mellom 1733-1762. Kongen må med andre ord ha ført ei nokså nådig linje ovanfor dei som vart dømde for denne misgjerninga.<sup>173</sup>

### 3.4.3. Vald

Under denne kategorien har eg innlemma lovbroten som drap, slagsmål, overfall og mishandling av ektefelle. Ut ifrå fangeprotokollen har eg kome fram til at desse lovbrota fordeler seg slik:

---

<sup>172</sup> Holmboe, 1961:152.

<sup>173</sup> Bugge har registrert 17 tilfelle der blodskam førekomm som innsetningsårsak på slaveriet i Trondheim, men han nemner ikkje om dette var nært/fjernt slektskap. Bugge, 1969:97.

**Tabell 3.11. Førekomst av vald som innsetjingsårsak på slaveriet\***

Lovbrot	1766-1789	1790-1810	Sum
Drap	6	4	10
Slagsmål	7	3	10
Overfall	2	1	3
Slått si kone	1	1	2
Totalt	16	9	26

\*Kjelde: Bghslave (DA).

### 3.4.3.1. Lovgivinga for vald

Tabell 3.11. viser at det i løpet av perioden 1766-1810 vart sett inn 10 personar for drap. NL føreskrev dødsstraff for dei som tok livet av andre, med mindre det skjedde i naudverje eller ved eit uhell. Dersom drapet skjedde i villelse og raseri, noko som i våre dagar gjerne vil bli omtalt som å vere sinnsvak i gjerningsaugeblikket, eller drapet var utført av barn under 14 år, skulle ein likevel ty til bøter framfor livsstraff.<sup>174</sup>

Den danske historikaren Tyge Krogh har undersøkt bruken av avrettingar og korporlege straffer i Danmark-Noreg i perioden 1683-1753, og har mellom anna sett nærmare på korleis det teologiske fakultetet i København handterte ulike straffesaker. Fakultetet fungerte i denne perioden som ein viktig rettleiande instans for korleis Högsterett og kongen burde dømme og handtere dei ulike sakene, noko som var naturleg då dansk og norsk lov som tidlegare nemnd var sterkt religiøst forankra. Ifølgje Krogh handsama teologane drapssakene med særskilt omhug, då moselova kravde sterke bevis for at nokon skulle bli kjent skuldig for å med overlegg ha teke livet av ein person. Til dømes var ikkje eitt vitne tilstrekkeleg, ein måtte minimum ha to augevitne til misgjerninga. Fakultetet skilte òg frå byrjinga av mellom simple og overlagte drap, og det vart nøye vurdert om kva kategori den enkelte saka skulle vurderast under. Var det nokon tvil kring sakas omstende, valde fakultetet å anbefale at dødsstraff ikkje vart teke i bruk, men at ein heller idømde straffarbeid ”*indtil det maatte behage den alvidende og retfærdige Gud nærmere, ved egen Bekiendelse eller andre Tilfælde, aabenbare enten ham eller en anden som den rette Gierningsmand*”.<sup>175</sup>

Ifølgje Tage Holmboe byrja Högsterett i andre halvdel av 1700-talet å ta med subjektive element i sine vurderingar innanfor drapssaker. Dersom drapet hadde skjedd under særskilte omstende, men likevel ikkje kunne karakteriserast som våde eller naudverje, la dei ved ei innstilling om at kongen gjerne måtte omgjere dødsdommen. Retten kjende seg forplikta til å

<sup>174</sup> NL, 1687: 6-6-1 og 6-6-17-19.

<sup>175</sup> Sitat frå fakultetet i ei drapssak frå 1722, henta frå Krogh, 2000:193.

følgje lovtekstane, men gav med dette beskjed om at dei fann straffene for harde og lovtekstane for statiske.<sup>176</sup> Årsaka til at 10 personar vart sett inn på slaveriet for drap, kan dermed vere at det enten ikkje fantes tilstrekkeleg bevis til å idømme dødsstraff, eller at det førelåg særskilte formildande omstende.

Slagsmål skulle ifølge NL straffast med bøter, der summen varierte ut ifrå kor stor skade som hadde blitt gjort. Dersom ein hadde skada ein annan person alvorleg, vart det òg teke i bruk livsvarig festningsarbeid som straff.<sup>177</sup> Overfall er det noko meir uklart korleis skulle straffast, då eg ikkje har funne noko utfyllande om dette i lovtekstane. Enkelte tilfelle av overfall blir likevel nemnd, til dømes overfall med intensjon om røveri eller valdtek. Dette skulle straffast med døden.<sup>178</sup> Mishandling av ektefelle skulle straffast med festningsarbeid, skjønt noko tidsavgrensing blir ikkje nemnd.<sup>179</sup>

#### **3.4.4. "for Opsætsighed og slet Opførsel mod Øvrigheden"**

Å sette seg opp mot øvrigheita, eller opprør som ein òg kan kalle det, var ikkje eit framand fenomen på 1700-talet. Harde skattekrav fekk fleire til å agere, enten ved å nekte innbetaling eller, som vi såg ved Strilekrigen, med meir direkte motstand. Ifølge den norske historikaren Gustav Sætra, har tidlegare forsking underminert bøndenes evne til å uttrykke motstand mot øvrigheita. Det vanlege perspektivet har vore at bøndene var kongetru, medan Sætra hevdar at ein kan spore ei auka bevisstheit blant bondebefolkninga i løpet av 1700-talet. Opprør vart ein form for politikk, som gav klare signal til styresmaktene om at bøndene var misnøgde. Ifølge Sætra vart opprøra på 1700-talet òg oppfatta av styresmaktene som ein mogleg trugsel mot heilstaten, noko som gjorde at slike saker vart tekne særskilt alvorleg.<sup>180</sup> Ifølge NL 6-4-13 skulle personar som ytte motstand mot kongens befalingar eller forordningar når dei vart erklært på tinget eller andre stadar, straffast på ære, liv og gods. Den same straffa var gjeldande dersom nokon angrep kongens embetsmenn.<sup>181</sup> Lovverket gav med andre ord klar beskjed om at slik åtferd ville bli følgd opp med harde straffer.

I perioden 1766-1810, vart det sett inn 19 personar på slaveriet for å ha vist därleg åtferd mot øvrigheita. Den fyrste av desse vart sett inn på slaveriet i 1766. Han hadde blitt funne skuldig

---

<sup>176</sup> Holmboe, 1961:117.

<sup>177</sup> Sjå NL:6-7.

<sup>178</sup> Sjå NL, 1687: 6-16-1 og 6-13-18.

<sup>179</sup> Sjå N, 1687:6-5-7.

<sup>180</sup> Sætra, 1998. "Norske bondeopprør på 1700-tallet, en trussel mot den dansk-norske helstaten?".

<sup>181</sup> Sjå NL, 1687:6-4-15-16.

i å ha sett seg opp mot kompanisjefen sin.<sup>182</sup> To andre vart sett inn på anstalten i 1771, den eine hadde vist motstand mot øvrigheita, medan den andre hadde vist valdeleg åtferd mot øvrigheita.<sup>183</sup> Kva som meinast her er uvisst, men det er mogleg at den sistnemnde kan ha angripe ein av kongens tenestemenn. I så høve skulle dette ha vore straffa med døden. Ein annan person vart sett inn på slaveriet i 1791 for ”*Opsætsighed og slet Opførsel mod Ørvigheden*”.<sup>184</sup> Noko meir utfyllande informasjon blir ikkje gitt i protokollen.

Fire andre personar vart sett inn i 1798 for ”*mislig Opførsel ved Vey arbeid i 1994*”. Eg går ut ifrå at det her kan vere snakk om utarbeidingsa av kongevegen over Filefjell i åra 1792-1794. Ifølgje bygdebokskrivaren Kåre Hovland, som har skrive ein artikkel om dette arbeidet på nettsidene til fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, gjorde nemleg bøndene opprør mot dette pliktarbeidet som vart pålagt dei av styresmaktene. ”*Året 1793 ville ikke lærdølene ”.. føie sig til det regulerede Veyarbeide”*. *Løytnanten hadde sett seg nøydd til å gje somme ”nogle pryl”*. *Bøndene var då ”strax ferdige at angripe ham med deres knive”*. Jürgensen (løytnanten) svara med å gje dei ”*opsetsige” endå meir stokkepryl*”.<sup>185</sup> Bøndene heldt seg vekke frå arbeidet etter hendinga. Og året etter nekta dei å møte opp, noko som vart følgd opp med bøtelegging frå styresmaktene. Ifølgje Hovland roa gemyttane seg etter kvart, og både saka og bøtene vart lagt vekk. Dersom dei fire innsette på slaveriet hadde tilkopling til denne hendinga, vart det likevel etterspel.

To av dei som vart sett inn på bakgrunn av opprør, var dei utpeika leiarane av den såkalla Strilekrigen i Bergen i 1765, ei hending som vart nærmare omtala i kapittel 2. Desse vart i utgangspunktet dømd frå livet, men kongen endra straffa til livsvarig slaveri. Dei dukkar opp i fangeprotokollen 1.november 1768. Som følgje av Strilekrigen kom det ei forordning den 5.juli 1765 som ettertrykkeleg åtvara bøndene mot å gjere liknande igjen. Å kalle inn til forsamling utan øvrigheitsas befaling vart heretter forbode, dei som braut med forordninga kunne vente seg dødsstraff eller festningsarbeid i jern, alt ”*etter Sagens Beskaffenhet*”.<sup>186</sup>

Forordninga skulle likevel vise seg å ikkje skremme allmogen vekk frå å ty til opprør, då det i 1777 vart sett inn fem personar på slaveriet for å ha egra til opprør i Stavanger i 1772.

Johannes Elgvin, som i 1956 gav ut eit større verk om Stavanger by si historie for perioden 1536-1814, omtalar denne hendinga. Bakgrunnen til opprøret var at byfuten i Stavanger i

---

<sup>182</sup> Sjå fange nr.9 i protokollen (Bghslave DA). Innsetjingsårsak oppgitt i vedlegg I.

<sup>183</sup> Sjå fange nr.51 og 53 i protokollen (Bghslave DA). Innsetjingsårsak til fange nr.53 i oppgitt i vedlegg I.

<sup>184</sup> Sjå fange nr. 260 i protokollen (Bghslave DA)

<sup>185</sup> Sjå [http://www.digitalfortalt.no/show\\_single.aspx?art\\_id=267](http://www.digitalfortalt.no/show_single.aspx?art_id=267)

<sup>186</sup> Forordning 5.juli 1765. Gjenteke ved forordning 4.april 1793 og 9.august 1794. Schou, 1795.

1772 kravde utpanting for ekstraskatt som skulle ha vore betalt i 1770 og 1771. Dette var økonomiske harde tider, då Stavanger opplevde bybrann både i 1766 og 1768.<sup>187</sup>

*"Kravet om utpanting førte til regulært oppløp: henimot 200 mann av ordinære borgere, matroser og daglønnere, ledet av Elling Mauritzen, Jonas Olsen og Mogens Didrichsen greidde å forpurre hele utpaningen [...] I realiteten fikk opprørerne støtte av de eligerte. Disse erklærte nemlig at erfaringen viste at det var umulig å drive inn skatter i byen ved utpanning: dels fordi så mange skyldte, så utpanterne alltid ble møtt med voldsom motstand, dels fordi det var uråd å samle så mye pantegods, og nå var det dessuten umulig å få det omsatt i penger".<sup>188</sup>*

Vidare skriv Elgvin at riksstyret ettergav opprørarane all straff, men her tek han feil. I eit brev datert 24.september 1772 erklærte nemleg kongen: *"At hovedmændene ved dette opprør blive hæftede, actionerede, dømte og til exempel afstraffede saameget merre, som indbyggerne der paa stedet til oprør ere disponerede, og derpaa adskillige gange, endog engang i det forrige aar, have givet prøver".<sup>189</sup>* Fem av dei som deltok i opprøret vart dømde til slaveri på Bergenhus. Leiaren for opprøret, Elling Mauritzen, omtala som Elling Mourizen i fangeprotokollen, vart attpåtil sett inn på livstid.

Dei siste fire som vart dømde og sett inn for opprør på Bergenhus festning kom frå Skudeneshavn på Karmøy, og dukkar opp i fangeprotokollen 9.januar 1804. På bakgrunn av vegutbygging vart bøndene på Karmøy i 1800 pålagt ein ekstraskatt som dei nødig ville betale. Dei sendte difor av garde eit lite følgje av representantar beståande av Knut Endresen Syre, Søren Olsen Faa frå Finnøy, John Quam frå Nedstrand, Nils Tysdal frå Årdal og Peter Etlejersen frå Kvitsøy til København for å tale deira sak for kongen. *"..i København hadde de "den nåde at overlevere Ansøgningen i Hans Kongelige Høyhed Kronprinsens egen Haand, samt omsider fik det Svar at Hvad Ret er skulle de faae." Glade reiste de hjem."*<sup>190</sup>

Då hausstinget i Stangeland skipreide vart heldt den 21.september 1801, freista futen å få inn vegskatten, noko bøndene ikkje gjekk med på. Knut Syre gjekk i spissen og kravde å få sjå eit reskript som vedgjekk betalinga av denne ekstraskatten, då dei meinte dei hadde blitt fritekne av kongen. Situasjonen eskalerte, og Syre vart skulda for å ha brukta skjellsord mot øvrigheita. Futen klaga saka vidare inn for kongen, som gav ordre om at Syre skulle arresteraast for si frimodige åtferd på tinget. 4. januar 1802 vart så Syre arrestert og ført til lensmannen, men to

---

<sup>187</sup> Elgvin, 1956:319.

<sup>188</sup> Elgvin, 1956:321.

<sup>189</sup> Danske kanselli, Norske innlegg, 7.januar 1773, fra stiftbefalingsmand i Christiansand.

<sup>190</sup> Sjå [http://www.karmoynett.no/index.php?ss=article&mode=show\\_art&art\\_id=606](http://www.karmoynett.no/index.php?ss=article&mode=show_art&art_id=606)

dagar seinare byrja det samle seg ei folkemengde utanfor lensmannsgarden som kravde at Syre skulle setjast fri. Lensmannen resiterte frå forordninga av 1765, og åtvara bøndene mot kva følgjer denne samankomsten kunne få. Situasjonen endte likevel med opprør, då bøndene tvang seg inn og frigjorde Syre med makt.<sup>191</sup>

Då kongen fekk høyre om hendinga, beordra han at det skulle sendast militære styrker frå Bergen for å få tak i Syre og dei som hadde gått i fronten for opprøret hos lensmannen. Soldatane frå Bergen kom likevel ikkje overraskande på Karmøy-bøndene, opptil 200 mann stod og tok imot dei når dei ankom Kopervik. Syre og dei andre mennene dei var på jakt etter var ingen stad og finne, og soldatane måtte returnere til Bergen utan arrestantar.

Myndighetene byrja no å bekymre seg for den sterke opprørviljen på Karmøy, og 28.april 1802 vart det sendt av garde eit krigsskip frå Kristiansand med destinasjon Karmøy. Om bord på skipet var det ein kommisjon som skulle granske saka og felle dom, og dei fekk òg tak på dei ynskja arrestantane. Syre vart den 26.februar 1803 dømd til livsvarig festningsarbeid, det same vart meir enn 50 av dei som hadde vore med i opprøret. Dommen vart så anka inn for Högsterett, som reduserte straffene betrakteleg. Fire av dei som hadde vore med i opprøret hamna deretter på Bergenhus festning, der dei kvar og ein skulle sone ein dom på 6 månadar.<sup>192</sup>

### **3.4.5. Lausgjengeri og militær desertering**

I løpet av perioden 1766-1810, vart det sett inn tre personar for militær desertering på slaveriet, samt tretten personar for lausgjengeri. Deserteringane er frå åra 1767, 1768 og 1781. Desertering skulle ifølgje lova straffast på kroppen med spissrotgang eller ris, og dersom ein soldat deserterte fleire gongar kunne ein ta i bruk livsvarig festningsarbeid.<sup>193</sup>

Lausgjengeri dukkar siste gong opp som innsetjingsårsak i 1795. Dette lovbrotet skulle i røynda straffast med tukthusarbeid, men ifølgje forordning av 18.april 1744, kunne ein setje inn lausgjengrar på slaveria i dei sakene det ikkje passa seg å ta i bruk tukthusa.<sup>194</sup> Ved forordning av 25.september 1744 vart slaveri òg primærsanksjon ovanfor såkalla

---

<sup>191</sup> Sjå [http://www.karmoynett.no/index.php?ss=article&mode=show\\_art&art\\_id=606](http://www.karmoynett.no/index.php?ss=article&mode=show_art&art_id=606)

<sup>192</sup> Ibid.

<sup>193</sup> Forordning 16.11.1763 og 27.12.1780. Schou, 1795.

<sup>194</sup> Forordning 18.4.1744. Wessel-Berg, 1841.

landstrykarar, då ”*de ere saa onde af Natur og saa stærke, at de ikkje i Tugthuset kunne blive disciplinerede*”.<sup>195</sup>

### 3.4.6. Andre lovbroter

Under denne kategorien har eg samla diverse lovbroter som eg ikkje har kunna plassert under nokon av dei føregåande kategoriane, i alt 19 saker. Desse har eg vidare delt inn i tre sakstypar, nemleg uforsiktigheit med eld, inn- eller utlosning av framande skip, samt usømeleg åtferd. Etter 1791, er det berre i fem tilfelle at eit av desse lovbrota dukkar opp som innsetjingsårsak på slaveriet. I det eine tilfellet var det ein som hadde forårsaka ein brann i 1799, dei fire andre vart sett inn i 1809 og 1810 for å ha losa inn og ut ein engelsk fregatt.

I alt fem personar vart sett inn på slaveriet som følgje av at dei hadde starta ein brann.

Uforsiktigheit med eld skulle ifølgje forordning av 18.desember 1751, straffast med festningsarbeid på mellom 1-2 år dersom brannen ikkje gjorde noko vidare skade. Dersom brannen spreidde seg var situasjonen annleis, då skulle det idømmast livsvarig festningsarbeid.<sup>196</sup> Overlagt brannstifting skulle straffast med halshogging og bøter.<sup>197</sup>

Sju personar var tekne for å ha losa inn eller ut framande skip utan å ha løyve til dette, medan ein hadde losa eit skip på ei klippe. Fire av desse var dømde for å ha losa inn og ut det engelske krigsskipet Tartar, som i 1808 gjekk til åtak på Noreg.<sup>198</sup>

Sju andre var tekne for det eg har valt å definere som usømeleg åtferd. Her inngår mellom anna drukkenskap og uskikkeleg levemåte med kona, utskjellig av ein borgar, ein hadde behandla mor si därleg, ein annan hadde selt øl (då truleg utan løyve), samt ein som hadde vist ulovleg åtferd på gata nattetid. Dette var med andre ord ikkje reelle lovbroter, men usømeleg åtferd. Ein skulle tru at slike personar heller skulle setjast inn på tukthuset, men kva årsaka var til at dei hamna på slaveriet vitast ikkje.

### 3.4.7. Bøtesoning

Personar som var idømd bøter som følgje av lovbroter, kunne ifølgje forordning av 6.desember 1743 nedbetale desse ved å arbeide i jern. Det skulle då trekkjast 16 skilling frå bota kvar dag.

---

<sup>195</sup> Forordning 25.september 1744. Wessel-Berg, 1841:905.

<sup>196</sup> Forordning 18.12.1751. Schou, 1795.

<sup>197</sup> Sjå NL, 1687:6-19-1-2.

<sup>198</sup> På bakgrunn av plassmangel, vil eg ikkje gå djupare inn på denne hendinga. Ein kan lese om den på <http://www.arkivverket.no/webelles/sab/tartar/hovedtekst.html>

Gjennomgangen av innsetjingsårsakene sett opp mot lovverket, har vist at bøter var primærstraffa for mellom anna leiermål og slagsmål. Slik sett kunne svært mange ha blitt plassert innanfor kategorien ”bøtesoning”, men eg har valt å skilje ut dei ulike lovbrota for å lettare kunne påpeike endringar i innsetjingsgrunnlaget, samt diskutere eventuelle endringar innanfor lovverket. Dette inneber at dersom det er oppgitt ”slagsmål” som innsetjingsgrunnlag, har eg plassert denne personen under kategorien ”vald”. Dersom det derimot er oppgitt ”slagsmålsbøter”, har eg plassert han i kategorien ”bøtesoning”.

I løpet av perioden 1766-1810 vart det satt inn 24 personar på slaveriet som skulle nedarbeide idømde bøter, eller som skulle sone ei straff for ein kombinasjon av lovbroter der bøter inngjekk som innsetjingsårsak. Dei to fyrste av desse såkalla bøtesonarane vart sett inn på anstalten i 1770, dei to neste i 1772 og 1778. Deretter vart heile sytten personar sett inn for bøter i tidsrommet 1780-1790. Etter 1790 dukka bøtesoning opp som innsetjingsårsak berre i tre tilfelle, to gongar i 1792 og ein gong i 1804. Bugge fann at det i løpet av perioden 1764-1814 vart sett inn 31 bøtesonarar på slaveriet i Trondheim, men han spesifiserar ikkje korleis desse fordeler seg i løpet av perioden.<sup>199</sup>

### **3.5. Oppsummering**

Kapitlet har vist at fangebelegget ved slaveriet i Bergen har vore noko varierande, mellom anna gjekk talet på innsetjingar kraftig ned ved inngangen til 1790-talet. Årsaka til dette er truleg tjuveriforordninga av 1789, som fastsette tukthusstraff for fyrste gongs ringe tjuveri. Eg fann at det var menn i aldersgruppene 20-30 år og 31-40 år som var tyngs representert blant dei innsette, men ei samanlikning med folketeljinga frå 1801 viste at befolkninga i Noreg òg var ung på denne tida. Ein gjennomgang av geografisk tilknyting, viste at Bergen var overrepresentert som oppgitt fødestad i forhold til andre delar av administrasjonsdistriktet.

Ein gjennomgang av innsetjingsårsakene på slaveriet viste at det var vinningslovbrot som utgjorde hovudkategorien, då halvparten av dei eg kjenner innsetjingsårsaka til høyre heime innanfor denne. Eg fann òg fleire lovbroter som ifølgje lova skulle vore straffa med dødsstraff, mellom anna blodskam, falskmyntneri og drap. Enkelte endringar innanfor lovgivinga fremja

---

<sup>199</sup>Bugge har plassert bøtesonarar saman med enkelte andre lovbroter under kategorien ”diverse”. I perioden 1764-1789 utgjorde ”diverse” innsetjingsgrunnlag i 59 saker, medan i perioden 1790-1814 var talet 15. Han nemner i teksten at bøtesonarane utgjorde 31 av desse innsetjingane, men ikkje korleis dei fordeler seg i løpet av perioden. Sjå Bugge, 1969:97-98.

bruken av slaveristraffa i løpet av perioden. Særskilt viktig var avskaffinga av dødsstraff for tjuveri i 1771.

Fleire av innsetjingsårsakene forsvann mot slutten av 1700-talet. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at tukthusa tok over som straffanstalt for mindre alvorlege lovbroter, samt at enkelte lovbroter gradvis vart avkriminalisert.

## Kapittel 4. Lovbrot og straffepraksis

### 4.1. Innleiing

Førre kapittel ga mellom anna ei oversikt over kva lovbrot dei innsette på slaveriet hadde blitt funne skuldige i, og om lovverket i røynda føreskreiv festningsarbeid som straff ovanfor desse misgjerningane. I dette kapitlet vil eg ved hjelp av fangeprotokollen mellom anna undersøkje kva soningslengde dei ulike lovbrota vart straffa med. NL frå 1687 samt seinare kongelege forordningar gav svært få instruksar kring straffenes lengde når det gjaldt bruken av slaveri som rettsleg sinksjon. Det vart gjerne oppgitt at det skulle idømmast livstid, eller det noko diffuse ”*etter sakens eller misgjerningens beskaffenhet*”. For å få ei klarare forståing kring korleis festningsslaveri vart teke i bruk som straffesanksjon i andre halvdel av 1700-talet, er det difor essensielt å studere praksisen kring straffen lengde. Som tidlegare nemnd har eg ikkje hatt kapasitet til å leite fram dommane til dei enkelte som vart sett inn på straffanstalten, då dette ville vere ei særslig arbeidskrevjande oppgåve med tanke på at sakene i mange tilfelle vart anka vidare til fleire rettsinstansar før ein endeleg dom førelåg. Fangeprotokollen til slaveriet i Bergen har eigne rubrikkar for innsetjings- og lauslatingsdato, og eg må difor basere meg på dei opplysningane som blir gitt der. Dette vil sei at eg ikkje kan svare på kva straffelengde som var idømd, men heller korleis praksisen var med omsyn til innsetjingslengda for dei ulike lovbrota. Eit unntak er likevel dei som var dømde til livsvarig slaveri, då dette er markert i protokollen. Desse vil bli presentert som ”livstid” i dei førekommende framstillingane, medan eg i neste kapittel vil gjere nærmare greie for kva som skjedde med desse slavane.

Spørsmål eg ynskjer å finne svar på i dette kapitlet er mellom anna om det er enkelte misgjerningar som skil seg ut med tanke på kor streng straffa var, det vil seie om det var nokon lovbrod der bruken av livstidsstraff førekomm svært ofte? Var det nokon lovbrod som vart straffa særskilt mildt i forhold til kva lovverket føreskreiv? Vart dei same misgjerningane tilsynelatandes straffa likt, eller verkar det som om domstolane har ført ein nokså vilkårleg praksis kring dette? Ser ein ei endring med tanke på straffenes lengde i løpet av perioden? Her er det i røynda berre kategorien ”vinningslovbrot” som utgjer eit tilstrekkeleg kvantitatativt materiale til å konkludere om det skjer ei endring over tid, då talet på innsetjingar tilhøyrande dei andre kategoriene er for fåtallige til å kunne trekke nokon generelle konklusjonar.

Bugge har i sine undersøkingar kring slaveriet i Trondheim sett nærmare på fordelinga av straffenes lengde før og etter 1790, men han har valt å sjå alle straffene under eitt, og har difor ikkje ei framstilling av korleis dei ulike lovbrota vart straffa.<sup>200</sup> For å kunne nytte Bugges funn, samt kunne trekke nokon konklusjonar kring spørsmålet om det skjer ei allmenn endring av straffelengdenes utvikling ved slaveriet i Bergen, vil eg etter å ha gått igjennom dei ulike kategoriane sjå resultata under eitt. Eg vil då òg ha moglegheita til å ta med straffelengdene på dei eg ikkje kjenner innsetjingsårsaka til, og dermed kunne vurdere om ein ser ei samsvarande utvikling når det gjeld straffenes lengde ved slaverianstaltane i Trondheim og Bergen.

I likskap med førre kapittel, har eg valt å dele dei ulike lovbrota inn i sju kategoriar. Sidan fleire av dei innsette var dømde for fleire lovbro, vil dei òg dukke opp innanfor fleire av kategoriane. I dei høva der dette er tilfellet, vil det bli markert i framstillinga kor mange desse er, samt kva lovbro som inngår i den straffa dei sonar.

## **4.2.Slaveristraffas lengde for vinningslovbrot**

I førre kapittel kom eg fram til at det var vinningslovbrot som dominerte som innsetjingsårsak på slaveriet i perioden 1766-1810. Nærmore 50% av dei eg kjenner innsetjingsårsaka til hadde blitt funne skuldig i enten tjuveri, tollsvik, bedrageri, innbrot, heleri, ulovleg framstilling av myntar/seidlar eller ran, og vidare utgjorde tjuveri heile 91% av desse vinningslovbrota.<sup>201</sup> Endringane som fann stad innanfor tjuverilovgivinga i andre halvdel av 1700-talet, noko som vart nærmare diskutert i førre kapittel, vil difor vere særskilt sentralt for å kunne forklare eventuelle endringar i straffenes lengde innanfor denne kategorien i løpet av perioden.

Med tanke på at vinningslovbrotskategorien er såpass stor, og samstundes for å gjere det lettare for meg sjølv å seinare samanlikne mine resultat med Bugge sine funn, har eg valt å dele vinningslovbrota inn i to tidsbolkar, før og etter 1790. Ei anna viktig årsak til denne inndelinga er den tidlegare omtala tjuveriforordninga av 1789, som innebar at ein for fyrste gong fekk ei klar gradering av korleis tjuveri av ulik art skulle straffast. Etter 1790 var det òg med unntak av eitt tilfelle utelukkande tjuveri som utgjorde bakgrunnen for innsetjing innanfor denne kategorien.

---

<sup>200</sup> Bugge, 1969:95.

<sup>201</sup> Sjå tabell 3.7. og 3.8. i kapittel 3.

Var så livstid ein ofte nytta sanksjon mot vinningslovbrot i perioden 1766-1789, eller var det dei kortare straffene som var mest i bruk?

**Tabell 4.1 Straffas lengde for vinningslovbrot 1766-1789\***

Straffas lengde	Tal på innsetjingar	Sett inn for ein kombinasjon av lovbrot <sup>202</sup>	Tilnærma prosent
Inntil 6 mnd	13	2	19 %
Inntil 1 år	6	0	7 %
Inntil 2 år	6	1	7 %
Inntil 3 år	3	0	3 %
Inntil 4 år	1	1	1 %
Inntil 5 år	1	0	1 %
Inntil 6 år	3	0	3 %
Livstid <sup>203</sup>	41	4	49 %
Kongens nåde	6	2	9 %
<b>Sum</b>	<b>80</b>	<b>10</b>	<b>100%</b>

\*Kjelde:Bghslave (DA)

Tabell 4.1 viser at nærmere 50% av dei som vart sett inn på slaveriet for vinningslovbrot i perioden 1766-1789, eller for ein kombinasjon av lovbrot der vinningslovbrot inngjekk, vart straffa med livstid. At så mange av dei innsette var dømde til livsvarig slaveri, har si forklaring i enkelte endringar som vart gjennomført innanfor tjuverilovgivinga i andre halvdel av 1700-talet, noko eg òg var inne på i førre kapittel.<sup>204</sup> I 1771 vart dødsstraff for stort eller fleire gongar lite tjuveri avskaffa og erstatta med kakstryking, brennemerking og livsvarig slaveri.<sup>205</sup> Festningsslaveri på livstid fekk frå no av ei heilt sentral rolle som straffesanksjon ovanfor tjuveri, noko òg tabellen gir uttrykk for.

Tabell 4.1. viser òg at av dei tidsavgrensa straffene var det innsetjingar på inntil 6 månadar som var mest i bruk, og det var generelt svært få som fekk straffer som strakk seg lenger enn to år. I tillegg vart åtte personar sett inn på *kongens nåde*. Når ei sak hadde blitt lagt fram for retten og den skulda hadde fått sin dom, kunne den domfelte anke saka vidare til høgare

<sup>202</sup> Ein på 26 dagar for lite tjuveri samt nedbetale tvigjeld, ein på 6 mnd for tollsvik og bøter. Ein på 2 år for tjuveri og slagsmål, ein på 4 år for lite tjuveri og desertering. Ein på livstid for tjuveri og desertering, ein på livstid for tjuveri og innbrot, ein på livstid for tjuveri og lausgjengeri, ein på livstid for mord og ran. Ein på kongens nåde for tjuveri og desertering, og ein på kongens nåde for tjuveri og innbrot. Kjelde Bghslave (DA).

<sup>203</sup> I eit tilfelle står det ikkje i protokollen at fangen er sett inn på livstid, men at han døde etter 10 år på slaveriet. Med tanke på den lange soningstida, har eg valt å tolke dette som livstid. Sjå fange nr. 138 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>204</sup> Tabell 3.8. i førre kapittel viste at i dei tilfella der vinningslovbrot var oppgitt som innsetjingsårsak, var 91% tjuveri. Det er difor fyrst og fremst endringane innanfor tjuverilovgivinga i andre halvdel av 1700-talet som er sentralt for å forstå dei gitte straffene.

<sup>205</sup> Forordning 27. april 1771. Schou, 1795.

rettsinstansar. Dette kunne fort bli ei kostbar affære, så ein hadde òg moglegheit til å underkaste seg kongens nåde. Kongen kunne då godkjenne dommen, eller endre den slik han ville. Å bli sett inn på kongens nåde innebar at kongen ikkje hadde fastsett noko lengde på straffa, i verste fall kunne ein bli sitjandes på anstalten livet ut. Det var likevel vanleg praksis at kongen benåda slike fangar etter nokon år.<sup>206</sup>

Dei fleste som vart sett inn på anstalten på bakgrunn av vinningslovbrot i denne perioden hadde blitt teke for tjuveri, men vart så tjuveri av same art straffa likt? Eit problem som gjer seg gjeldande her, er at fangeprotokollen i mange tilfelle berre oppgir ”tjuveri” som innsetjingsårsak, og nemner ikkje om det er ringe eller stort tjuveri. Men ut ifrå dei opplysningane som blir gitt, ser det ut til at stort tjuveri gjennomgåande vart straffa med livstid, noko som då òg var i tråd med lovverket etter 1771. I tillegg til dei tjuveridømde fann ein òg til dømes sju personar som var sett inn for tollsvik, noko som skulle straffast med enten bøter eller festningsarbeid.<sup>207</sup> Her heldt straffesoninga seg innanfor ei ramme på ein månad og i overkant av eitt år på slaveriet.<sup>208</sup> To andre fangar hadde blitt tekne for å ha framstilt falske myntar eller pengesetlar, noko som tilsynelatandes vart straffa med to månadar og tre år.<sup>209</sup> Ifølgje NL skulle dette straffast på ære, liv og gods, så ein ser her at praksisen skil seg kraftig ifrå lovgivinga.<sup>210</sup> Blant dei innsette var det òg to personar som hadde blitt funne skuldig i bedrageri, og desse sona straffer på seks månadar og eitt år.<sup>211</sup> Desse døma viser at sjølv om det førekjem visse skilnadar innanfor straffesoninga, er desse skilnadane heller ikkje større enn at ein kan hevde at praksisen har vore nokså unison.

I 1789 kom det så ei forordning som sette ei klarare gradering av tjuveristraffene, der fyrste gongs ringe tjuveri no skulle straffast med tukthusarbeid på mellom to månadar og to år framfor slaveri. Andre gongs ringe tjuveri skulle straffast med festningsarbeid på tre til fem år, tredje gongs ringe tjuveri med livsvarig slaveri, og grove tjuveri samt fjerde gongs ringe tjuveri med kakstryking, brennemerking og livsvarig straffarbeid under strengt vakthald.

<sup>206</sup> Holmboe, 1961:154. Av dei åtte som på bakgrunn av vinningslovbrot vart sett inn på kongens nåde på slaveriet i Bergen i perioden 1766-1789, vart ein sett fri etter seks år og seks månadar og deretter sendt ut av landet. To vart sett fri etter fem år, ein annan etter fem år og seks månadar. Ein fekk kome ut etter tre år, medan ein døde etter ein månad på slaveriet. Ein måtte arbeide i jern seks år, medan den siste rømde etter fire månadar på anstalten. Kjelde Bghslave DA.

<sup>207</sup> Forordning 25.2 1771. Gjenteke ved forordning av 26.1.1778 og 16.august 1783. Schou, 1795. Sjå førre kapittel.

<sup>208</sup> Sjå fange nr. 64, 190, 197, 215, 216, 217 og 224 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>209</sup> Sjå fange nr.11 og 251 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>210</sup> NL: 6-18-2.

<sup>211</sup> Sjå fange nr.56 og 236 i protokollen (Bghslave DA).

Kongen understreka at dommarane skulle følgje desse straffene til punkt og prikke, samt at lovbytarane ikkje kunne forvente seg noko avkorting av straffeutmålinga.<sup>212</sup> Det er likevel interessant at forordninga i ei viss grad motsei kongens ord, då tredje gongs ringe tjuveri skulle straffast med livsvarig slaveri, noko som òg var tilfellet for fjerde gongs ringe tjuveri. Dette kan indikere at styresmaktene må ha hatt ein utbreidd benådningspraksis ovanfor livstidsfangane, noko eg vil kome nærmare inn på i neste kapittel.

Men korleis kom den nye graderinga av tjuveristraffene til syne innanfor straffelengdene for vinningslovbrot på slaveriet i Bergen etter 1789?

**Tabell 4.2 Straffas lengde for vinningslovbrot 1790-1810\***

Straffas lengde	Tal på innsetjingar	Tilnærma prosent
Inntil 6 mnd	6	7 %
Inntil 3 år	37	45 %
Inntil 4 år	12	15 %
Inntil 5 år	4	5 %
Inntil 6 år	1	1 %
Livstid	21	26 %
Kongens nåde	2	3 %
<b>Sum</b>	<b>83</b>	-

\* Kjelde: Bghslave (DA).

Tabell 4.2 viser at det skjedde ei sentral forskyving i straffenes lengde etter 1790, då talet på livstidsinnsatte no var omkring halvert i forhold til perioden 1766-1789. Dei fleste som vart sett inn på slaveriet for vinningslovbrot i perioden 1790-1810 sona straffer på mellom tre til fem år, og dermed var det andre gongs ringe tjuveri som tilsynelatandes var mest utbreidd blant vinningslobrota i denne perioden. Bugge har òg undersøkt innsetjingsårsaker på tukthuset i Trondheim for perioden 1745-1814, der verknaden av tjuveriforordninga av 1789 kjem godt til syne. I perioden før 1790 vart det sett inn 27 menn på tukthuset der tjuveri var oppgitt som innsetjingsårsak. I perioden etter steig talet til 401.<sup>213</sup>

Forordninga av 1789 endra med andre ord den tidlegare straffepraksisen markant, men vart forordningas rammer for straffenes lengde alltid følgd? I august 1789 vart Arne Olsen Bervig sett inn på livstid på slaveriet for smått tjuveri, ei særslig hard straff då forordninga av februar same år føreskreiv tukthusstraff på mellom to månadar og to år for dette. I den andre enden av skalaen finn ein Arne Andersen frå Askvoll, som i 1798 vart sett inn på slaveriet for å sone ei

<sup>212</sup> Forordning 20.februar 1789. Schou, 1795.

<sup>213</sup> Bugge, 1969:97.

straff på tre år for å ha blitt funne skuldig i tredje gongs ringe tjuveri. Ifølgje forordninga av 1789, skulle dette straffast med livstid. Årsaka til dette kan sjølv sagt ha si forklaring i formildande eller skjerpende omstende som dommarane har teke med i si vurdering, då dette òg var noko som forordninga av 1789 presiserte. Alder, bakgrunn, tidlegare åtferd og kva som hadde blitt stelt skulle frå no av takast med i vurderinga før det vart idømd straff.<sup>214</sup>

#### **4.3. Slaveristraffas lengde for seksuelle lovbroter**

I førre kapittel kom eg fram til at det totalt var 38 personar som vart sett inn på slaveriet på bakgrunn av såkalla seksuelle lovbroter, der overraskande mange var dømde for særslig grove tilfeller av blodskam. Korleis vart så lovbroter som hor, leiermål og blodskam straffa? Eg har her valt å ikkje dele perioden i to, då det er så få saker at dette ikkje synes naudsynt. Det er likevel verdt å nemne at det etter 1788 ikkje vart sett inn nokon personar for leiermål eller hor på slaveriet, samt at dei siste tilfellene der blodskam utgjer innsetjingsårsak dukkar opp i 1802.

**Tabell 4.3. Straffas lengde for seksuelle lovbroter\***

Straffas lengde	Leiermål	Blodskam	Hor	Sum
Inntil 6 mnd	4	6	8	18
Inntil 1 år	2	1	-	3
Inntil 2 år	-	3	-	3
Inntil 4 år	-	1	-	1
Inntil 6 år	-	2	-	2
Livstid	-	10	-	10
Kongens nåde	1	-	-	1
Sum	7	23	8	38

\*Kjelde: Bghslave (DA).

Tabell 4.3. viser at det i løpet av perioden vart sett inn åtte personar for såkalla hor på slaveriet, og at ingen av desse sona ei straff på meir enn seks månadar. Hor var ein definisjon på eit seksuelt forhold der den eine eller begge partar var gifte. Ifølgje NL skulle fyrste gongen hor straffast med høge bøter, ved andre gongen hor venta i tillegg til bøter og forvising, og vart ein teken tre gongar laud straffa på livet. Dersom begge partar var gifte, og etter fleire åtvaringar ikkje avslutta forholdet, skulle mannen halshoggast og kvinnen stappast i ein sekk og druknast.<sup>215</sup> Ut ifrå lovverket kan dette tyde på at dei som var satt inn for hor på slaveriet enten hadde blitt funne skuldig i fyrste eller andre gongen hor, og dermed skulle nedarbeide bøtene dei hadde blitt idømd. Dette er likevel ikkje sikkert, då det ifølgje Tage Holmboe, som har undersøkt Høgsterett sin påverknad på strafferetten på 1700-talet, vart ført ein nokså mild

<sup>214</sup> Forordning 20.februar 1789 Schou, 1795.

<sup>215</sup> NL, 1687: 6-13-25-26.

praksis i desse sakene. Høgsterett måtte dømme i tråd med lovverket, men la ofte ved ei innstilling til kongen om å benåde lovbrytaren dersom dommen lydde på livet, då ein fann denne straffa for hard. Allereie frå 1730-talet vart dødsstraff for hor i mange tilfelle endra til livsvarig straffarbeid, og mot slutten av det 18.århundre var det ikkje uvanleg at Høgsterett bad kongen om å endre den opphavlege dødsstraffa til eit kort fengselsopphald på vatn og brød.<sup>216</sup> Denne milde praksisen kjem òg til syne i eit brev eg kom over i arkivet etter generalauditøren på Bergenhus festning. Lars Larsen Hatletvedt hadde i 1793 blitt funne skuldig i andre gongs hor, og var dømd til å settast i jern på kongens nåde. Dette vart endra av kongen til vatn og brød i 28 dagar.<sup>217</sup> Styresmaktenes nådige innstilling i desse sakene er òg gjerne forklaringa på kvifor hor ikkje dukkar opp som innsetjingsårsak på slaveriet etter 1788.

Leiermål var seksuelle forhold utanfor ekteskap, noko som var forbode på 1700-talet. Tabell 4.3. viser at sju personar vart sett inn på straffanstalten på bakgrunn av dette lovbrotet, der seks av dei heldt seg innanfor ei strafferamme på eitt år. Fire av dei innsette hadde tilsynelatandes blitt funne skuldig i fyrste gongs leiermål. To av desse sona straffer på seks månadar på slaveriet, den tredje fekk eitt år for å ha avla born med tenestejenta si, medan den fjerde fekk sleppe med 144 dagar i jern.<sup>218</sup> Straffa for fyrste gongs leiermål var bøtelegging, så desse fire kan moglegvis definerast som bøtesonarar. Det var òg ein person som hadde blitt funne skuldig i andre gongs leiermål, noko han måtte sone ei straff på eitt år for.<sup>219</sup>

Dei to siste sakene der leiermål dukka opp som innsetjingsårsak på slaveriet omhandla tredje gongs leiermål, og er frå året 1781. Ole Reyertsen vart dette året sett inn på kongens nåde for tredje gongs leiermål, og måtte totalt sone fem år og sju månadar på anstalten. Same år vart Torger Iversen sett inn for det same lovbrotet, men han slapp fri etter seks månadar.<sup>220</sup> Denne skilnaden i straffeutmålinga kan gjerne ha si forklaring i at den fyrstnemnde har blitt teke for å ha hatt lekamleg omgang med kvinner som tidlegare hadde hatt eit godt rykte, noko som ifølgje NL skulle straffast med livsstraff ”*eller i andre Maader med højeste Straf andre til Exempel og Forskrekkelser*”. Lovtekstane var mildare i tonen dersom det var berykta kvinnfolk ein hadde hatt lekamleg omgang med, då slapp ein unna med bøter og fengsel, noko som kan

<sup>216</sup> Denne benådningspraksisen vart etter kvart så utbreidd, at frå 1812 kunne kanselliet sjølv tildele benådning for hor utan å legge saka fram for kongen. Sjå Holmboe, 1961:137-138.

<sup>217</sup> Bergenhus kommandantskap. Arkivet etter generalauditøren. Justissaker. Brev datert 23.august 1793. SAB.

<sup>218</sup> Sjå fange nr. 25, 34, 131 og 165 i protokollen (Bghslave DA)

<sup>219</sup> Sjå fange nr. 154 i protokollen (Bghslave DA)

<sup>220</sup> Sjå fange nr. 161 og 170 i protokollen (Bghslave DA)

ha vore tilfellet for den sistnemnde.<sup>221</sup> Ein annan grunn til at Torger Iversen må seiast å ha fått ei nokså kort straff for sine tre leiermål, kan moglegvis forklarast ut ifrå ein kort notis som er markert i fangeprotokollen. Der står det nemleg at Iversen var enkemann og at han hadde omsorg for eit barn.<sup>222</sup>

Fleirtalet av sakene som inngår i kategorien ”seksuelle lovbrot” var såkalla blodskamssaker, det vil seie at to personar som var i slekt, enten gjennom blodsband eller svogerskap, var tekne for å ha hatt eit seksuelt forhold. Ifølgje NL skulle blodskam i nære leidd straffast med døden, men som diskutert i førre kapittel førte den dansknorske kongen ei nådig linje i desse sakene gjennom heile 1700-talet.

**Tabell 4.4. Straffas lengde for blodskam\***

Grad av slektskap	Personar	Dømd på livstid	Tidsavgrensa Straff
Samleie med to systrer	2	-	Ein på 6 månadar, ein på 3 månadar
Slekt i andre ledd	3	-	Ein på 6 veker, ein på 1 år, ein på 2 år
Si kjødelege syster	3	2	Ein på 6 månadar
Si stesyster	1	1	-
Si halvsyster	2	-	To på 6 månadar
Si eiga dotter	1	1	-
Si stedotter	8	4	Ein på 6 år, ein på 4 år, to på 2 år
Si kones stesyster	1	1	-
Systerdotter	1	1	-
Si kones syster	1	-	6 år
<b>Sum personar</b>	<b>23</b>	<b>10</b>	<b>13</b>

\* Kjelde: Bghslave(DA).

Tabell 4.4. viser at blodskam av same art i fleire tilfelle vart straffa særsla ulikt. Til dømes vart tre personar sett inn på slaveriet for å ha avla born med si kjødelege syster, der to av desse fekk livstid, medan den tredje vart sett inn for å sone ei straff på seks månadar. Det same var tilfellet med dei åtte personane som hadde avla born med si stedotter, då halvparten vart idømd livstid, medan den andre halvparten fekk straffer på mellom to til seks år. Aina Basso, som i 2005 skrev ei hovudfagsoppgåve om blodskamssaker frå Trondheim stiftamt i perioden 1729-1742, kom fram til liknande resultat i sine undersøkingar. Ho fann at partane i dei fleste av sakene fekk dødsdomen endra til livsvarig straffarbeid, og vidare at fleirtalet av desse vart benåda enno ein gong i form av nedkorting av desse straffene til arbeidsstraff på enten ti eller

<sup>221</sup> NL, 1687:6-13-8-9.

<sup>222</sup> Sjå fange nr.161 i protokollen (Bghslave DA)

fem år. Det var likevel enkelte som ikkje fekk omgjort livstidsdommen, skjønt lovbroten var av same art og innanfor same tidsperiode som dei som fekk avkorta si straff.<sup>223</sup> Basso fann inga forklaring på dette, benådningspraksisen for blodskam verka i det heile å vere noko vilkårleg, noko som òg ser ut til å ha vore tilfelle for straffeutmålinga når det gjeld dei som vart sett inn på slaveriet i Bergen for denne misgjerninga i andre halvdel av 1700-talet. Kan årsaka til ulikskapen innanfor straffeutmålinga for blodskam kanskje finnes i at straffepraksisen ovanfor desse lovbrota endra seg i løpet av perioden?

Tretten av dei totalt tjue blodskamssakene er frå perioden 1766-1781, der det i ni tilfelle vart idømd livstidsstraff.<sup>224</sup> Ut ifrå tabell 4.4. betyr dette at det i perioden etter 1781 berre vart idømd livstidsstraff for blodskam i eitt tilfelle, det var i 1801 då Anders Aslachsen Træen vart funne skuldig i å ha avla born med si eiga dotter.

Det mest utbreidde slektskapsforholdet innanfor blodskamssakene på slaveriet var mellom stefar og stedotter. I perioden fram til 1781 vart dette utelukkande straffa med livstid, medan i perioden etter fordelte strafferamma seg for dette lovbroten på mellom to til seks år. Praksisen var med andre ord i endring, der ein gjekk i retning av ei kraftig oppmjuking av straffene i desse sakene. Ifølgje Tage Holmboe kan forklaringa for desse endringane i straffeutmålinga ligge i eit skifte frå ei religiøs tolking av lovane, til ei juridisk og meir fornuftsbasert tenking innanfor Högsterett. Dansk og norsk lov var i stor grad tufta på moselova, og hadde difor eit sterkt religiøst preg. Når det gjaldt definisjonen av kva forhold som skulle betraktast som blodskam gjekk likevel kongens lov lenger enn Guds lov, noko som førte til store debattar innanfor det teologiske fakultet kring kva lov kanselliet burde følgje i desse sakene.<sup>225</sup> Högsterett valde i stor grad å følgje Guds lov, noko som førte til ein mild praksis i dei sakene som ikkje angjekk nære slektskapsband. I saker som angjekk blodskam mellom foreldre og born, valde Högsterett på den andre sida å vanlegvis idømme dødsstraff fram til midten av 1700-talet, medan ein i andre halvdel av det 18.århundre byrja å innstille til benådning òg i

---

<sup>223</sup> Basso, 2005:80-82.

<sup>224</sup> Dei fire andre sakene omhandla i eitt tilfelle å ha avla born med si eiga syster, noko som vart straffa med seks månadar. Elles var det ein som vart sett inn på seks veker for å ha hatt eit seksuelt forhold med ein han var i slekt med i andre grad. Ein annan fekk seks år for å ha avla born med si kones syster, medan den siste fekk seks månadar for å ha hatt seksuelt samkvem med to systrar, noko som kvalifiserte til blodskam gjennom svogerskap.

<sup>225</sup> Sjå NL,1687:3-18-9.

desse sakene.<sup>226</sup> Denne utviklinga koplar Holmboe opp mot jussens og naturrettens framvekst, der straffas føremål no vart framheva å skulle verke som eitt vern om rikets sikkerheit. Sidan blodskam ikkje kunne seiast å truge denne sikkerheita, såg juristane heller ikkje at det skulle vere naudsynt å ta i bruk dødsstraff. *"Juristerne fremhævede det samfundsmæssige og kriminalpolitiske i modsætning til teologerne, der lagde vægt på det religiøse og moralske"*.<sup>227</sup>

Ifølgje Holmboe viser Högsterett sin praksis mot slutten av 1700-talet ei stadig mildare linje ovanfor blodskam. Skjønt retten måtte dømme etter lova, noko som då i fleire tilfelle innebar dødsstraff, vart det alltid lagt med ei innstilling om benådning.

*"Det bestrides i voteringerne, at moselovens bud var forbindende, og det uttales gang på gang, at straffebestemmelsene i loven var for hårde. Ved blodskam mellom stiftader og stiftdatter fremhævede man, at der ikke var tale om noget slægtskab, men at samleje straffedes, fordi det stred mod den almindelige ærbødighed, men misgerningen blev ikke længere betragtet som så grov, at der behøvedes streng straf for den. Det kom endog så vidt, at nogle assessorer bestred, at ægteskab mellom søskende var imod naturens lov. Dødsstraf fandtes ikke nødvendig og fandtes ikke at være proportional med det begående delikt. Det frermhævedes, at slægtninge i de nære grader i almindelighed ikke havde tilbøjelighed for hindanden, og at blodskam blev begået i et overraskelsens øjeblik og som oftes på de tyndest befolkede steder"*.<sup>228</sup>

Högsterett si endra innstilling til desse sakene forklarar kvifor ein ser ei oppmjuking av straffenes lengde for blodskam på slaveriet i perioden etter 1781. Det er òg interessant å sjå at straffenes strengleik blir heftig debattert og kritisert, då dette peikar i retning av Spierenburgs hypotese om at det skjer noko med folkets følsemd ovanfor den eldre straffepraksisen. Ved forordning 23.mai 1800 vart det vedteke at ekteskap mellom bror, onkels, eller morbrors enke no skulle vere lovleg, *"og dermed forlod man i lovgivningen grundsætningen om, at moselovens ægteskapsforbud var ufravigelige"*.<sup>229</sup>

#### 4.4. Slaveristraffas lengde for vald

Under denne kategorien har eg samla lovbroter som drap, slagsmål, overfall og mishandling av ektefelle, og i førre kapittel kom eg fram til at det totalt var 26 tilfelle der slike valdelege gjerningar utgjorde innsetningsgrunnlag på slaveriet i Bergen. Desse missgjerningane skil seg kraftig ifrå kvarandre med tanke på lovbrotas alvorsgrad, noko eg òg forventar vil kome til

---

<sup>226</sup> Sjølv om Högsterett valde å idømme dødsstraff, betyr ikkje dette at dommen nødvendigvis vart fullbyrda. Alle dødsdommar skulle frå 1735 inn for kongen før dei kunne eksekverast, og i mange tilfelle valde han å omgjere dommen til livsvarig straffarbeid. Sjå til dømes Basso (2005) og Krogh (2000)

<sup>227</sup> Holmboe, 1961:151.

<sup>228</sup> Ibid:152-153.

<sup>229</sup> Ibid:154.

syne i straffeutmålinga. Tolv av sakene er frå perioden 1780-1790, medan dei resterande innsetjingane fordelar seg med seks innsetjingar i perioden før dette, og åtte i perioden etter. Dei ulike innsetjingsårsakene innanfor denne kategorien opptrer gjennom heile tidsrommet, og eg har ikkje funne noko som tilsei at straffen lengde endrar seg i løpet av perioden.

**Tabell 4.5 Straffas lengde for vald\***

Straffas lengde	Drap	Slagsmål	Overfall	Slått si kone	Kombinasjon av lovbrot <sup>230</sup>	Sum
Inntil 6 mnd	1	2	1	2	1	7
Inntil 1 år	1	4	-	-	-	5
Inntil 2 år	1	2	-	-	1	4
Inntil 4 år	1	-	-	-	-	1
Livstid	5 <sup>231</sup>	-	1	-	1	7
På kongens nåde	-	1	-	-	-	1
Uvisst	-	-	1 <sup>232</sup>	-	-	1
Sum	9	9	3	2	3	26

\* Kjelde: Bghslave (DA)

Ut ifrå tabell 4.5. ser ein at lovbrot som slagsmål og mishandling av ektefelle heldt seg innanfor ei strafferamme på mellom nokon månadar og opptil to år. Som nemnd i førre kapittel føreskreiv NL bøter for slagsmål, og ein kan difor moglegvis hevde at dei som sat inne på bakgrunn av dette lovbrotet i røynda var bøtesonarar. To av dei personane som høyrer heime innanfor kategorien ”slagsmål”, var Ole Jetmundsen Rogne frå Sunnmøre og Daniel Aagaard frå Bergen. Begge desse var dømde for å ha slått eller forgripe seg på sine foreldre, noko som ifølgje NL var halslaus gjerning.<sup>233</sup> Dette verkar som ei særhard straff, noko òg styremaktene ser ut til å ha kome fram til. Rogne fekk nemleg eit tremånadars langt opphold i jern som følgje av denne misgjerninga, medan Aagaard vart sitjandes i tre år og to månadar på kongens nåde.<sup>234</sup>

---

<sup>230</sup> Ein på 2 år for slagsmål og tjuveri, ein på 6 mnd for vald og bøter og ein på livstid for mord og ran.

<sup>231</sup> Når det gjeld den eine av desse, står det ikkje i protokollen at han er sett inn på livstid. Men han er mistenkt for drap, og har ved protokollens utgang sete på slaveriet i 22 år, så eg har difor tolka det som livstid. Sjå fange nr. 239. (Bghslave DA)

<sup>232</sup> I fangeprotokollen står det at fangen skal setjast inn ”paa 16 Uge Maaneder og 20 Dage”. Eg er usikker på kva som her er meint. Han vart sett fri etter 11 mnd ved kongeleg resolusjon. Sjå fange nr.257. (Bghslave DA)

<sup>233</sup> Sjå NL, 1687:6-5-3.

<sup>234</sup> Sjå fange nr.135 og 258 i protokollen (Bghslave DA) Innsetjingsårsaka til Aagaard er ikkje oppgitt i fangeprotokollen, men dukkar opp i eit brev datert 9.januar 1782 i justissakene i generalauditørens arkiv. Bergenhus kommandantskap.SAB

Mishandling av ektefelle skulle ifølgje NL straffast med festningsarbeid ”*eller anden høj Straf efter hans Stand og Vilkor*”.<sup>235</sup> Lova nemner inga tidsavgrensing for straffas lengde i dette tilfellet, men ifølgje fangeprotokollen måtte dei to personane som vart sett inn på anstalten for denne misgjerninga arbeide i jern i høvesvis tre og seks månadar.

På slaveriet var det òg tre personar som hadde blitt funne skuldig i overfall, eit lovbrot eg ikkje har lukkast med å finne ut korleis skulle straffast. NL nemner berre særskilte omstende kring overfall, til dømes skulle den som vart angripe ha lov til å forsvere seg sjølv. Dersom overfallsmannen i så høve vart skada, eller eventuelt drepen, skulle personen som hadde blitt angripe ikkje straffast for dette.<sup>236</sup> To andre tilfelle som blir nemnd i lova er overfall av landevegsfarande med intensjon om røveri, eller seksuelle overfall. Slike gjerningar skulle straffast med døden.<sup>237</sup> Knud Christensen vart i 1778 sett inn på slaveriet som følgje av overfall. I protokollen er innsetjingsårsaka oppgitt som ”*glupsk og lastverdig åtferd*”, men i eit brev henta frå justissakene i arkivet etter generalauditøren kjem det fram at Christensen i røynda hadde blitt dømd for morderisk overfall på ein styrmann, noko som vart straffa med livsvarig festningsarbeid.<sup>238</sup>

Det er sjølvsagt godt mogleg at mindre alvorlege overfall vart straffa nokolunde på lik linje som slagsmål, det vil sei med bøter. Hans Olsen Sand frå Bergen vart i 1769 sett inn på slaveriet for å ha slått og overfalle Malena Jørgensdotter, noko han totalt måtte sone 81 dagar for. Den forholdsvis korte straffetida kan peike i retning av at det her ikkje var snakk om eit valdtektsforsøk, men moglegvis heller ein krangel som hadde gått litt over styr. I ei brevveksling mellom kommandanten og det kongelege generalitets- og kommisariatskollegiet, datert 10.januar 1769, vert det nemnd at Sand skulle betale 4 riksdalar og 3 skilling for misgjerninga, noko som då støttar antakelsen om at enkelte overfall vart straffa med bøter.<sup>239</sup> Det som òg er interessant i denne saka er at Sand tilsynelatandes fekk sone straffa over to periodar. Han vart først sett inn 4. januar, og deretter sleppt fri den 27.januar. Deretter kom han inn igjen 1.desember, og vart sett på frifot 24.januar. I protokollen er det skrive merknad om at Sand har tre born, så det er mogleg at dette er årsaka til at han fekk dele opp straffa på

---

<sup>235</sup> NL, 1687:6-5-7.

<sup>236</sup> Sjå NL, 1687:6-12-2.

<sup>237</sup> Sjå NL, 1687: 6-16-1 og 6-13-18.

<sup>238</sup> Bergenhus kommandantskap. Generalauditørens arkiv. Justissaker. Brev datert 19.mars 1778. (SAB)

<sup>239</sup> Kommanderande general (KG II), arkivet etter generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania. Brev datert 10.januar 1769. (RA).

denne måten. På den andre sida kan det òg vere så enkelt at Sand rømde, og at dette ikkje har blitt ført inn i protokollen.<sup>240</sup>

Det mest interessante lovbrotet innanfor kategorien ”vald” er kanskje drap. I drapssaker følgde NL i stor grad det mosaiske rettsprinsippet, då drap skulle straffast med døden. Ein hadde likevel visse unntak der ein tok i bruk bøtestraff framfor livsstraff. Dette var mellom anna tilfelle dersom ein drap nokon ved eit uhell eller i naudverje, og likeins om drapet skjedde i villelse og raseri, eller om det var utført av eit barn som var under 14 år gammalt.<sup>241</sup>

Tabell 4.5. viser at det i løpet av perioden 1766-1810 vart sett inn ti personar på slaveriet for drap.<sup>242</sup> Blant desse var det mellom anna ein soldat som sona seks månadar for å ha slått i hel ein bonde, og ein bonde som skulle sone eitt år for å ha hamna i slåstkamp med ein soldat med det utfallet at soldaten seinare døde.<sup>243</sup> Ifølgje Tage Holmboe var det ikkje uvanleg at Högsterett stilte saka inn til kongen for benådning i enkelte tilfelle der ein fann det for strengt å ta i bruk dødsstraff. Dette vart mellom anna vanleg praksis i saker der drapet hadde skjedd som følgje av slagsmål eller i affekt, noko som kan forklare kvifor desse to fekk forholdsvis korte straffer.<sup>244</sup> To andre drapsmenn vart sett inn på anstalten på høvesvis fire og to år, medan dei resterande seks innsette var idømd livsvarig arbeid i jern.

Tyge Krogh og Tage Holmboe sine funn kring den rettslege handsaminga av drapssaker, noko som vart nærmare presentert i førre kapittel, tyder på at ein gjennom heile 1700-talet tok i bruk arbeid i jern som ei alternativ straff i saker der ein ikkje hadde tilstrekkeleg bevis til å kunne dømme den sikta i tråd med lova.<sup>245</sup> I tre tilfelle er det notert i fangeprotokollen at dei innsette ikkje formelt er funne skuldig i drapet, men at dei er mistenkt for å stå bak misgjerninga. Den eine av desse måtte arbeide i jern i to år, medan dei to andre vart sett inn på livstid.<sup>246</sup> I dei fem andre drapsakene er det dessverre ikkje notert noko utfyllande informasjon i protokollen som kan hjelpe meg med å fastslå noko nærmare kopling mellom lovbrorets art og utmålinga av straff.

<sup>240</sup> Sjå fange nr.28 i fangeprotokollen. (Bghslave DA)

<sup>241</sup> NL, 1687:6-6-1, 6-6-17-19, 6-7-19 og 6-12-1-2 Ved forordning 18.desember 1767 vart det òg bestemt at såkalla melankolske personar som tok livet av andre fordi dei sjølv ynskja å døy, ikkje skulle straffast med dødsstraff. Desse skulle heller bli idømd livsvarig festningsarbeid, bli iført tunge jern, og setjast til det hardaste og verste arbeidet ein kunne oppdrive på festningane. (Schou)

<sup>242</sup> Drap førekjem som innsetningsgrunnlag i to tilfelle i perioden 1766-1779, i fire tilfelle i 1780-1790, og dei resterande fire i perioden 1791-1810.

<sup>243</sup> Sjå fange nr.124 og 146 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>244</sup> Holmboe, 1961:116-117.

<sup>245</sup> Sjå kapittel 3, punkt 3.4.3.1.

<sup>246</sup> Sjå fange nr. 168, 239 og 266 i protokollen (Bghslave DA).

#### **4.5. Slaveristraffas lengde "for Opsætsighed og slet Opførsel mod Øvrigheden"**

I løpet av perioden 1766-1810 vart det sett inn 19 personar på slaveriet "for Opsætsighed og slet Opførsel mod Øvrigheden". Som vi såg i førre kapittel omhandla 15 av desse sakene det ein meir eller mindre kan kalle direkte opprør mot styresmaktene, mellom anna ved Strilekrigen i Bergen i 1765, skatteopprøret i Stavanger i 1772, utarbeidingsa av kongevegen over Filefjell i 1793-1794, samt hendingane i Skudeneshavn i 1801.<sup>247</sup>

Opprør var eit særskilt alvorleg lovbrot, og ifølgje NL 6-4-13 skulle personar som ytte motstand mot kongens befalingar eller forordningar når dei vart erklært på tinget eller andre stadar, straffast på ære, liv og gods. Den same straffen var gjeldande dersom nokon angrep kongens embetsmenn, noko som i høg grad var tilfelle under Strilekrigen.<sup>248</sup> Hendingane i Bergen våren 1765 demonstrerte for styresmaktene at dei norske bøndene hadde både vilje og evne til å organisere seg i stor skala dersom dei fann det naudsynt. Ved forordning av 5.juli 1765 freista øvrigheita å hindre at slike hendingar i framtida i det heile skulle kunne finne stad. Forordninga erklærte nemleg at det frå no av skulle vere forbode å kalle inn til møter eller forsamling utan øvrigheitas befaling. Dei som braut forordninga kunne vente seg dødsstraff eller festningsarbeid, alt "etter Sagens Beskaffenhet".<sup>249</sup> Det verkar likevel som om fleire ikkje let seg skremme av denne ordlyden, då forordninga måtte gjenkringkastast både i 1793 og 1794.

Tre av dei som vart sett inn på slaveriet for opprør var utpeika som leiarar for to ulike opprør, nemleg Strilekrigen i Bergen i 1765 og skatteopprøret i Stavanger i 1772.<sup>250</sup> Desse vart straffa med arbeid i jern på livstid. Ifølgje Gustav Sætra, som har skrive om det såkalla Lofthusopprøret i 1786-87, kan slike strenge straffer betraktast som ein politisk dom, der styresmaktene ynskja å statuere eit avskreckande døme ovanfor allmogen.<sup>251</sup> Dei andre tolv som var knytt til dei fire hendingane nemnd ovanfor fekk atskillig kortare straffer; to på fire år, to på to år, fire på eitt år, og fire på seks månadar.

Blant dei fire andre som høyrer heime under denne kategorien, var det ein som hadde vist valdeleg åferd mot øvrigheita, noko som kanskje kan tolkast dit han at det var snakk om å ha

<sup>247</sup> Sjå kapittel 2 og 3 for ein meir utfyllende presentasjon av desse hendingane.

<sup>248</sup> Sjå NL, 1687:6-4-15-16.

<sup>249</sup> Forordning 5.juli 1765. Gjenteke ved forordning 4.april 1793 og 9.august 1794. (Schou)

<sup>250</sup> Sjå fange nr. 26, 27 og 119 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>251</sup> Sætra, 1998:70-71.

angripe ein embetsmann. Han vart i alle fall sitjandes på slaveriet i 9 månadar.<sup>252</sup> Dei tre siste var sett inn for ”*opsætsighed og slet opførsel mod øvrigheden*” i 1766, 1771 og 1791. Eg har ikkje lukkast å finne ut noko nærmare kva desse hadde gjort. Den eine av dei arbeidde i jern i seks månadar, den andre i 5 ½ år og den tredje i 360 dagar.<sup>253</sup>

## 4.6. Slaveristraffas lengde for desertering og lausgjengeri

### 4.6.1. Militær desertering

Festningsslaveria var ikkje førebehaldt sivile delinkventar, militært personell kunne òg bli lagt i jern og sett i arbeid dersom dei vart funne skuldig i lovbrot. I kapittel 3 kom eg fram til at i alle fall 29 av dei innsette hadde yrkestittelen ”soldat”, men i røynda var talet gjerne høgre.

Militær desertering var eit av lovbrota som kunne føre fram til at soldatane enda opp som slavar på Bergenhus. Ifølgje forordning av 16.november 1763 skulle desertering fyrste gong straffast med spissrotgang, så mange gongar som ”*de ved Gierningen forekommende Omstændigheder udfordre*”. Andre gong skulle denne straffa doblast, medan tredje gong lydde straffa på livsvarig festningsarbeid.<sup>254</sup> Forordning av 27.desember 1780 mildna deserteringsstraffa dersom det var fredstid, i alle fall dersom soldatane ikkje flykta landet. I staden for spissrotgang skulle desertøren no heller straffast med ris eller tamp. Fyrste gong med 81 slag, andre gong med 150 slag, og tredje gong med 150 slag samt livsvarig festningsarbeid. Rømde soldaten riket, var straffa for fyrste gongs desertering 150 slag, og andre gong 150 slag og livsvarig straffarbeid. Dersom ein ved fyrste gongs desertering frivillig meldte seg for kompaniet innan det hadde gått 3 år, skulle ein likevel sleppe straff .<sup>255</sup>

Statsarkivaren i Bergen, Yngve Nedrebø, har skrive ein kort artikkel om det delmenhorstiske regiment som var utstasjonert på Bergenhus festning i perioden 1767-1774. Ifølgje Nedrebø, som mellom anna har gått igjennom brevvekslinga mellom regimentsjefen og stiftamtmannen i desse åra, var militær desertering eit stort problem på denne tida. Ein freista å få bukt med dette ved å love 6 riksdalar i belønning til dei som angav desertørar, men sjøfartsbyen Bergen viste seg å likevel gi fråfalne soldatar gode mogleheter til å snike seg ut av landet. I tillegg til desertering vart fleire av soldatane òg tekne for tjuveri, noko som ifølgje Nedrebø førte til at i alle fall 12 av dei 400 soldatane frå bataljonen vart sett inn som slavar på Bergenhus

<sup>252</sup> Sjå fange nr.51 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>253</sup> Sjå fange nr9.,53, nr 260 i protokollen (Bghslave). Innstjingsårsak fange nr.9 og nr. 53, sjå vedlegg I.

<sup>254</sup> Forordning 16.11.1763. Schou,1795.

<sup>255</sup> Forordning 27.12. 1780. Schou, 1795.

festning. Nedrebø hevdar at dette vil sei at bataljonen produserte like mange slavar på straffarbeid som resten av Vestlandet til saman i perioden 1767-1773.<sup>256</sup> Fullt så stor del av fangebeleget utgjorde soldatane likevel ikkje, då det i denne perioden vart sett inn 72 personar på slaveriet i Bergen.<sup>257</sup>

I fangeprotokollen er det berre i tre tilfelle at militær desertering er oppgitt som ein del av innsetjingsårsaka, der to av desse vart sett inn i 1767 og 1768. Ut ifrå Nedrebø sin artikkel er det likevel sannsynleg at det reelle talet var mykje høgare enn dette, særskilt sidan fangeprotokollen ikkje oppgir innsetjingsårsak i heile 42 av 83 saker i tidsrommet 1766-1773. Som tidlegare nemnd har eg klart å finne innsetjingsbakgrunnen til 20 av desse ved å gå igjennom diverse brevvekslingar mellom kommandanten og det kongelige generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, men eg har ikkje funne nokon som er sett inn for desertering. Det er likevel 22 saker der eg ikkje har noko kunnskap om innsetjingsårsaka, så eg går ut ifrå at dei resterande desertørane då er å finne blant desse.

Dei tre personane som vart sett inn på bakgrunn av desertering var òg tekne for tjuveri, og vart straffa med høvesvis livstid, kongens nåde og arbeid i jern i fire år.<sup>258</sup> Det er ikkje notert i protokollen om dette var fyrste, andre eller tredje gong dei hadde desertert, men mest truleg var det gjerne det sistnemnde lovbroten som var utslagsgivande for den straffa dei fekk.

#### **4.6.2. Lausgjengeri**

Lausgjengeri er oppgitt som innsetjingsårsak i 13 høve, og dukkar siste gong opp i protokollen i 1795. Som tidlegare nemnd var lausgjengeri eit omgrep som vart brukt om personar som ikkje hadde søkt seg fast arbeid. Desse flakka gjerne omkring i landet, og levnærte seg av tigging og tilfeldige strøjobbar. Som vi såg i kapittel 2, var mannlege lausgjengrar òg den fyrste grupperinga som vart skikka til Bremerholm i andre halvdel av 1500-talet for å arbeide i jern.

Tre av dei som vart sett inn for lausgjengeri vart faktisk straffa med livsvarig slaveri. To av dei tilsynelatandes berre for omflakking, medan den tredje òg hadde blitt funne skuldig i tjuveri. To andre sona ei straff på 1 år, ein annan arbeidde i jern i seks månadar, og ein annan i

---

<sup>256</sup> Sjå artikkelen på <http://digitalarkivet.no/dok/arkivverket/delmhist.htm>

<sup>257</sup> I protokollen er det oppgitt 74 innsette, men to av desse vart protokollført to gongar som følgje av rømming og gjeninnsetting.(Bghslave DA)

<sup>258</sup> Sjå fange nr.21, 22 og 172 i protokollen (Bghslave DA). Den sistnemnde fangen vart i tillegg til fire års festningsarbeid straffa med 16 gongar spissrotgang over to dagar.

to månadar. Dei resterande seks var utlendingar som hadde stukke av frå skipet dei arbeidde på medan det låg til hamns i Bergen. Fem av desse arbeidde på slaveriet i seks veker, den siste i fem veker. Desse vart truleg deportert ved fyrste høve.<sup>259</sup>

#### 4.7. Slaveristraffas lengde for andre lovbrot

Under denne kategorien har eg samla diverse lovbrot som eg ikkje har kunna plassert under nokon av dei føregåande kategoriane, i alt 19 saker. Desse har eg vidare delt inn i tre sakstypar, nemleg uforsiktigheit med eld, inn- eller utlosning av framande skip, samt usømeleg åtferd. Korleis fordelte så slaveristraffas lengde seg innanfor desse sakstypene?

**Tabell 4.6. Straffas lengde for andre lovbrot 1766-1810**

Straffas lengde	Uforsiktigheit med eld	Losa inn/ut skip	Usømeleg åtferd	<b>Sum</b>
Inntil 6 månadar	2	5	7	14
Inntil 1 år	1	-	-	1
Inntil 3 år	1	-	-	1
Livstid	-	1	-	1
Uvisst	1 <sup>260</sup>	1 <sup>261</sup>	-	2
<b>Sum</b>	<b>5</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>19</b>

\*Kjelde: Bghslave (DA).

Tabell 4.6. viser at dei sakene som eg har samla innanfor kategorien ”andre lovbrot”, først og fremst vart straffa innanfor ei tidsramme på 6 månadar. I berre eitt tilfelle vart det idømd livstid, det var i 1809 då Johannes Johansen Gjetanger vart funne skuldig i å ha losa ut den engelske fregatten Tartar.<sup>262</sup>

Fem personar vart sett inn på slaveriet på bakgrunn av at dei hadde vore uforsiktig med eld, der fire av desse sona straffer på mellom nokon månadar og opp til tre år. Ein av desse hadde ifølgje protokollen forårsaka brann i Bergen i mars 1799.<sup>263</sup> Bybrann var noko ein med rett frykta på 1700-talet, kanskje særskilt i Trondheim og Bergen, då desse nærmast brann til grunnen på byrjinga av 1700-talet.<sup>264</sup> Ifølgje NL skulle overlagt brannstifting straffast med halshogging og bøter, medan brann som følgje av tankeløyse eller uhell åleine skulle straffast

<sup>259</sup> Innsetjingsårsaka til desse er ikkje nemnd i protokollen, sjå vedlegg I.

<sup>260</sup> Sjå fange nr. 85. (Bghslave DA) Innsetjingsårsak sjå vedlegg I.

<sup>261</sup> Sjå fange nr.378 i protokollen. (Bghslave DA) Han vart sett inn på slaveriet i januar 1810, og han sat der tilsynelatandes enno ved protokollens slutt i september same år. Det er ikkje notert kor lenge han skulle arbeide i jern.

<sup>262</sup> Sjå fange nr.374 i protokollen. (Bghslave DA).

<sup>263</sup> Sjå fange nr.294 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>264</sup> Sjå <http://www.histos.no/bergen/vis.php?visbrann=1>.

med bøter, eller med fengsel og arbeid.<sup>265</sup> Forordning av 18.desember 1751 fastsette festningsarbeid på mellom 1-2 år for uforsiktigkeit med eld dersom inga særskild skade kom av det. Men dersom brannen spreidde seg, skulle det idømmast livsvarig slaveri.<sup>266</sup>

Sju personar var tekne for å ha losa inn eller ut framande skip utan å ha løyve til dette, medan ein hadde losa eit skip på ei klippe. Fem av desse vart straffa med høvesvis korte straffer på inntil seks månadar, ein annan fekk som tidlegare nemnd livstid, medan den siste framleis sat på slaveriet ved protokollens slutt i september 1810.

Sju andre var tekne for det eg har valt å definere som usømeleg åtferd. Her inngår mellom anna drukkenskap og uskikkeleg levemåte med kona, utskjellig av ein borgar, ein hadde behandla mor si därleg, ein annan hadde selt øl (då truleg utan løyve), samt ein som hadde vist ulovleg åtferd på gata nattetid. Ingen av desse sona straffer på meir enn seks månadar.

#### **4.8. Bøtesoning**

Denne kategorien er noko spesiell, då eg ved gjennomgangen av dei ulike lovbrota ovanfor i fleire tilfelle har notert at desse ifølgje lova skulle straffast med bøter, til dømes leiermål og slagsmål. Slik sett kunne svært mange ha blitt plassert under ”bøtesoning”, men sidan eg først og fremst er ute etter å kartleggje korleis soningstida for dei ulike lovbrota arta seg, har eg valt å halde meg konsekvent til det som er oppgitt som innsetjingsårsak. Det vil seie at dersom det står i protokollen at delinkventen er sett inn på bakgrunn av slagsmålsbøter, så har eg plassert han i kategorien ”bøtesoning”. Står det at personen er innsett for vald eller slagsmål, utan at bøter blir nemnd, har eg valt å plassere han under kategorien ”vald”.

I løpet av perioden 1766-1810 vart det sett inn 24 personar på slaveriet som skulle nedarbeide idømde bøter, eller som skulle sone ei straff for ein kombinasjon av lovbroter der bøter inngjekk som innsetjingsårsak. Dei to første av desse såkalla bøtesonarane vart sett inn på anstalten i 1770, dei to neste i 1772 og 1778, og deretter vart heile sytten personar sett inn for bøter i tidsrommet 1780-1790. Etter 1790 dukka bøtesoning opp som innsetjingsårsak berre i tre tilfelle, to gongar i 1792 og ein gong i 1804. Som diskutert i førre kapittel kan årsaka til denne nedgangen moglegvis vere at tukthuset tok over som straffanstalt for dei personane som skulle

---

<sup>265</sup> Sjå NL, 1687:6-19-1-2.

<sup>266</sup> Forordning 18.12.1751. Schou, 1795.

nedarbeide mindre bøter, eller at fleire av dei med ukjent innsetjingsårsak i den seinare perioden var bøtesonarar.<sup>267</sup>

Ved forordning av 6.desember 1743 var det bestemt at menn som var idømd bøter som dei ikke hadde moglegheit til å innfri, kunne nedbetale desse ved å arbeide på festningane.<sup>268</sup> Det skulle då trekkast 1 mark, eller 16 skilling frå bota, for kvar dag dei arbeidde.<sup>269</sup> Ved å ta utgangspunkt i denne forordninga, samt kor lenge dei såkalla bøtesonarane måtte arbeide på festninga, blir det då òg mogleg å rekne seg fram til størrelsane på bøtene i dei tilfella det ikkje er oppgitt i protokollen.

**Tabell 4.7. Bøtesoningas lengde og summen som skulle nedarbeidast \***

Straffas lengde	Tal på saker	Størrelse på bøtene <sup>270</sup>
2 dagar	3	32 skilling
12 dagar	1	2 riksdalar
26 dagar <sup>271</sup>	1	4 riksdalar, 32 skilling
54 dagar <sup>272</sup>	6	9 riksdalar
60 dagar	1	10 riksdalar
90 dagar	1	15 riksdalar
102 dagar	1	17 riksdalar
108 dagar	1	18 riksdalar
120 dagar	1	20 riksdalar
144 dagar	1	24 riksdalar
162 dagar	1	27 riksdalar
6 månadar <sup>273</sup>	3	30 riksdalar
288 dagar <sup>274</sup>	1	48 riksdalar
330 dagar	1	55 riksdalar
609 dagar	1	101 riksdalar 48 skilling
Sum	24	-

Kjelde: Bghslave (DA).

Tabell 4.7. viser at innsetjingslengda for bøtesoning varierte ifrå to til 609 dagar, og at summane som skulle nedbetalast i eitt tilfelle strakk seg heilt til 101 riksdalar 48 skilling.

<sup>267</sup> Sjå kapittel 3, punkt 3.4.7.

<sup>268</sup> Kvinner kunne nedarbeide bøter ved å arbeide på tukthus.

<sup>269</sup> Forordning 6.12.1743 (Schou)

<sup>270</sup> 96 skilling utgjorde ein riksdalar. Sjå [http://www.stovnerporten.no/kommentar\\_a/pengverd.htm](http://www.stovnerporten.no/kommentar_a/pengverd.htm).

<sup>271</sup> Sett inn for lite tjuveri samt betale twigjeld på 3 riksdalar og 32 skilling.

<sup>272</sup> Ein av desse vart sleppt fri etter seks veker, då han betalte bøtene han var skuldig. Sjå fange nr.162 i protokollen (Bghslave DA).

<sup>273</sup> Ein for tollsvik og bøter, og ein for vald og bøter.

<sup>274</sup> I protokollen står det at denne personen vart sett inn på 3288 dagar for å nedarbeide ei bot på 48 riksdalar. Her har det nok blitt notert ein feil. Med utgangspunkt i forordninga av 1743, samt botas størrelse, kjem eg fram til at han skulle arbeide i 288 dagar. Han vart i alle fall sleppt fri etter 24 dagar, då han betalte sine skulder. Sjå fange nr.256 i protokollen (Bghslave DA).

Ifølgje Anne Aune låg årlønna for ein gardskar i 1784 på mellom 12 og 16 riksdalar, så dette var høge summar.<sup>275</sup>

I fleire tilfelle er det ikkje oppgitt i protokollen kva type bøter det var snakk om, men i ni tilfeller er det notert at det var idømde slagsmålsbøter som utgjorde bakgrunnen for innsetjinga. Ifølgje NL skulle det ved slagsmål bøtast 9 lodd sølv for kvart stikk eller sår på kroppen ”*som er ej beenhugget, eller igiennemstunget*”, noko som utgjorde 4 ½ riksdalar.<sup>276</sup> Fem av dei som var sett inn for slagsmålsbøter arbeidde i 54 dagar på festninga, og har med andre ord truleg blitt dømd for to slag eller stikk. Dei fire andre som var sett inn for å nedarbeide slagsmålsbøter sona straffer på høvesvis 108 dagar, 162 dagar, seks månadar, og 609 dagar.<sup>277</sup> Lovtekstane skjerpa straffa dersom slagsmålet førte til større skader, då kunne bøtene bli både tredobla og fjerdedobla, noko som kan forklare kvifor desse fire fekk atskillig lengre straffer enn dei andre.<sup>278</sup>

Det er vanskeleg å seie om bøtesonarane vart behandla ulikt frå dei resterande slavane som sat inne for meir graverande lovbro, men ved forordning av 12.juli 1799 vart det i alle fall bestemt at det skulle førast ein mildare praksis ovanfor desse. Dei skulle mellom anna haldast åtskilt frå dei andre innsette, og skulle heller ikkje kallast slavar, men kronarbeidarar. Dei skulle ikkje leggast i jern, samt givast mest mogleg fridom når dei ikkje arbeidde.

Kronarbeidarane skulle vidare lønnast med 15 skilling dagen, der dei sjølve skulle ha utbetalt 8 skilling, medan den resterande summen skulle leverast til futen og trekkjast ifrå bota.<sup>279</sup> Dette vil sei at dersom dei skulle nedbetale bøter av ein viss størrelse, og difor måtte arbeide på festninga over lengre tid, kunne faktisk kronarbeidarane tene heile 30 riksdalar i året.

#### 4.9. Straffenes lengde sett under eitt

Eg har no gjort greie for korleis straffelengdene arta seg i dei sakene der eg kjenner til innsetjingsårsaka. For å kunne fastslå om det skjer ei allmenn endring av straffelengdene på slaveriet, samt vurdere om den eventuelle utviklinga er samsvarande med Bugge sine funn kring straffenes lengde og utvikling ved anstalten i Trondheim, vil eg no med utgangspunkt i

---

<sup>275</sup> Aune, 1994:1.

<sup>276</sup> Sjå NL, 1687:6-7-2.

<sup>277</sup> Sjå fange nr. 209, 199, 249 og 265 i protokollen (DA). Når det gjeld fange nr. 249, som sona ei straff på seks månadar, var han sett inn for både bruk av vald og bøter.

<sup>278</sup> Sjå NL, 1687:6-7.

<sup>279</sup> Forordning 12.7.1799(Kong Christian VII forordninger [...]), Schultz, 1799.

fangeprotokollen sine opplysningar sjå straffelengdene under eitt. I likskap med Bugge har eg valt å dele perioden inn i to tidsbolkar, før og etter 1790.

**Tabell 4.8. Den allmenne utviklinga av straffenes lengde ved slaveriet i Bergen 1766-1810**

Straffas lengde	Tal på personar 1766-1789	Tilnærma prosent	Tal på personar 1790-1810	Tilnærma prosent
Inntil 6 månadar	105	46%	27	21%
Inntil 1 år	23	10%	5	4%
Inntil 2 år	14	6%	6	5%
Inntil 3 år	3	1%	40	31%
Inntil 4 år	6	3%	13	10%
Inntil 5 år	1	0,5%	5	4%
Inntil 6 år	5	2%	5	4%
Inntil 8 år eller meir	1	0,5%	-	-
Livstid	69	30%	28	22%
<b>Sum kjent lengde</b>	<b>226</b>	-	<b>129</b>	-
Kongens nåde	12	-	3	-
Ukjent	7	-	2	-
<b>Total sum</b>	<b>246</b>	-	<b>134</b>	-

\*Kjelde:Bghslave (DA).

Tabell 4.8. viser at av dei tidsavgrensa straffene var det straffer på inntil seks månadar og 1-2 år som var mest utbreidd i perioden 1766-1789, livstid utgjorde nærmere 30%. I perioden 1790-1810 skjer det ei markant endring, då straffer på inntil seks månadar no er meir enn halvert i forhold til den tidlegare perioden. Det er straffer på mellom 3-5 år som no er mest i bruk, medan talet på livstidsinnsette har gått noko ned.

Bugge har kome fram til svært liknandes funn når det gjeld slaveriet i Trondheim. I perioden 1764-1789 utgjorde straffer på inntil seks månadar 33%, straffer på 1-2 år utgjorde 16%, og 3-5 år 5,4%. I perioden etter 1790, var straffer på inntil seks månadar no halvert til 14,9%, medan straffer på mellom 3-5 år hadde stige til heile 49,1%. I Trondheim var talet på livstidsinnsette høgare og meir stabilt enn i Bergen, med 43,6% i den første perioden, og 42,9% i den andre perioden.<sup>280</sup>

Den markante nedgangen i straffer på inntil seks månadar etter 1790, var ifølgje Bugge eit resultat av at desse no hamna på tukthuset framfor slaveriet. Slaveria vart gradvis førebehaldt dei meir alvorlege lovbrota, samt det vi kan kalle vanekriminelle.<sup>281</sup>

<sup>280</sup> Bugge, 1969:95.

<sup>281</sup> Bugge, 1969:97.

## 4.10. Oppsummering

Kapitlet har vist at straffens lengde i fleire tilfelle endra seg i løpet av perioden. Halvparten av dei som vart sett inn for vinningslovbrot i perioden før 1789 vart straffa med livstid, medan i perioden etter var det straffer på mellom 3-5 år som dominerte innanfor denne kategorien. Bruken av livstidsstraff for vinningslovbrot var med andre ord i klar tilbakegong mot slutten av 1700-talet.

Det same var tilfellet med blodskam. Tretten av dei totalt tjueto oppgitte blodskamssakene var frå perioden 1766-1781, der det i ni tilfelle vart idømd livstidsstraff.<sup>282</sup> I perioden etter 1781 vart det berre i eit tilfelle idømd livstidsstraff for blodskam, frå no av var det fyrst og fremst straffer på mellom to til seks år som vart teke i bruk i desse sakene. Tage Holmboe si forsking kring Högsterett sitt virke i andre halvdel av 1700-talet, viser at straffene for dette lovbrotet vart heftig debattert og kritisert, noko som kan forklare den gradvise oppmjukinga av straffene i desse sakene. Leiermål og hor vart vanlegvis straffa med korte straffer på inntil seks månadar, så ein kan hevde at praksisen kring straffeutmålinga i desse sakene har vore nokså unison. Eit anna viktig moment er at desse lovbrotta forsvann som innsetjingsårsak på slaveriet etter 1788, eit funn som òg Bugge har registrert ved anstalten i Trondheim. Ei mogleg årsak til denne tendensen kan sjølvsagt ha si forklaring i at tukthuset tok over som straffanstalt for slike misgjerningar, men tidlegare forsking sår tvil om dette. Det verkar heller som desse lovbrotta gradvis vart avkriminalisert i praksis, om enn ikkje formelt.<sup>283</sup>

Innanfor kategorien ”vald” fann eg at drap i fleire tilfelle vart straffa med forholdsvis korte straffer, ifølgje lova skulle dette i dei fleste tilfelle straffast med dødsstraff. Ifølgje Tage Holmboe og Tyge Krogh si forsking kring straffepraksisen i Danmark-Noreg på 1700-talet, har dette truleg si forklaring i at drapet hadde skjedd som følgje av våde eller slagsmål, då slike omstende vart betrakta som formildande. Det var òg strenge krav til bevisføringa i drapsaker, dersom det førelåg noko tvil var det vanleg å anbefale livsvarig slaveri framfor dødsstraff.

---

<sup>282</sup> Dei fire andre sakene omhandla i eitt tilfelle å ha avla born med si eiga syster, noko som vart straffa med seks månadar. Elles var det ein som vart sett inn på seks veker for å ha hatt eit seksuelt forhold med ein han var i slekt med i andre grad. Ein annan fekk seks år for å ha avla born med si kones syster, medan den siste fekk seks månadar for å hatt seksuelt samkvem med to systrar, noko som kvalifiserte til blodskam gjennom svogerskap.

<sup>283</sup> Sjå punkt 3.4.2.1 i førre kapittel. Hals (2010) og Bugge (1969) har funne at talet på innsetjingar på tukthuset som følgje av seksuelle lovbrot var i nedgang etter 1790.

Opprør vart i tre tilfelle straffa med livsvarig arbeid i jern. Desse tre personane var utpeika som leiarar for Strilekriegen i 1765 og skatteopprøret i Stavanger i 1772. Ifølgje Gustav Sætra kan slike straffer betraktast som ein politisk dom, der øvrigheita ynskja å rette ein åtvarande peikefinger mot allmogen. Dei resterande personane innanfor denne kategorien fekk straffer på mellom seks månadar og fire år. Sidan det er så få saker, er det umogleg å kunne seie om straffepraksisen endra seg innanfor denne kategorien i løpet av perioden.

Innanfor kategorien ”lausgjengeri og desertering” fann eg at tre personar vart sett inn for desertering og tjuveri. Dette er så få saker at eg ikkje har grunnlag til å kommentere straffepraksisen noko nærmare her. Tretten personar vart sett inn for lausgjengeri, noko som var overraskande. Som nemnd i førre kapittel var det fyrst og fremst tukthusa som var mynta på omstreifarar, så kvifor desse hamna opp på slaveriet er uvisst. To av desse vart faktisk straffa med livsvarig slaveri utelukkande for lausgjengeri. Dette må seiast å vere ei usedvanleg hard straff, men det er mogleg at det låg meir bak desse dommane enn kva som kjem fram i protokollen.

Når det gjeld kategorien ”andre lovbrot”, fann eg at dei fleste sakene vart straffa med inntil seks månadar arbeid i jern. Kategorien ”bøtesoning” er såpass spesiell, at det er vanskeleg å kunne seie noko spesifikt om denne. Etter 1790 dukka bøtesoning opp som innsetjingsårsak i berre tre tilfelle, det er mogleg at tukhuset gradvis overtok som arbeidsanstalt i slike saker.

Når ein ser den allmenne utviklinga av straffen lengde under eitt, er det eit sentralt trekk som kjem til syne. I perioden før 1789, var det mange som sona forholdsvis korte straffer på inntil seks månadar på slaveriet. Etter 1790 var det straffer på mellom 3-5 år som var mest utbreidd. Ifølgje Bugge er det truleg at denne utviklinga har si forklaring i at tukthusa overtok som straffanstalt for dei mindre alvorlege lovbrota, og at slaveria dermed vart førebehaldt dei meir alvorlege lovbrota, samt vanekriminelle.

## **Kapittel 5. Lagnaden til dei innsette på slaveriet**

### **5.1. Innleiing**

I dette kapitlet vil eg mellom anna sjå nærmare på kva som skjedde med dei innsette etter at dei hadde kome inn på anstalten. Ut ifrå lovverket verkar slaveri å ha blitt betrakta som ei særslig hard straff, der tungt arbeid skulle prega kvardagen. Korleis var då eigentleg leveforholda til dei innsette? Var det mange som døde medan dei sona si straff innanfor festningsmurane? Desse spørsmåla går direkte på fangebehandlinga av slavane, noko som er viktig å undersøkje for å kunne vurdere korleis slaveristraffa vart oppfatta både av dei som arbeidde i jern samt samfunnet forøvrig. Kva med straffanstaltens sikkerheit, var det mange som klarte å røme? I kapittel 3 fann eg at fleire av fangane sat inne for meir graverande lovbro, til dømes mord. Ein skulle difor tru at styresmaktene var opptekne av at vakthaldet i slaveria måtte vere særslig godt, og at rømingar difor var sjeldan. Med tanke på Foucault sin teori om at det i andre halvdel av 1700-talet vaks fram ein disiplineringsideologi innanfor straffeapparatet, vil det òg vere ein føresetnad for denne utviklinga at dei innsette var nøye overvaka, eller at dei i det minste hadde kjensla av å vere det. Til slutt vil eg undersøkje om straffene vart fullbyrda, eller om det var fleire som vart benåda i form av nedkorting av straffas lengda. I førre kapittel fann eg at det i løpet av perioden vart sett inn 97 personar på livstid på slaveriet. Kva skjedde så med desse?

### **5.2. Leveforholda ved anstalten**

Korleis var så leveforholda ved slaveriet i Bergen? For å kunne svare på dette må eg i fleire tilfelle ta utgangspunkt i dei opplysningsane som Straffanstaltkommisjonen kom med i si innstilling i 1841. Det er viktig å understreke at dette først og fremst var ei vurdering av forholda ved dei norske straffanstaltane for perioden 1820-1837, men eg vil likevel hevde at generelle opplysningar som vedgjekk arbeidsforhold og liknande òg truleg var gjeldande for slaveria i andre halvdel av 1700-talet.

#### **5.2.1. Arbeidsoppgåver og økonomi**

Ved reskript av 24.februar og 10.mars 1764 vart det erklært at det skulle oppretta såkalla slavekasser ved festningane. Desse skulle dekkje kostnadane kring slavanes klede og medisinske tilsyn, samt lønningane til vaktmannskapet ved anstaltane. Inntekta til denne kassa skulle baserast på utleige av slavar til privatpersonar, ei teneste som skulle koste 3 skilling dagen per slave. Dersom det vart leigd 10-12 slavar skulle det òg følgje med ei vakt til å halde

oppsyn med desse under arbeidet, utan ekstrakostnad. Slavane skulle sjølve ha 1 ½ skilling dagen, samt ein brødrasjon.<sup>284</sup> Ifølgje Bjørn Bagge låg den gjennomsnittlege lønna for dagarbeidarar i siste halvdel av 1700-talet på mellom 20 og 24 skilling, så slavane var billegrabeskraft både for det offentlege og det private.<sup>285</sup> Med opprettinga av slavekassene la styresmaktene med andre ord opp til at slaveria skulle vere mest mogleg økonomisk sjølvdrivne. Dersom ein sat igjen med eit overskot i løpet av året, skulle dette gå til militærkassa.<sup>286</sup> I eit rekneskapsekstrakt frå Bergenhus festning for fyrste kvartal i 1769, kjem det fram at slavane sine underhaldningspengar var på 3 ½ skilling dagen. Eg går ut ifrå at halvparten av denne summen då gjekk i slavekassa, men dette blir det ikkje nemnd noko om. Inntekta frå uteleige av slavane for perioden januar til mars var ikkje større enn 1 riksdalar 34 skilling, medan dei ordinære utgiftene for slavane i den same perioden oversteig 58 riksdalar. I tillegg kom utgifter som ilegging av jern og nye fangeklede, samt lønn og mundering til slavevakta. Totalt var utgiftsposten på 105 riksdalar, og det er difor tvilsamt at straffanstaltane på eiga hand utgjorde noko lønsam geskeft.<sup>287</sup>

I tillegg til privatutleige var arbeidsoppgåvene til slavane først og fremst reperasjon og vedlikehald av dei ulike bygningane og murane på festningsområda. Dei kunne òg bli brukt til meir offentlege oppgåver, som å grave grøfter, drenere myrer og reparere vegar.<sup>288</sup> Dersom slavane var ingeniør- eller handverksdyktige, vart dei ifølgje Straffanstaltkommisjonen honorert med høgare lønn enn dei andre innsette, då slik arbeidskraft var særskilt verdifull.<sup>289</sup> I 1803 vart underhaldspengane for alle fangar auka med 2 skilling.<sup>290</sup>

Arbeidsdagen for slavane i Bergen starta om sommaren klokka 7 om morgonen. Deretter hadde dei ein halvtimes pause frå klokka 8, og klokka 11 var det middagspause fram til klokka 13. Deretter arbeidde dei fram til klokka 19, med ein halvtimes pause frå 16.30, altså totalt 9 timer. Om vinteren starta arbeidsdagen når det vart lyst, med ei middagspause mellom klokka 12 og 13. Deretter heldt arbeidet fram til det vart mørkt, altså ein arbeidsdag på mellom 6-10 timer.<sup>291</sup> Ifølgje Straffanstaltkommisjonen var det lite arbeid å sysselsetje

---

<sup>284</sup> Reskript 24.2. og 10.3.1764. Rosenstand-Goiske, 1804.

<sup>285</sup> Bagge, 2007:50.

<sup>286</sup> Reskript 24.2. og 10.3.1764. Rosenstand-Goiske, 1804.

<sup>287</sup> Kommanderande general (KG II) Det konglege generalitets-og kommisariatskollegiet i Kristiania. Saker vedrørende Bergenhus festning, året 1769. RA.

<sup>288</sup> Antonsen1985:14.

<sup>289</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:51-52.

<sup>290</sup> Forordning 15.1.1803. Wessel-Berg, 1845.

<sup>291</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:64.

fangane med på vinterstid, og dei hadde difor mykje fritid. Dei mest handverksdyktige av dei innsette brukte tida til å produsere små gjenstandar som dei selde vidare til folk i byen, og opparbeidde seg på denne måten ei grei biinntekt.<sup>292</sup>

Som tidlegare nemnd fekk slavane utdelt ein dagleg rasjon med brød, alt anna av matvarer måtte dei sjølv kjøpe. Det var vanleg at det vart sett opp såkalla marketenterier på festningsområda der dei innsette kunne handle det dei trengde, men i Bergen kom dette fyrst på plass i 1833.<sup>293</sup> Eg går ut ifrå at dei innsette difor fekk handla seg varer på torget i byen. Ifølgje Straffanstaltkommisjonen hadde slavane god nok økonomi til å få kjøpt seg både tobakk og øl i tillegg til det naudsynte, og til tider fekk dei òg løyve av kommandanten til å ta seg ein dram.<sup>294</sup> Det er verdt å nemne at ein gjentakandes kritikk frå kommisjonen er at slavane faktisk har hatt det for godt.

### **5.2.2. Det viktige skiljet mellom ærlege og uærlege slavar**

Ære var eit særsviktig spørsmål på 1700-talet. Dersom ein vart dømd ærelaus, mista ein mellom anna retten til å vitne i rettssaker, og ein fekk heller ikkje ta borgarbrev. Ein hadde ei førestilling om at uærlegdom meir eller mindre var smittsamt, og om ein vanka med ein ærelaus vart ein difor sjølv stempla som det. På bakgrunn av dette vart dei ærelause sosialt utstøytt av samfunnet.<sup>295</sup> Det var særskilt dei kroppslege avstraffingane som var knytt til tap av æra, og dette var hovudårsaka til den tidlegare omtala forordninga av 7.februar 1749, som erklærte at personar som vart kakstrokne og brennemerka òg måtte idømmast livsvarig straffarbeid.<sup>296</sup>

Uærlege slavar skulle ikkje arbeide utanfor festningsområdet, og dei skulle haldast mest mogleg åtskilt frå dei andre innsette. I kva grad ein i røynda klarte å skilje desse grupperingane er uvisst, men ifølgje Straffanstaltkommisjonen hadde ein i Bergen i andre halvdel av 1700-talet hatt eit eige sovelokale for dei uærlege slavane. På bakgrunn av plassmangel måtte ein seinare gå vekk frå denne ordninga.<sup>297</sup>

---

<sup>292</sup> Ibid:54.

<sup>293</sup> Ibid:69.

<sup>294</sup> Straffanstaltkommisjonen,1841:67-68.

<sup>295</sup> Sjå Krogh, 1994.

<sup>296</sup> Forordning 7.2.1749. Wessel-Berg, 1842.

<sup>297</sup> Straffanstaltkommisjonen,1841:66.

### 5.2.3. Slaverilokalets tilstand i Bergen

I 1720 vart det bygd ei ny hovudvakt på Bergenshus festning der to av romma var førebehaldt arrestantar og slavar.<sup>298</sup> I 1748 såg ein seg nøydt til å bygge eit nytt slavehus, då pågangen no var så stor at ein ikkje hadde moglegheit til å huse alle dei innsette i det gamle lokalet. ”*Det nye slavehus, der ved en dør stod i forbindelse med hovedvakten, var paa en etage; det hadde et langt værelse, hvori 2 sovebritscher, samt et litet kammer. Paa loftet var en lysark med luke for. Det hadde 3 vinduer med sprinkeljern for*”.<sup>299</sup>

Dette lokalet skulle likevel vise seg å ikkje vere tilstrekkeleg, då kommandanten i 1777 gav beskjed til generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania om at slaveriet var fullt, og at noko måtte gjerast. Kommandanten føreslo at lokalet burde reparerast og utvidast, men styremaktene vedtok at ein heller skulle løyse situasjonen ved å sende elleve livsslavar til Kronborg, noko som vart gjort i april 1778.<sup>300</sup> Denne løysinga vart òg valt i august 1789, då tolv livsslavar vart sendt same stad.<sup>301</sup> Fyrst i 1825 fekk slavehuset påbygd ei ny etasje, og i 1840 måtte ein legge til eit tilbygg for å kunne huse alle dei innsette.<sup>302</sup>

I 1778 kjem det fram i ei ny brevveksling mellom kommandanten og generalitets- og kommisariatskollegiet at slavelokalet var i svært dårleg stand, og at det mellom anna var hol i taket.<sup>303</sup> Dette må ha ført til eit fuktig og dårleg inneklima, og kombinert med plassmangel var nok følgjene at sjukdom ikkje var eit framandt fenomen på anstalten. Ifølgje Straffanstaltkommisjonen si innstilling frå 1841 var det òg vanleg at slavane delte seng, samt at dei innsettes moglegheit til å vaske seg var heller dårleg.<sup>304</sup> Risikoen for smitte må difor òg ha vore overhengande.

---

<sup>298</sup> Wahl, 1929:30.

<sup>299</sup> Wahl, 1929: 40.

<sup>300</sup> Bergenshus kommandantskap. Correspondance protocol, 21.1.1777 -31.12.1786. Brev datert 18.oktober 1777, 4.november 1777, og 31.januar 1778. I fangeprotokollen er det oppgitt at det er Helsingør som er destinasjonen for slavane, men ifølgje brevvekslinga var det Kronborg.

<sup>301</sup> Sjå merknadar i fangeprotokollen (Bghslave DA).

<sup>302</sup> Ulvund, 2002:45.

<sup>303</sup> Bergenshus kommandantskap. Correspondance protocol, 21.1 1777- 31.12. 1786. Brev datert 19.mai 1778. SAB.

<sup>304</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:65 og 74.



Figur 2: Bygninga som her er markert var slaverilokalet. Biletet er henta frå UBB Spesialsamlingene, utsnitt av perspektiv fra 1740-åra.

#### 5.2.4. Slavanes medisinske tilsyn

Kva medisinsk tilsyn hadde dei innsette? I to tilfelle er det notert i protokollen at fangane døde medan dei låg på sjukehuset.<sup>305</sup> Ein av desse var Knud Larsen, som ifølgje protokollen vart sett inn på slaveriet 24.desember 1773. I eit brev adressert til kommandanten frå generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, datert 8.januar 1774, kjem det fram at Larsen hadde rømt frå slaveriet i Trondheim. Han dukka opp ved slaveriet i Bergen, då han hadde blitt sjuk og var plaga av ”venerisk svaghed”. Kommandanten fekk ordre om at Larsen skulle pleiast, og at utgiftene skulle dekkjast av slavekassa.<sup>306</sup> Når Larsen var i stand til det, måtte han avhøyrast om korleis han hadde klart å røme frå anstalten i Trondheim. Det er

<sup>305</sup> Sjå fange nr.348 og 85 i protokollen (Bghslave DA)

<sup>306</sup> Slavekassene vart oppretta i 1764. Ved utleige av slavar til enkeltpersonar, skulle ein viss sum av utleigeinntektene gå til slavekassa. Denne skulle mellom anna dekkje utgifter som oppstod når fangar vart sjuke, samt lønningane til fangevektarane. Sjå Bugge, 1969:77.

likevel tvilsamt at kommandanten fekk høve til å utføre dette avhøret, då det i protokollen står at Larsen døde på det borgarlege sjukehuset 26.mars 1774.<sup>307</sup> Desse døma viser at dei innsette fekk medisinsk tilsyn, noko som òg blir nemnd i Straffanstaltkommisjonen si innstilling frå 1841. Her kjem det òg fram at slavar som vart sjuke fekk sjukepengar, samt ein rikare diett dersom legen fann det naudsynt.<sup>308</sup>

### **5.2.5. Dødsfall på slaveriet**

I løpet av perioden 1766-1810 vart det sett inn 368 enkeltpersonar på slaveriet i Bergen.

Tabell 4.8. i førre kapittel viste at 97 av desse var dømde til festningsarbeid på livstid, og ein skulle difor vente at talet på døde i alle fall oversteig 50 personar i løpet av perioden. Kor mange av dei innsette på slaveriet døde medan dei arbeidde i jern, og etter kor lang tid?

**Tabell 5.1. Oversikt over dødsfall delt inn i aldersgrupper\***

Alder	Under 20 år	20-30 år	31-40 år	41-50 år	51-60 år	61 år og oppover	<b>Sum døde</b>
Døde	0	8	6	3	11	4	32 personar

\*Kjelde:Bghslave (DA).

Tabell 5.1. viser at av dei totalt 368 personane som i løpet av perioden 1766-1810 var innom slaveriet, døydde 32 av dei innsette medan dei sat på anstalten, noko som då utgjer om lag 9% av fangane. Talet må seiast å vere overraskande lågt, særskilt med tanke på at 97 personar var innsett på livstid.

12 av dei døde var livstidsfangar, der fem av desse døde etter å ha arbeidd i jern i høvesvis 22 år, 19 år, 17 år, 14 år og 10 år.<sup>309</sup> Tre andre slavar døde etter om lag fem år på anstalten, seksten andre etter 1-4 år, medan dei resterande åtte fangane døde innan det hadde gått åtte månadar. Tabell 5.1. viser òg at omkring halvparten av dei som døde var 50 år eller eldre, medan eit noko meir overraskande funn er at 8 personar i aldersgruppa 20-30 år døde medan

<sup>307</sup> Bergenhus kommandantskap. Kopibok. SAB.

<sup>308</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:92-93.

<sup>309</sup> Den personen som i løpet av perioden arbeidde lengst i jern, var Christen Monsen. Han hadde i 1748 blitt brennemerka og kakstroken, samt idømd eit fireårig opphold på slaveriet som følgje av tjuveri. I 1749 og 1751 kom det to forordningar som erklærte at alle som vart brennemerka og kakstroken òg skulle dømmast til livsvarig slaveri. Kongen bestemte seg difor for å omgjere Monsen si straff til livstid. I 1764 vart fangen sendt til Trondheim som følgje av den planlagte nedlegginga av garnisonen på Bergenhus. I 1768 kom Monsen tilbake til Bergen, men rømte i 1770. I 1772 var han tilbake på anstalten, og døde same år. Han hadde då arbeida i jern i heile 22 år. Sjå fange nr.23 og 60 i protokollen, samt Bergenhus festning kommandantskap, kommandosaker. Kongebrev 1682-1765. Brev datert 9.november 1752.

dei sat på slaveriet. Dette kan i utgangspunktet verke som eit relativt høgt tal, men jamføre tabell 3.2. var dette òg den største aldersgruppa ved innsetjing på anstalten.<sup>310</sup> Sidan eg ikkje kjennar til den allmenne aldersbestemte mortaliteten i andre halvdel av 1700-talet, er det dessverre uråd å konkludere om eit opphald på slaveriet auka risikoen for å døy ung.

Bugge oppgir at det i tidsperioden 1764-1811 vart sett inn 401 personar på slaveriet i Trondheim, og at 24 av desse døde i løpet av opphaldet, altså nærmare 6% av fangane.<sup>311</sup> Det var med andre ord færre som døde på slaveriet i Trondheim enn i Bergen, men som nemnd i kapittel 3 har ikkje Bugge funne nokon aldersoppgåver kring dei innsette. Det blir då vanskeleg å vurdere om dødelegheita i Bergen i realiteten var høgare enn i Trondheim, då fangane i Bergen kan ha vore eldre ved innsetjing enn kva som var tilfellet i Trondheim.

Ifølgje forordning av 9.august 1757 skulle avretta delinkventar gravleggjast utan seremoni.<sup>312</sup> Eg går ut ifrå at dette òg gjerne var tilfellet med slavar som var dømde til livsvarig slaveri, medan praksisen kanskje var annleis for dei som sat på tidsavgrensa straff. I eit reskript vedrørande gravlegging av delinkventar som hadde dødd medan dei sat fengsla i Trondheim, blir det berre nemnd at desse skulle berast vekk av ærlege slavar og gravleggjast.<sup>313</sup> I eit brev frå kongen til kommandanten på Bergenhus festning i 1747 blir det òg erklært ”*at doktor Johann Gotfried Erichsen, for å kunne øve seg i de anatomiske kunnskaper, må få lov å benytte seg af bortdøende Slavers Cadavera, saa mange, som han har nødig*”.<sup>314</sup> Slavane vart med andre ord nyttegjort òg etter at dei var døde.

Slavane på Bergenhus vart lagt til kvile på fattigkyrkjegarden St. Paul på Nordnes, og etter 1806 på kyrkjegarden ”Fredens Bolig”, som låg der skulegarden til Krohnengen skule ligg i dag.<sup>315</sup>

---

<sup>310</sup> Sjå kapittel 3. Tabell 5.1. og tabell 3.4. let seg ikkje samanlikne, då tabell 3.4. tek føre seg alder ved innsetjing basert på talet på saker, medan tabell 5.1. tek føre seg talet på personar.

<sup>311</sup> Bugge, 1969:116.

<sup>312</sup> Forordning 9.8.1757. Schou, 1795.

<sup>313</sup> Reskript 3.1.1778. Wessel-Berg, 1842.

<sup>314</sup> Bergenhus kommandantskap. Kommandosaker, kongebrev 1682-1765. SAB.

<sup>315</sup> <http://www.histos.no/bergen/vis.php?kat=5&id=71>

## 5.3. Slaveriets sikkerheitsnivå

### 5.3.1. Vakhald og vaktmannskap

I tidlegare nemnde reskript av 24.februar og 10.mars 1764, vart det bestemt at ein skulle ha ei vakt, eller slavegevaldiger som desse vart kalla, på 10-12 slavar. I forordning av 7.juni 1764 vart det vidare erklært at forholdet mellom vaktmannskap og fangar skulle vere 1:7 eller 1:14.<sup>316</sup> Dersom talet på slavar oversteig 24 innsette, skulle det òg tilsettjast ein stokkeknekt eller profoss som skulle bidra til vakthaldet. Slavegevaldigarane skulle lønnast med 4 ½ skilling dagen, samt mundering, fritt kvarter og brød. Stokkeknektane skulle lønnast med 2 skilling, samt fritt kvarter og brød. På bakgrunn av dei låge lønene var det truleg vanskeleg å få tilsett personar til desse stillingane. Det utvikla seg difor ein praksis der eldre slavar kunne få tilbod om å bli sett på frifot mot at dei tok på seg å arbeide som gevaldiger eller stokkeknekt ei viss periode.<sup>317</sup> Dette må seiast å vere ein merkverdig skikk, då slavar som hadde arbeidd i jern gjerne hadde nære vener blant dei innsette. Korleis dette påverka vakthaldet er likevel uvisst.

Det oppgitte talet på forholdet mellom vakter og slavar, 1:7 eller 1:14, stemmer nok ikkje for anstalten i Bergen. Dette kjem fram i eit brev adressert til generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, datert 4.juli 1771. Brevet er eit referat av eit avhøyr av slavegevaldigeren etter at ein av fangane, nærmare bestemt livstidsfangen Tormod Hansen, hadde klart å røme.

Referat av brev: Den 2.juli hadde livstidsfangane Tormod Hansen og Christopher Krackau blitt satt til å bere bjelkar på festninga, medan slavegevaldigeren hadde geleida dei andre slavane til Fredriksberg (Nordnes) for å utføre noko arbeid der. Når gevaldigeren returnerte til festninga rundt middagstider, fortalte Krackau at Hansen tidlegare på morgonen hadde sneke seg vekk med unnskyldning om å ha eit ærend. Når det hadde gått ein time, og Hansen enno ikkje var tilbake, hadde Krackau meldt i frå til dei militære vaktene. Ingen av desse hadde sett noko til Hansen, men seinare på dagen vart fangedrakta hans funne rett utanfor byen.

Slavegevaldigaren vil ikkje ta på seg skulda for at Hansen har klart å røme, då han ikkje har

---

<sup>316</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:29. Sjå forordning 7.juni 1764.

<sup>317</sup> Forordning 24.2. og 10.3.1764. Rosenstand-Goiske, 1804. Sjå reskript 12.10. 1780 og 1.6.1781 i Wessel-Berg, 1843.

moglegheit til å halde auge med mellom 18-20 slavar på eiga hand. Særskilt sidan slavane blir utkommandert til å arbeide på ulike stadar i byen.<sup>318</sup> <sup>319</sup>

På Bergenhus festning hadde ein med andre ord berre ein slavegevaldiger på vakt i 1771. Det er ikkje merkverdig at gevaldigeren freista å fri seg frå ansvaret for rømminga, då reskript av 24.februar og 10.mars 1764 fastsette ei bot på 100 riksdalar dersom slett vakthald førte til at ein slave klarte å røme. Ifølgje Bugge vart dette i 1784 likevel endra til ei kroppsleg avstraffing, då mangelen på slavevektarar samt dei låge lønningane gjorde at desse summane ikkje var mogleg å få inn.<sup>320</sup>

I eit brev frå kommandanten til generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, datert 16.juli 1774, vart det understreka at slaveriet var underbemanna når det gjaldt vakthald, og at slavegevaldigeren åleine ikkje klarte å hindre at dei innsette rømde. Kommandanten bad difor om at det måtte bli tilsett ein profoss som kunne bidra med vakthaldet. Svaret som kom 17.august var ikkje vidare positivt, då kollegiet hevda at dette ikkje var reglementert, og at ein slik søknad difor måtte høgare opp i systemet.<sup>321</sup> Ifølgje fangeprotokollen sat det i juli 1774 17 personar innesperra på anstalten i Bergen, og som tidlegare nemnd var grensa for å få tilsett ein profoss eller stokkeknekt 24 slavar.<sup>322</sup> Kollegiet hadde med andre ord sitt på det tørre. I eit nytt brev frå kommandanten til kollegiet, datert 13.oktober 1778, kjem det fram i forbindelse med ei kakstryking som skulle utførast at slaveriet framleis ikkje hadde fått tilsett ein profoss. Den tidlegare søknaden om å få styrka vakthaldet hadde med andre ord ikkje møtt støtte frå høgare hald. Ut ifrå dette kan det nærmast verke som om styresmaktene ikkje tok vakthaldet kring slavane særskilt alvorleg.

### 5.3.2. Talet på rømingar frå slaveriet

Slavane vart lagt i jern med ein gong dei kom på festninga, og jernet kunne vege opp til 9 kg.<sup>323</sup> I tillegg måtte dei bere ei særskilt klesdrakt, "[..] idet den paa en vanærende maade

---

<sup>318</sup> Militærarkivet. Kommandererende general (KG II). Generalitets- og kommisariatskollegiet. Bergenhus fæstning. Breve. 1768-1771. RA.

<sup>319</sup> Ifølgje protokollen gjekk det 2.juli 1771 19 personar lenka i jern på slaveriet, så slavegevaldigeren overdrov ikkje. Tormod Hansen vart forøvrig seinare teken og sett inn igjen på festninga 27.mai 1773. Det tok likevel ikkje lang tid før han var på frifot. Den 3.juli 1773 rømde han nemleg igjen, men denne gongen følgde òg Krackau med på flukta. Sjå merknad i fangeprotokollen, fange nr.36 og 79. (Bghslave DA).

<sup>320</sup> Bugge, 1969:79.

<sup>321</sup> Bergenhus kommandantskap. Brev til kommandanten frå Kgl. Generalitets- og kommissariatskollegiet i Christiania, 1774-1784, datert 17.august 1774. SAB.

<sup>322</sup> Forordning 24.2. og 10.3.1764. Rosenstand-Gosike, 1804.

<sup>323</sup> Straffanstaltkommisjonen, 1841:76-77.

*udmerkær slaverne fremfor andre, at tjene dels til straff, dels til yderligere sikkerhed i bevogtningen*.<sup>324</sup> Jernet og fangedrakta må ha vore viktige verkemiddel for å hindre at dei innsette klarte å snike seg unna, men vakthaldet ved slaveriet i Bergen verkar òg å ha vore noko slett. Var så røming eit utbreidd problem ved anstalten, eller høyrdette til unntaka?

**Tabell 5.2. Rømingsforsøk delt inn i straffekategoriar og tidsperiode\***

Tidsperiode	Livsfangar	Tidsavgrensa straff	På kongens nåde	Uviss straff	Sum
1766-1780	12	0	1	5	18
1781-1795	17	4	0	1	22
1796-1810	10	18	2	0	30
Uvisst rømingstidspunkt	3	1	0	0	4
Sum rømingar	42	23	3	6	74 (78) <sup>325</sup>
Tal på fangar som stod bak rømingane	32	19	2	5	58

\* Kjelde: Bghslave DA.

Tabell 5.2. viser at det totalt var 78 rømingar frå slaveriet i perioden 1766-1810.<sup>326</sup> Fleire personar rømde òg fleire gongar, då det var 58 personar som stod bak dei 78 forsøka. Tabellen viser òg at det fyrst og fremst var dei livstidsinnsatte som stakk av i perioden 1766-1795, medan i den siste perioden er det dei som sat på tidsavgrensa straff som stod bak dei fleste rømingane. Talet på rømingar var òg stigande i løpet av perioden.

Ifølgje reskript av 6.mai 1743 skulle rømde fangar som vart teken, ikkje stillast for retten eller få forlenga si straff med mindre dei hadde utført eit nytt lovbrotdan medan dei var på frifot. I staden skulle dei straffast med ris eller tamp når dei var returnert til slaveriet, så mange slag som kommandanten fann passande.<sup>327</sup> Røming hadde med andre ord få konsekvensar for slaven, med mindre han gjorde eit nytt lovbrotdan. I fangeprotokollen er det notert at ein av slavane, Jens Lorentz Dahl, som var dømd til å arbeide i fem år på slaveriet, rømde og vart teken for tjuveri. Han fekk som følgje av dette omgjort straffa til livstid av kongen.<sup>328</sup>

<sup>324</sup> Forordning 23.juni 1764. Schmidt,1852.

<sup>325</sup> I røynda var det 78 rømingar frå slaveriet, men i fire tilfelle fortel ikkje protokollen kva år dette skjedde. Ut ifrå innsetningsdato veit eg i alle fall at alle var etter 1780. Sjå fange nr 44, nr 185, nr 186 og nr 254 i protokollen.(Bghslave DA)

<sup>326</sup> Til samanlikning opplyser Straffanstaltkommisjonen i si innstilling frå 1841 at det i perioden 1828-1840 var berre 8 rømingar frå slaveriet i Bergen.Sjå Straffanstaltkommisjonen, 1841:268.

<sup>327</sup> Reskript av 6.mai 1743.Wessel-Berg, 1841.

<sup>328</sup> Sjå fange nr.254 i protokollen (Bghslave DA).

Kor mange av dei 58 personane som rømde kom seg tilsynelatandes unna for godt? 18 av dei 32 livsfangane som rømde dukkar ikkje opp i protokollen seinare, det same er tilfellet med 10 av dei 19 som hadde blitt sett inn på ei tidsavgrensa straff. Ein av dei som sat på kongens nåde ser òg ut til å ha kome seg vekk, samt fire av dei fem som eg ikkje kjenner straffa til. Dette vil sei at av totalt 58 personar var det godt over halvparten som kom seg unna. Heilt sikkert er dette likevel ikkje, då forordning av 15.november 1748 erklærte at delinkventar som rømde og seinare vart tekne i eit anna stift, skulle sone deira straff i det stiftet dei vart tekne. Her låg det nok økonomiske motiv bak, då transport av enkelfangar gjerne kunne bli ei kostbar affære.

I protokollen er det notert at fangen med namn Jacob Johansen, som vart sett inn på slaveriet 7.august 1791, hadde rømt frå slaveriet i Trondheim den 4.august 1788. Johansen vart sitjandes på slaveriet i Bergen fram til han vart lauslate 13.oktober 1794. Det same var tilfelle med fangane Christian Limberg og Christen Johansen. I protokollen er det skrive at desse tidlegare hadde rømt frå slaveriet i Trondheim, men at dei no var tekne og sett inn på slaveriet i Bergen. Det tok likevel berre nokon månadar før dei rømde enno ein gong, og protokollen gir oss ingen fleire opplysningar kring deira vidare skjebne. Men i eit brev i kopiboka til kommandanten, adressert til generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, kjem det fram at Christian Limberg igjen er teken, og er sett inn på slaveriet i Trondheim.<sup>329</sup> Dette vil då sei at fangar som rømde frå slaveriet i Bergen kan ha blitt tekne og sett inn på eit av dei andre slaveria som fantes i Noreg på denne tida.

Ifølgje Bugge var røming òg sær utbreidd ved slaveriet i Trondheim. I løpet av perioden 1764-1814 har Bugge registrert i alt 166 rømingsforsøk frå anstalten, der fleire av dei innsette rømde to eller fleire gongar.<sup>330</sup> Slaveriet i Trondheim verkar dermed å ha hatt eit større sikkerheitsproblem enn anstalten i Bergen. Bugge er usikker på korleis vaktmannskapet var organisert, han tek utgangspunkt i forordninga av 7.juni 1764 som fastsette forholdet mellom vakter og innsette til 1:7 eller 1:14. Han reknar med at slaveriet då har hatt ein til to slavegevaldigarar, samt moglegvis ein, høgst to stokkeknektar.<sup>331</sup>

---

<sup>329</sup> Bergenhus kommandantskap. Correspondance protocol, 21.1 1777-31.12 1786. Brev frå kommandanten til generalitet- og kommissariatskollegiet i Christiania, datert 22.juni 1778. SAB.

<sup>330</sup> Bugge, 1969:122.

<sup>331</sup> Bugge, 1969:78.

## **5.4. Benådning**

Å bli dømd til livsvarig slaveri innebar ikkje alltid det ordlyden gav uttrykk for. Gjennom såkalla supplikkar, eller bøneskriv, kunne folket kommunisere direkte med øvrigheita, og gå til forbøn enten for seg sjølv eller andre.<sup>332</sup> Ein kunne med andre ord søkje om benådning for sine synder, ein praksis som stod sterkt gjennom heile 1700-talet i Danmark-Noreg.

### **5.4.1. Retten til å gje benådning**

Dei lågaste sivile rettsinstansane i Noreg på 1700-talet, var bygdetinga og bytinga. Når desse hadde handsama ei sak og gitt ein dom, kunne saka ankast vidare til rådstuerettane og lagtinga, eventuelt Overhoffretten i Kristiania, og øvst til Högsterett i København.<sup>333</sup> Retten hadde plikt til å dømme i tråd med kongens lov, men dersom dommarane fann straffa for hard, kunne dei leggje saka inn for kongen med oppmoding om benådning. Med innføringa av eineveldet, samt Kongelova av 1665, hadde monarken sikra seg full lovleggjande autoritet.<sup>334</sup> Dette innebar vidare at kongen innehadde makta til å endre både lov og straff, og han utgjorde difor siste instans i appellsaker.

Fram til 1719 var appell noko som den skulda lovbytaren sjølv måtte koste, ein kostnad som dei færraste hadde midlar til. Ein hadde difor moglegheit til å legge saka direkte inn for kongen, og be om monarkens nåde. Forordning av 31.mars 1719 endra den tidlegare praksisen, då det frå no av vart innført appellplikt i alle dødsdomar avsagt ved dei lågare rettsinstansane. Det økonomiske ansvaret for vidare rettsleg handsaming gjekk no under det offentlege. Dette vart utvida ved forordning av 18.august 1735, no skulle alle saker som gjaldt liv og ære inn for kongen før straffa kunne fullbyrdast.<sup>335</sup> Forordninga av 1735 vart likevel trekt tilbake i 1747, men deretter gjeninnført i 1758.<sup>336</sup>

Ifølgje Tage Holmboe var Högsterett tilbakehaldande med å leggje sakene inn til kongen for benådning i fyrste halvdel av 1700-talet, noko han hevdar har si forklaring i at dommarane på denne tida ikkje betrakta straffene som urettmessig harde. Ved forordninga av 1735 vart dette likevel ei plikt som retten måtte følgje i livssaker, men Högsterett viste lite initiativ til å sjølv gje uttrykk for korleis saka burde handterast av kongen. Ifølgje Holmboe endra dette seg då

---

<sup>332</sup> Sjå Bregnsbo, 1997.

<sup>333</sup> Erichsen, 1993:25.

<sup>334</sup> Sjå Kongelova, 1665:artikkel III.

<sup>335</sup> Hansen,1993:38-42.

<sup>336</sup> Ibid.

den obligatoriske kongelege resolusjon i saker som gjaldt liv og ære vart trekt tilbake i 1747. Høgsterett byrja no sjølv å ta initiativ til benådning, og ei kritisk haldning til fleire av dei kroppslege avstraffingsmetodane byrja kome til syne. Straffene vart no betrakta som å vere for strenge, og ein benådningspraksis som fortona seg som eit samspel mellom kongen og Høgsterett utvikla seg vidare i løpet av andre halvdel av 1700-talet.<sup>337</sup>

Arnstein Tystad skreiv i 2007 ei masteroppgåve om korleis Bergen lagting i andre halvdel av 1700-talet handsama straffesaker der dei lågare rettsinstansane hadde dømd delinkventane til døden. Tystad sin konklusjon gir uttrykk for at den same utviklinga som Holmboe skildrar innanfor Høgsterett òg gjorde seg gjeldande ved lagtinget. Tystad samanlikna mellom anna sine funn med avhandlinga til Torleif Hansen, som i 1993 undersøkte korleis den same rettsinstansen handterte appellsaker i perioden 1702-1737. Ifølgje Hansen kjende lagtinget seg i denne perioden bunden til å følge det formelle lovverket, medan Tystad kom fram til at lagtinget i andre halvdel av 1700-talet byrja å sjølv ta initiativ til ein mildare rettspraksis.<sup>338</sup>

#### 5.4.2. Teoriar om benådning

*"Men Miskundhed er over Scepterets Magt;  
den har sin Throne bygt i Fyrstens Hjerte,  
og er et Attribut, som Gud har selv.  
Og jordisk Magt samstemmer mest med Guds,  
naar Naade mildner Refærd".<sup>339</sup>*

Ifølgje Torleif Hansen var straffene i Danmark-Noreg i fyrste halvdel av 1700-talet særstrenge. Appell eller innstilling om benådning førte likevel nesten alltid fram til ei formilding av dei gitte straffene, og humaniseringa av strafferetten i Danmark-Noreg tok difor til i god tid før opplysningstidas ideologiar byrja gjere sitt inntog i vest-Europa. Til trass for at lovverket og praksisen stod i strid med kvarandre, vart det likevel ikkje gjennomført noko reform av straffelovene. Ifølgje Hansen kan dette ha si forklaring i at "*[..] regimet brukte appell og benådning som et politisk instrument til å forme et bestemt bilde av seg selv..*".<sup>340</sup> Kongen tok med andre ord i bruk benådning som propaganda for å styrke si stilling blant folket.

---

<sup>337</sup> Holmboe, 1961: 104-105.

<sup>338</sup> Sjå Tystad, 2007 og Hansen, 1993:245.

<sup>339</sup> Frå Shakespears "Kjøpmannen i Vendig". Sitat funne i "Om Straf og Straffeanstalter" (1840), skrive av kong Oscar den fyrste.

<sup>340</sup> Hansen, 1993:247-248.

At benådningsretten innehadde ei sentral rolle i kongeideologien, kjem òg til syne i Henrik Stampe sine erklæringar. Stampe innehadde embetet som juridisk konsulent for kongen og kanselliet i perioden 1753-1789, og hadde med andre ord stor påverknad på utviklinga innanfor strafferetten i dette tidsrommet. I ei av sine erklæringar understreka Stampe mellom anna at kongen aldri måtte skjerpe ein dom som vart lagt fram til resolusjon, "[..] da *Undersaatterne fra Hans Majestæts Naadethrone ikke bør vente eller love sig andet, end idel Naade, Mildhed og Godhed, og bør ansee alt, hva der er haardt og skræksomt, som noget der aldrig kan komme umiddelbart derfra*".<sup>341</sup> Det var dommarane som skulle straffe, medan kongen skulle skåne.

Vidare forsvarte Stampe kongen sin rett til å gå inn og endre ein gitt dom, ein rett som var stadfesta i Kongelova av 1665. "*Enhver indseer lettelig det, som alle Omstændigheder og bidrage til at vise, at Grunden til denne Lov indeholdes i den Faderlige og gjensidige Kierlighed, de danske Konger fra lang Tid af bestandig have haft til Deres troe Undersaatter, og den Omsorg, de have baaret for at skaane deres Liv*".<sup>342</sup> Benådningspraksisen vart med andre ord framheva som eit vern om undersåttanes rettssikkerheit, der kongen framstod som ein mild og kjærleg fader.

Den britiske rettshistorikaren Douglas Hay betraktar òg benådning som eit propagandistisk reiskap for styresmaktene til å halde på makta. Undersåttane måtte tru på lovenes legitimitet og rettssystemets rettferd, og kongen måtte framstå som ein vernande fader kring folkets velferd.<sup>343</sup> "*En måte å styrke lojalitetsbåndet på var å utvise barmhjertighet – og jo strengere straff kongen hadde muligheter til å gi, jo mer barmhjertig fremsto han dersom han dikterte en mild straff*".<sup>344</sup>

#### **5.4.3. Benådningspraksisen ved slaveriet i Bergen**

Som vi såg i kapittel 3 og 4, var fleire av slavane sett inn for lovbroten som ifølgje lovverket skulle straffast med dødsstraff. Dei må med andre ord ha blitt benåda frå den opphavlege dommen. Dette var mellom anna tilfellet for Peder Olsen Drønnesund, som i 1768 vart dømd til døden av lagtinget for å ha avla born med si stedotter.<sup>345</sup> Saka skulle i tråd med lova inn for kongen før dommen kunne eksekverast, og kongen valde å endre straffen til livsvarig slaveri. Drønnesund vart sett inn på anstalten i Bergen den 4.september 1769, men til trass for

---

<sup>341</sup> Stampe, 1797: 543.

<sup>342</sup> Ibid: 544.

<sup>343</sup> Hay, 1988:58.

<sup>344</sup> Stuestøl i Forntid, nr.2, 2008: 47.

livstidsdommen vart han ikkje sitjandes lenge. 26.mai 1771 vart Drønnesund lauslatt på bakgrunn av kongeleg resolusjon, mot at han skulle betale 10 riksdalar til heimsoknets fattige.<sup>346</sup> Han vart med andre ord benåda enno ein gong, og det etter særskilt kort tid. Ifølgje ei av erklæringane til Stampe var dette ikkje uvanleg. ”*Det hænder sig ofte, at den som er hensat på Livstid, bliver efter nogle Aars Forløb benaadet og løsladt [...] Ja, det hænder endog, og det i følge af den Mildhed og den faderlige Ømhed, som næsten characteriserer vor Regieringsform, ikke saa meget sielden, at den, der paa Livstid er hensat i uærlig Slaverie, bliver benaadet og løsladt, og tillige faaer Opreisning paa sin Ære [...]”<sup>347</sup> Kor utbreidd var så benådningspraksisen ved slaveriet i Bergen?*

Ut ifrå protokollens opplysningar har eg kome fram til at det med sikkerheit vart gitt benådning i 44 saker. I tillegg er det seks saker eg er usikker på, då det ikkje er notert i fangeprotokollen at desse vart lauslatne på bakgrunn av kongeleg resolusjon. Den eine av desse fem skulle sone ei straff på 3 år for tjuveri, men det er oppgitt utdato etter berre 5 månadar.<sup>348</sup> Dei fem andre var livstidsfangar, der to av desse har utdato etter 3 år, ein etter 4 år, ein etter 8 år og den siste etter heile 20 år.<sup>349</sup> Dersom eg tek med desse seks i utrekninga, kjem eg fram til at det totalt vart gitt benådning i 13% av sakene.

I 28 tilfelle var det livstidsfangar som vart benåda, 12 andre sat inne på kongens nåde, 9 på tidsavgrensa straff, og ein med ukjent straffetid. Fleirtalet vart benåda etter å ha arbeidd i jern mellom to til seks år, medan enkelte måtte vente atskillig lengre. Fire personar vart til dømes sett fri etter nærmare 11 år, ein etter 13 år, ein etter 15 år, ein etter nærmare 17 år, samt to etter 20 år.<sup>350</sup>

---

<sup>345</sup> Lagtingsdom, justisprotokoll nr.10:241.

<sup>346</sup> Sjå fange nr.38 i protokollen. (Bghslave DA). Brev frå kongen til kommandanten, datert 15.mai 1771, i justissakene i arkivet etter generalauditøren, SAB.

<sup>347</sup> Stampe, 1797:363.

<sup>348</sup> Sjå fange nr.332 i protokollen. (Bghslave DA) .

<sup>349</sup> Sjå fange nr.8, 130, 302, 305 og 319 i protokollen. (Bghslave DA).

<sup>350</sup> Sjå fange nr.106,160,167,176,129,109,119,141 og 8 i protokollen. (Bghslave DA).

**Tabell 5.3. Oversikt over gitt benådning for kva type lovbroter og tidsperiode\***

Lovbrot	1766-1775	1776-1785	1786-1795	1796-1810	Sum
Vinningslovbrot	4	3	13	6	26
Seksuelle lovbroter	1	4	4	1	10
Opprør	2	-	1	-	3
Vald	-	1	1	-	2
Ukjent	2	3	-	4	9
Sum	9	11	19	11	50

\*Kjelde: Bghslave (DA)

Tabell 5.3. viser at talet på benådningar var stigande fram til 1795, medan ein ser ein nedgående tendens i perioden etter. Årsaka til dette kan vere forordninga av 20.februar 1789, då den sette klarare rammer kring tjuveristraffenes lengde. Ei anna forklaring til nedgangen kan vere ei forordning som kom i 1790, som kravde at ein skulle byrja å gjere uærlege slavar ærlege.<sup>351</sup> Som følgje av dette vart no benådningspraksisen i fleire tilfelle ein tostegsprosess, noko som må ha gjort vegen til benådning meir tidkrevjande. Slaven måtte først erklærast ærleg, deretter kunne ein søkje om benådning. Dette er interessant, då det gir uttrykk for at ein forbettingsideologi byrja gjere seg gjeldande innanfor behandlinga av slavane. I eit brev til kommandanten frå generalitets- og kommisariatskollegiet, datert 23.september 1790, vart det gitt instruksar om korleis ein skulle gå fram i desse sakene. Kommandanten skulle årleg sende inn ei innstilling om kva fangar han fann verdig til å bli ærleggjort og vidare benåda.

Lauslatinga skulle skje to gongar i året, den eine gongen i forbindelse med kongens gebursdag. To kriterium vart satt, det eine var at berre sivile delinkventar skulle innstillast til benådning, ikkje militære. Det andre var at slavane måtte ha sona 4-5 månadar av si tildømte straff før dei kunne takast med i vurderinga. Dersom ein slave vart ærleggjort, skulle kommandanten i løpet av det neste året sende inn ei innstilling om korleis fangen hadde skjøtta seg, og om kommandanten fann han verdig til å bli skjenka kongens nåde i form av benådning.<sup>352</sup> Dei innsette måtte med andre ord gjere seg fortent til benådning gjennom å vise god åferd.

Det er truleg at det òg låg eit økonomisk motiv bak forordninga, då uærlegdom som tidlegare nemnd førte til sosial utstøyting. Ved å offisielt ærleggjere slavane, var det større sjanse for at dei kunne finne seg eit arbeid når dei vart sett på frifot. Ifølgje brevet av 23.september 1790,

<sup>351</sup> Forordning 18.6.1790. Wessel-Berg, 1843.

<sup>352</sup> Bergenhus kommandantskap. Innkomne brev frå det kongelege generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, 1785-1796. Brev datert 23.september 1790. SAB.

skulle fangar som vart benåda gjere greie for kvar dei hadde tenkt å ta vegen, og korleis dei skulle livnære seg. Dersom dei ikkje kunne svare på dette skulle dei bli verande på festninga, men bli fritekne frå jern. Der skulle dei nyte losji og opphaldspengar fram til dei klarte å finne seg eit arbeid. Dersom slaven var gamal og svak, og det difor ikkje var truleg at han kunne finne seg noko arbeid, skulle han forbli på anstalten og få det han trengde der.<sup>353</sup>

Jamføre tabell 5.3. var vinningslovbrot tilsynelatandes den kategorien det vart gitt flest benådningar for, men i kapittel 3 og 4 vart det òg vist at denne kategorien var desidert størst. Vinningslovbrot utgjorde årsak til innsetjing i heile 174 saker, noko som vil sei at det i 15% av desse sakene vart gitt benådning. 17 av dei 26 benådningane vart gitt til livstidsinnsette, medan dei resterande sat på kongens nåde eller på tidsavgrensa straff.

I kapittel 3 og 4 fann eg at seksuelle lovbrot utgjorde innsetjingsårsak i 38 saker, noko som vil sei at det vart gitt benådning i 26% av desse sakene. Tabell 4.3. og 4.4. viste at ti personar innanfor denne kategorien vart sett inn på livstid på bakgrunn av blodskam, men sju av benådningane ovanfor gjaldt nettopp desse. Av dei resterande tre som var idømd livstid, var det ein som døde, ein som vart sendt til Kronborg i 1778, samt ein som framleis sat på slaveriet ved protokollens slutt i september 1810. Dei tre siste benådningane som vart gitt innanfor kategorien seksuelle lovbrot, gjaldt to saker for blodskam der det var idømd tidsavgrensa straff, samt ein som sat på kongens nåde i fem år for tredje gongs leiermål før han vart benåda. Blodskam merkar seg dermed ut som det lovbrotet som det i størst grad vart gitt benådning for i etterkant.

Innanfor opprørskategorien var det tre personar som vart sett inn på livstid, men tabell 5.3. viser at alle desse vart benåda. Dei to mistenkte hovudmennene bak Strilekrigen i Bergen i 1765, vart sett fri innan det hadde gått tre år. Elling Mouritzen, som hadde blitt peika ut som leiar for det såkalla skatteopprøret i Stavanger i 1772, måtte på den andre sida vente atskillig lenger på å bli teke i nåde av kongen. Gustav Sætra har skrive ein artikkel om Kristian Lofthus, som vart dømd til livsvarig slaveri på bakgrunn av opprør i 1787. Ifølgje Sætra fekk Lofthus ei usedvanleg hard straff, då han etter 10 år på Akershus festning døde utan å ha fått innvilga benådning. Sætra tvilar på at så strenge straffer har blitt teke i bruk tidlegare mot opprørarar.”*Og selv om det også finnes noen eksempler på så strenge straffer, finnes det vel ikke noen eksempler på at de måtte sone slik som Lofthus, uten å få benådning*”.<sup>354</sup> Elling Mouritzen

---

<sup>353</sup> Ibid.

<sup>354</sup> Sætra, 1998:52.

fekk rett nok benådning, men det var først etter nærmere 17 år. Mouritzen var dermed gjerne den personen som sona den lengste straffa for opprør i Noreg i andre halvdel av 1700-talet.

Ved slaveriet i Trondheim vart òg fleire av dei innsette benåda. Ifølgje Bugge vart 25% av dei som sat på livstid eller kongens nåde sleppt fri. I alt fekk 17% avkorta straffetida, medan i Bergen var dette talet 13%.<sup>355</sup> I forbindelse med dette er det viktig å påpeike at totalt 23 livstidsslavar vart overflytta frå Bergenshus festning til Kronborg i 1778 og 1789. Dersom desse hadde blitt verandes på anstalten, hadde nok talet på benådningar ved slaveriet i Bergen vore høgare. Det kan òg føreligge mørketal, sidan protokollen i fleire tilfelle ikkje oppgir kor lenge dei som var sett inn på tidsavgrensa straff skulle sone. Dersom merknadar kring kongeleg resolusjon eller benådning ikkje har blitt notert i desse sakene, er det uråd å vite om desse vart lauslate før dei hadde sona si fulle straff.

#### **5.4.4. Kvifor benådning?**

I arkivet etter generalauditøren på Bergenshus festning, samt i korrespondansen mellom kommandanten og det kongelege generalitets- og kommisariatskollegiet i Kristiania, har eg funne nokon saker der årsaka til benådning blir utdjupa.

Ole Eriksen Svindal, som var utpeika som ein av leiarane bak Strilekrigen i Bergen i 1765, vart mellom anna sett fri i 1771 på bakgrunn av at kona hans trengte hjelp med å drifte garden.<sup>356</sup> Johannes Nielsen Wixnæs, som var dømd til livsvarig slaveri for å ha avla born med si eiga syster, vart benåda på liknande grunnlag. Hans gamle mor trengde òg nemleg hjelp med gardsdrifta, men Wixnæs vart pålagt å halde ein låg profil i heimbygda.<sup>357</sup> Ole Knudsen, som i 1772 vart sett inn på kongens nåde for smått tjuveri, vart i 1778 sett fri på bakgrunn av at faren hans gjekk i forbøn for han. Faren trengde å få sonen heim, då han sjølv var gamal og svak. Kommandanten støtta òg supplikken, då Knudsen hadde oppført seg særskilt godt dei seks åra han hadde arbeidd i jern på Bergenshus.<sup>358</sup> Daniel Aagaard enda opp i jern på Bergenshus som følgje av at han hadde slått sin far, ei gjerning som ifølgje norsk lov skulle straffast med halshogging. Etter tre år la faren til Aagaard inn forbøn om at sonen no måtte setjast fri, noko som vart innvilga.<sup>359</sup>

---

<sup>355</sup> Bugge, 1969:102.

<sup>356</sup> Bergenshus kommandantskap. Arkivet til generalauditøren. Justissaker, 1729-1809. Brev datert 19.juli 1771.

<sup>357</sup> Ibid. Brev datert 26.juni 1782.

<sup>358</sup> Bergenshus kommandantskap. Correspondance protocol, 21.1 1777-31.12 1786. Brev frå kommandanten til Kgl. Generalitets- og Kommissariatskollegiet i Christiania, datert 31.mars 1778. SAB.

<sup>359</sup> Bergenshus kommandantskap. Generalauditørens arkiv, justissaker. Brev datert 9.januar 1782. SAB.

Anders Bærdahl, som i 1775 vart sett inn på slaveriet på livstid for stort tjuveri, viste seg å vere galen. Kommandanten såg seg nøydt til å lenke han til veggen for at han ikkje skulle utgjere ein trugsel mot dei andre innsette. I 1778 vart Bærdahl sett fri, då nokon slektningar ville ta på seg ansvaret for han.<sup>360</sup>

Desse døma viser at supplikkar, eller bønebrev til kongen, var eit sentralt reiskap for å oppnå benådning. Det var likevel ikkje alltid at bøna vann fram hos monarken. Den 22.desember 1778 sendte kommandanten ved Bergenhus eit brev til generalitets-og kommisariatskollegiet i Kristiania. Bakgrunnen var at han hadde motteke ein supplikk frå konene til Ole Endresen Hinne og Thore Knudson, som var dømd til fire år i jern for å ha delteke i skatteopprøret i Stavanger i 1772. Kvinnene understreka at dei var særskilt fattige og trengande, og bad om at mennene måtte bli lauslatne og komme dei til hjelp. Kommandanten støtta supplikken, då Hinne og Knudson hadde skjøtta seg godt.<sup>361</sup> Ut ifrå fangeprotokollen sine opplysningar ser ein at dette likevel ikkje vart innvilga, då Hinne og Knudsson sona heile straffa på fire år før dei vart sett på frifot.

Fleire av slavane ser òg ut til å ha blitt sett fri under visse vilkår. Som nemnd ovanfor vart mellom anna Peder Olsen Drønnesund sett på frifot mot at han betalte 10 riksdalar til heimsoknets fattige. I kapittel 3 fann eg at 28 av dei innsette på slaveriet kom ifrå utlandet. Eit vanleg vilkår for at desse vart lauslatne synast å vere at dei skulle forlate landet så fort som mogleg. Styresmaktene var til og med villig til å betale for reisa dersom delinkventen sjølv ikkje hadde økonomi til dette.<sup>362</sup>

## 5.5.Oppsummering

I dette kapitlet har eg mellom anna sett nærmare på leveforholda til dei innsette på slaveriet i Bergen. Eg fann at styresmaktene freista å gjere slaveria til sjølvdrivne økonomiske anstalter ved opprettinga av dei såkalla slavekassene i 1764, noko som førte til at dei innsette byrja bli leigd ut til privatpersonar. Det er tvilsamt at utleige av slavar utgjorde noko lønsam geskjef, men arbeidskrafa til dei innsette vart nok likevel betrakta som verdifull for styresmaktene, då slavane kunne takast i bruk til offentlege oppgåver som vegarbeid og graving av grøfter.

---

<sup>360</sup> Bergenhus kommandantskap. Arkivet til generalauditøren. Justissaker 1729-1809. Brev datert 25.februar 1778.

<sup>361</sup> Bergenhus kommandantskap. Correspondance protocol, 21.1 1777- 31.12 1786. Brev frå kommandanten til Kgl. Generalitets- og Kommissariatskollegiet i Kristiania, datert 22. desember 1778. SAB.

<sup>362</sup> Bergenhus kommandantskap. Brev frå Kgl. Generalitets- og Kommissariatskollegiet i Kristiania, 1774-1784, datert 18.juli 1778. og Generalauditørens arkiv, justissaker, brev datert 6.juli 1774.SAB.

Slavane skulle ifølgje reskript av 24.februar og 10.mars 1764 få utbetalt 1 ½ skilling dagleg, ein sum dei spedde på ved å framstille ulike gjenstandar dei fekk selt i byen. Ifølgje Straffanstaltkommisjonen hadde slavane moglegvis for god økonomi, då dei fann rom til å få kjøpt seg både røyk og øl i tillegg til det naudsynte. Lokalet dei innsette heldt til i var i dårleg stand, og plassmangel var truleg ein faktor. Dette kan ha ført til at sjukdom var utbreidd ved anstalten, men talet på døde viste seg å ikkje vere uforholdsmessig høgt. Dette kan ha si forklaring i at dei innsette var sikra medisinsk tilsyn gjennom slavekassa, men òg at dei var mykje ute i friluft i tilknyting til arbeidet.

Sikkerheita ved anstalten i Bergen var låg, då fleire av slavane klarte å røme både ein og to gongar. Røming utgjorde ingen risiko for slavane, då dette ikkje vart følgd opp med ei skjerpning av straffa, med mindre dei utførte eit nytt lovbro medan dei var på frifot. Talet på rømingar auka òg i løpet av perioden, og til trass for at kommandanten gav uttrykk for at ei styrking av vaktmannskapet var naudsynt, verkar dette ikkje å ha blitt følgd opp av styresmaktene.

Eg fann òg at benådning vart gitt i 13% av sakene, der kring halvparten gjaldt slavar som var sett inn på livstid. Supplikkar frå familiemedlemmar verkar å ha vore eit viktig reiskap for å oppnå benådning. Det vart ofte spelt på økonomiske faktorar, som at ein trengde å få mannen eller sonen heim for å drifte garden.

Ein gjennomgang av dei ulike lovbrota viste at i forhold til kategorianes størrelse, var det blodskam som oftast vart benåda i etterkant. Talet på benådningar gjekk noko ned etter 1795, eit trekk som moglegvis kan ha si forklaring i tjuveriforordninga av 20.februar 1789. Ein annan faktor som kan ha spela inn, er forordninga av 18.juni 1790. Benådning vart no ein tostegsprosess i dei sakene der dei innsette var frådømd si ære, då desse no fyrst måtte gjerast ærleg før dei kunne bli benåda. Slavane måtte òg bli funne verdig til å bli benåda av kommandanten, noko som samla sett gjorde prosessen meir tidkrevjande.

I byrjinga av kapitlet stilte eg òg spørsmål om kva som skjedde med dei 97 personane som vart sett inn på livstid på slaveriet. Kapitlet har vist at tolv av desse verkeleg sona ei livstidsstraff, då dei døde medan dei sat innesperra på anstalten. 23 andre vart overflytta til Kronborg i 1778 og 1789, 18 andre rømde, og 28 vart benåda. Dei resterande 16 sat på slaveriet ved protokollens slutt i september 1810.

## Kapittel 6. Konklusjon

I innleiinga stilte eg spørsmål kring korleis festningsslaveria vart teke i bruk som straffesanksjon i Noreg i andre halvdel av 1700-talet. Eg ynskja å sjå den praktiske bruken av desse straffanstaltane opp mot tre sentrale teoriar innanfor kriminologien. Desse tre teoriane har vektlagt ulike faktorar som avgjerande for den endringa som fann stad innanfor straffepraksisen; økonomi, disiplinering og sivilisering.

Var så bruken av slaveristraffa først og fremst økonomisk motivert? Ser ein ei oppmjuking av den tidlegare straffepraksisen i løpet av perioden, det vil seie om det kom lovendringar som føreskreiv slaveristraff framfor andre kroppslege avstraffingsmetodar? Kva blir i så fall oppgitt som årsak til dette? Er det ein kritikk av dei eldre straffene som peikar i retning av Spierenburg si tese om at eliten og seinare allmogen blir meir kjenslevare for dei kroppslege avstraffingsmetodane, eller ser ein tendensar til at slaveria gradvis inngår i eit disiplineringsmaskineri i tråd med Foucault sin teori?

I kapittel 2 fann eg at oppkomsten av slaveristraffa i Danmark-Noreg truleg var økonomisk motivert. Men ifølgje Stuckenbergs spelte òg reformasjonen ei heil sentral rolle, då denne endra dei samfunnsmessige forholda drastisk. Arbeid fekk ein ny verdi, det vart drege fram som ein dyd. Å livnære seg av tigging medan ein var i stand til å arbeide vart sett på som moralsk forkasteleg, eit onde. Slike personar måtte tuktast med bruk av straffarbeid, og det var difor såkalla lausgjengarar som utgjorde den første grupperinga som vart skikka av garde for å arbeide i jern på kongens verft.

I kapittel 3 fann eg at fleire av slavane hadde blitt innsett for lovbroten som ifølgje lova skulle straffast med dødsstraff. Dette talar for ein mild praksis i andre halvdel av 1700-talet. Men ifølgje Tyge Krogh og Torleif Hansen var benådning òg svært utbreidd i første halvdel av 1700-talet. Dette samsvarar vidare med mine funn i kapittel 2 kring dei innsette på slaveriet i perioden 1733-1762. Eg fann at tretten av dei innsette var dømde for blodskam, eit lovbroten som skulle straffast med døden. Dette passar for så vidt godt inn med Spierenburg sin teori, då han framheva at opplysningsstidas reformatorar storma vidopne dører i andre halvdel av 1700-talet. I kapittel 4 undersøkte eg korleis soningstida fordelte seg mellom dei ulike lovbrota, der eg fann at omkring  $\frac{1}{4}$  av dei innsette var dømde til slaveri på livstid. Vidare fann eg at det førekjem sentrale endringar innanfor straffepraksisen, då dei seksuelle lovbrota gradvis forsvann som innsetjingsgrunnlag. Ifølgje Tage Holmboe vart dei tidlegare straffene, særskilt for blodskam, kritisert innanfor Høgsterett, ein ynskja å fjerne seg frå den eldre praksisen.

Dette må òg seiast å gå overeins med Spierenburg sin teori, då han hevda at det fyrst og fremst var eliten som byrja avsky dei kroppslege avstraffingsmetodane. Ifølgje Holmboe var diskusjonen innanfor Högsterett eit uttrykk for eit skifte innanfor jussen, der religionen no mista sin innverknad, medan fornufta og naturretten sigra. Noko storstilt reform av strafferetten kom likevel ikkje, skjønt tjuveriforordninga av 1789 kan seiast å vere eit uttrykk for ei nytenking innanfor strafferetten.

I kapittel 5 kom eg fram til at leveforholda ved slaveriet faktisk ikkje var så gale. Ifølgje Straffanstaltkommisjonen si innstilling hadde slavane det økonomisk romsleg, dei var sikra medisinsk tilsyn og eg fann at talet på døde ikkje kan seiast å ha vore uforholdsmessig høgt. Styresmaktene freista å leige ut slavane som arbeidskraft, men det er tvilsamt at dette nokon gong var ei lønsam affære. Slavane var likevel verdifulle for staten, då ein kunne setje dei til meir offentlege oppgåver som å grave grøfter og reparere vegar. Vakthaldet ved anstalten må ha vore mindre god, då svært mange av dei innsette klarte å røme. Det same var tilfellet ved anstalten i Trondheim. Foucault sin teori om at det i løpet av andre halvdel av 1700-talet tok festet ein disiplineringsideologi innanfor straffepraksisen, ser ikkje ut til å vere gjeldandes for slaveria. Ein føreutsetnad for å innføre disiplin er at dei innsette er overvaka, eller i det minste har kjensla av at dei er overvaka. Det høge talet på rømingar i både Bergen og Trondheim motsei dette. På den andre sida verkar tukthuset å ha fått ei ny og viktig rolle som straffanstalt etter tjuveriforordninga av 1789. Tukthusa vart drifta heilt annleis enn slaveria. På tukthuset var dei innsette nøye overvaka, og dei vart mellom anna lønna ut ifrå produksjon. Dersom det er korrekt at tukthusa får ei større rolle som straffeanstalt, peikar dette i retning av at Foucault kan ha rett. Slaveristraffa skulle nok òg verke disiplinerande, men det var nok fyrst og fremst kroppen som var målet for denne disiplinen, ikkje sjela. I kapittel 5 fann eg òg at benådning verkar å ha vore forholdsvis utbreidt. I minimum 13% av sakene vart det innvilga ei avkorting av straffas lengde. Ifølgje Douglas Hay og Torleif Hansen kan dei strenge straffene sett opp mot ein utbreidd benådningspraksis tolkast som politisk propaganda av styresmaktene. Dess strengare straffer kongen hadde moglegheit til å gje, dess meir nådig framstod han i folkets auge.

Ein gjennomgang av mine funn viser at ein ser teikn på at både økonomi, sivilisering og disiplin gjorde seg gjeldande innanfor bruken av festningslaveri som straffesanksjon. Men ein kan òg hevde at religion og politikk var sentrale faktorar kring straffanstaltanes oppkomst og framvekst. David Garland har tidlegare kritisert Rusche og Kirchheimer, Foucault og

Spierenburg for å ha lagt for mykje vekt på ein faktor. Eg må sei meg einig med Garland. Berre ved å ta inn alle faktorar, økonomi, disiplinering, humanisme, religion og politikk, kan ein få ei tilstrekkeleg årsaksforklaring på straffanstaltanes oppkomst og framvekst..



## 7. Kjelder og litteratur

### Digitaliserte kjelder

Bghslave. Slaver ved Bergenhus festning 1767-1810. Henta 22.11.2010 frå

<http://digitalarkivet.no/cgi-win/webcens.exe?slag=visbase&filnamn=bghslave&metanr=32>

Norsk lov av 1604. Henta 16.11.2010 frå

<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr4web/chr4innhold.html>

Kongelova av 1665. Henta 16.11.2010 frå

[http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr5web/konge\\_loven.html](http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr5web/konge_loven.html)

Kong Christian den femtes danske lov, 1683. Henta 17.11.2010 frå

<http://bjoerna.dk/DanskeLov/Danske-Lov.pdf>

Kong Christian den femtes norske lov, 1687. Henta 1.11.2010 frå

<http://www.hf.uio.no/iakh/forskning/prosjekter/tingbok/kilder/chr5web/chr5register.html>

Norske Rigsregistrarer Bind X. Henta 1.11.2010 frå <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesbok&bokid=riksreg10>

Folketeljinga 1801. Henta 1.11.2010 frå <http://www.digitalarkivet.no>

Paus, Hans. *Gamle kongelige forordninger og privilegier, udgivne for Kongeriket Norge*, Kjøbenhavn 1751: Henta 16.11.2010 frå <http://da2.uib.no/cgi-win/WebBok.exe?slag=lesbok&bokid=paus>

Om utrekning av pengar: Henta 22.11.2010 frå

[http://www.luroy.folkebibl.no/artikel\\_25\\_lokalhist.htm](http://www.luroy.folkebibl.no/artikel_25_lokalhist.htm)

### Trykte kjelder

Kong Christian IV recess 1643. Den rettshistoriske kommisjon. Oslo, 1981.

*Kong Christian den Siettes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve for Aaret 1739, København* [Utan trykkår].

Fr. Aug. Wessel Berg: *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Kongeriget Norge i Tidsrummet 1660-1813*. Bind 1-4. Christiania 1841-45.

J.A.S. Schmidt: *Forordninger, aabne Breve, Placater m.M. for Kongeriget Norge*, bind 1-2.1648-17813, Christiania 1851-1852..

Schou, Jacob Henrik. *Alphabetisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve, samt andre trykte Anordninger, som fra Aar 1670 afere udkomne.* 1795.

*Kong Christian den syvendes allernaadigste forordninger og aabne Breve for Aar 1799.*

Trykt hos Johann Frederik Schultz. Kongelig og universitets Bogtrykker.

Rosenstad-Goiske. *Reskripter, Resolutioner og Collegialbreve den danske Krigsmakt til Lands angaaende.* 1763-1784.

Straffeanstaltkommisjonen: *Beretning om Beskaffenheten af Norges Strafanstalter og Fangepleie samt Betænkning og Indstilling om en Reform i begge, efter fremmede Staters Mønster,* Christiania 1841.

Woxen, Fr. *Meddelelser om det norske fængselsvæsen i det 19de aarhundrede.*

*Fængselsstyrelsens aarbog 1901-02,* i Norges officielle statistikk, nr.86. I kommisjon hos Aschehoug, Kristiania, 1904.

Folketeljinga 1769 i "Norges Offisielle Statistikk B 106: Norges første folketelling 1769" (Statistisk Sentralbyrå, Oslo 1980).

Bergen lagting. Justisprotokoll nr. 10 (Statsarkivet i Bergen)

Danske kanselli, Norske innlegg, 7.januar, fra stiftsbefalingsmand i Christiansand. Utdelt av Arne Solli (UIB)

## Utrykte kjelder

### Frå Riksarkivet

Militærarkivet. Kommanderande general (KG II) Genralitets- og commisariatscollegiet.

Bergenhus festning. Breve. 1768-1777.

Statthaldararkivet 1572-1771. D VII. Dokument om festningane. 1720-1737. Pakke 5 og 6.

### Frå Statsarkivet i Bergen

Bergenhus kommandantskap:

Kopibøker.

- Correspondance-protocoll 21.1.1777-31.12.1786.
- Kopibog (2-18.hefte). Januar 1792-oktober 1802.
- Correspondance-protocoll 1.1.1803-23.5.1812.

Kommandosaker. Innkomne saker.

- Kongebrev 1682-1765

- Kongelige generalitets-og kommisariatskollegium i Christiania 1768-1815

Garnisonsauditørens arkiv

- Justitssaker 1729-1809

## Litteratur

Annær, Erik. *Den europeiske rettens historie*. Universitetsforlaget, 1983.

Antonsen, Kjell Ivar. *En kort beretning om Fredriksten festnings slaveri og arbeidsanstalt*.

Utgitt av Foreningen Haldens minder, Komiteen for historielagsfunksjonen, 1985.

Aune, Anne. *Ein studie av lov og rettspraksis i leiermålssaker i Nedre Telemark sorenskriveri 1727-1797*. Tingbokprosjektet, Oslo, 1994.

Baardsen, Gjest. *Levnetsløb*. (1835) Gjenfortalt av Kjell Erik Skaaren. Det nordenfjeldske forlag, Øksendal bokhandel. Trondheim, 1966.

Bagge, Bjørn. *Eiendomsmarkedet i Bergen 1686-1802. En undersøkelse av eiendomsforhold og eiendomsmarkedet i Bergen i perioden 1686-1802*. Masteroppgåve i historie ved Universitetet i Bergen, 2007.

Basso, Aina. "til Velfortient straf og andre til afskye" : blodskamsaker fra Trondheim Stiftamt 1729-1742 med utgangspunkt i Tukthuset i Trondheim. Masteroppgåve i historie, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 2005.

Beccaria, Cesare. *Om brott och straff*. Oversatt utgåve av Paul Enoksson. Rosenlundstryckeriet AB, Stockholm, 1977 (1764)

Bregnsbo, Michael. *Folk skriver til kongen. Supplikkerne og deres funktion i den dansk-norske enevælde i 1700-tallet*. Winds Bogtrykkeri A/S, Haderslev, 1997.

Bugge, Kjeld. *Fullbyrdelsen av frihetsstraff i det 18. århundre*. Universitetsforlaget Oslo/Bergen/Tromsø, 1969.

Basso, Aina. "til Velfortient straf og andre til afskye". Blodskamssaker fra Trondheim Stiftamt 1729-1742 med utgangspunkt i Tukthuset i Trondheim. Masteroppgåve i historie ved NTNU, Trondheim 2005.

Daae, Anders. "Tughuset og Arbejdshuse i Kristiania 1733-1814", i *Særtryk af nordisk tidsskrift for fængselsvæsen og praktisk strafferett*. Trykt his Nielsen & Lydiche, København, 1908.

Elgvær, Johannes. *En by i kamp. Stavanger bys historie 1536-1814*. Stabenfeldt forlag, Stavanger, 1956.

Erichsen, Bodil Chr. *Kriminalitet og rettsvesen i Kristiania mot slutten av 1600-tallet*. Masteroppgåve i historie, utgitt av Tingbokprosjektet, 1993.

Foucault, Michel. *Galskapens historie i opplysnings tidsalder*. Oversatt av Fredrik Engelstad og Erik Falkum. Gyldendal, 1999 (1973)

Foucault, Michel. *Overvåkning og straff*. Gyldendal, 2001 (1975).

Frandsen. Karl-Erik. ”Bønderne og Hæren i Danmark 1614-1662”, i *Historisk tidsskrift, bind 16* (1995). Henta 1.11.2010 frå

<http://www.tidsskrift.dk/visning.jsp?markup={hanserik}|{frandsen}&type=cont&id=81103&query=hans-erik%20frandsen&journal=all&fromyear=&toyear=&n=50&m=25&print=no>

Garland, David. *Punishment and Modern Society. A Study in Social Theory*. Clarendon Press, Oxford, 1990.

Glenn, Myra C. ”Review of The Spectacle of Suffering”, i *Journal of Social History*, Vol.20, No.3, 1987. Henta 1.11.2010 frå

<http://www.jstor.org/stable/3788131?&Search=yes&term=suffering&term=spierenburg&term=pieter&term=spectacle&list=hide&searchUri=%2Faction%2FdBasicSearch%3FQuery%3Dpieter%2Bspierenburg%2Bthe%2Bspectacle%2Bof%2Bsuffering%26wc%3Don%26acc%3Don&item=6&ttl=81&returnArticleService=showFullText>

Hansen, Torleif. *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1702-1737*. Avhandling, Universitet i Bergen, 1993.

Hauge, Ragnar. *Straffens begrunnelser*. Universitetsforlaget, Oslo, 1996.

Hals. Caroline Elise. *Christiania tukthus: sedelighets forbrytelser 1775-1779 og 1795-1799*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2010.

Hay, Douglas. *Albion's fatal tree: crime and society in eighteenth-century England*. Allan Lane, New York, 1975.

Holien, Erik. ”Skafottets endelikt”, i Espen Schaannings (red) *Straff i det norske samfunnet*. Humanist forlag, 2002.

Holmboe, Tage. ”Højesteret og strafferetten” i *Højesteret 1661-1961, Andet Bind*. Gec Gads Forlag, København, 1961.

Hovland. Kåre. Artikkel om utarbeidingsa av kongevegen på Filefjell . Henta 22.11.2010 frå  
[http://www.digitaltfortalt.no/show\\_single.aspx?art\\_id=267](http://www.digitaltfortalt.no/show_single.aspx?art_id=267)

Jacobsen, Anne Ingrid Kjos. ”*Eksamensoppgåve i kriminologi. Drøft ulike teorier om kriminalisering og straff med utgangspunkt i Georg Rusche og Otto Kirchheimers ”Punishment and Social Structure” og Michel Foucaults ”Det moderne fengsels historie”*”. Kriminologi hovedfag, Universitetet i Oslo, hausten 2006.

Kamen, Henry. *Early Modern European Society*. Routledge, London og New York, 2000.

Krogh, Tyge. ”Bødlens og Natmandens Uterlighed”, i *Historisk tidsskrift, bind 16*, 1994.  
Henta 15.11. fra

<http://www.tidsskrift.dk/visning.jsp?markup={natmand}&type=cont&id=80020&query=natmand&journal=all&fromyear=&toyear=&n=0&m=25&print=no>

Krogh, Tyge. *Oplysningsstiden og det magiske. Henrettelser og korporlige straffe i 1700-tallets første halvdel*. Samleren, København, 2000.

Lundberg, Alf. Om opprøret på Karmøy. Henta 22.11.2010 frå  
[http://www.karmoynett.no/index.php?ss=article&mode=show\\_art&art\\_id=606](http://www.karmoynett.no/index.php?ss=article&mode=show_art&art_id=606)

Lunde, Ragnhild Nyhus. *Fra tukthus og slaveri til botsfengsel?: planer, forventninger og erfaringer i forbindelse med fengselsreformarbeidet i Norge 1830 til 1860*.

Hovedfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Trondheim, 1979.

Midrè Georges. *Bot, bedring eller brød?* Universitetsforlaget, Oslo, 1990.

Nagel, Anne-Hilde. ”Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet” i *Administrasjon i Norden på 1700-tallet*. Universitetsforlaget, 1985.

Nedrebø, Yngve (red.) *Fattigfolk i Bergens stift 1755-2005*. Selja forlag, Førde, 2005.

Nedrebø, Yngve. *Delmenhorstiske Regiment - fra tysk til norsk 1767-1774*. [ukjent trykkår]  
Henta 01.11.2010 frå <http://digitalarkivet.no/dok/arkivverket/delmhst.htm>

Nysæther, Lise-Lotte. *Fengslenes fremvekst og utviklingen av fengselssystemet i Norge*. Fordjupingsoppgåve i kriminologi ved Universitetet i Oslo, 2007.

Nielsen, Yngvar. *Bergen fra de øldste tider indtil nutiden. En historisk-topografisk skildring*. Chr. Tønsbergs forlag, Christiania, 1877.

Rusche, Georg og Otto Kirchheimer. *Punishment and Social Structure*. Russel and Russel, New York, 1968 (1939).

Sagen, Lyder og H. Foss. *Bergens beskrivelse*. Bergen, 1824.

Sandmo, Erling. *Tingets tenkemåter. Kriminalitet og rettssaker i Rendalen, 1763-97*. Tingbokprosjektet, Oslo, 1992.

Schaanning, Espen. *Straff i det norske samfunnet*. Humanist forlag, Oslo, 2002.

Schaanning, Espen. *Menneskelaboratoriet. Botsfengselets historie*. Scandinavian Academic Press, 2007.

Sellin, Thorsten. *Slavery and the penalty system*. Elsevier, New York, 1976.

Slettebø, Thomas Ewen. *først, som rettfærdig Dommer at straffe, og siden, som en mild Fader, at forlade* : *Det dansk-norske eneveldets håndtering av Strilekrigen i Bergen 1765*. Masteroppgåve i historie ved Universitetet i Bergen, vår 2007.

Slyngstad, Marit. *Ulydighet og straff*. Tingbokprosjektet, Oslo, 1994.

Smith, Peter Scharff. *Moralske hospitaler. Det moderne fængselsvæsenet gennembrudd 1770-1870*. Narayana Press, 2003.

Solberg, Espen Bugge. *Militær jurisdiksjon. De militærer juridiske fordeler og ulemper ved Bergenhus Garnison i årene 1684-1720*. Hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Bergen. Haust 2000.

Spierenburg, Pieter. *The Spectacle of Suffering*. Cambridge University Press, 1984.

Sprauten, Knut. *Oslo bys historie. Byen ved festningen. Fra 1536 til 1814*. Henta 1.11.2010 fra <http://www.nb.no/utlevering/nb/26eea364330790e33f3235ac9fc6dc86#&struct=DIV2>

Stampe, Henrik. Erklæringer, *Breve og Forestillinger, General-Procureur-Embedets vedkommende*. København. Del 3 (1795), del 4 (1796) og del 5 (1797).

Stangeland, Gro og Eva Valebrokk. *Norges bedste Værn og Fæste. Nasjonale festningsverk*. Wigstrand, 2001.

Steenstrup, Johannes. ”Fredløs. Betydningen af denne Straf og Tvang i de sidste Aarhundreder af dens Bestaaen”, i *Historisk tidsskrift, bind 10*. (1930-31) Henta 1.11.2010 fra

<http://www.tidsskrift.dk/visning.jsp?markup={johannes}{steenstrup}&type=cont&id=79283&query=johannes%20steenstrup&journal=all&fromyear=&toyear=&n=50&m=25&print=no>

Stevnsborg, Henrik.”»Samfundets« og »statens« straferetspleje. Lovgivning og praksis i Københavnske prostitutionssager i slutningen af det 17. og begyndelsen af det 18.århundrede ”, i *Historisk tidsskrift, bind 14.* (1982-83) Henta 1.11.2010 frå

<http://www.tidsskrift.dk/visning.jsp?markup={Henrik}{Stevnsborg}&type=cont&id=77732&query=Henrik%20Stevnsborg&journal=all&fromyear=&toyear=&n=0&m=25&print=no>

Stuckenberg, Frederik. *Fængselsvæsenet i Danmark 1550-1839.* To bind. København, 1893-1896.

Stuestøl, Markus. Militær rettspraksis i årene før 1814.Generalauditørens rolle som formildende instans. Artikkel i Fortid nr.2, 2008. Henta 22.11. frå

[http://www.fortid.no/fortid\\_web/fort0208.pdf](http://www.fortid.no/fortid_web/fort0208.pdf)

Sætra, Gustav. ”Lofthusreisinga og følgene 1786-1797” i *Kristian Lofthus og hans tid. Artikler fra hisorisk sommerseminar arrangert av Høgskolen i Agder i samarbeid med Lillesand kommune.* (red. Sætra, Gustav og Johnsen, Berit Eide) Kristiansand, 1998.

Sætra, Gustav. ”Norske bondeopprør på 1700-tallet, en trussel mot den dansk-norske helstaten?” i *Historisk tidsskrift 3/1998.*

Tystad, Arnstein S. *Dødsstraff: praksis og holdninger i andre halvdel av 1700-tallet.* Hovudfagsoppgåve i historie, haust 2007.

Ulvund, Frode. *Byens Udkud?* Avhandling for Dr. Philos, Historisk Institutt, Universitetet i Bergen, 2002.

Ustvedt, Yngvar. *Slavene på Akershus.* J.W. Cappelens Forlag A/S, 1999.

Wald-Jacobsen, Torhild Meyer. *Tukt- og Manufakturhuset I Bergen, 1740-1840, et anseeligt og herligt Middel eller en forværrelsесanstalt?* Hovudfagsoppgåve i historie, våren 2007.

Wahl, J. O. 1928. *De gamle bygninger paa Bergenshus slot.* Artikkel i Bergen historiske forenings skrifter, nr.34.

Wahl, J.O. 1929. *Bergenhus fæstning.* Artikkel i Bergen historiske forenings skrifter, nr.35.

*Om Straf og strafanstalter* (anonym forfattar, men er skrive av kong Oscar I). Oversatt av Henrik Wergeland. Henta 22.11. frå

[http://www.nb.no/utlevering/contentview.jsf?&&urn=URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2007111510001](http://www.nb.no/utlevering/contentview.jsf?&&urn=URN:NBN:no-nb_digibok_2007111510001)

## **8. Vedlegg I.**

Oversikt over slavar eg har funne innsetjingsårsaka til andre stadar enn i protokollen, samt kvar eg har funne desse.

Daniel Aagaard. Bergenhus kommandantskap. Generalauditørens arkiv. Justissaker. Brev datert 9.januar 1782. SAB.

Joseph Hahnreyter: Sett inn i 1769 for tjuveri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 21.februar 1769.

Christopher Krackau: Sett inn i 1769 for tjuveri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev dater 8.august 1769.

Lars Hansen: Sett inn i 1766 for tjuveri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 30.juni 1770.

Johan Braun: Sett inn for tjuveri i 1770. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 2.oktober 1770.

Hans Olsen: tollsvik. Sett inn 1772. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771.

Ole Knudsen: Sett inn i 1772 for tjuveri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Tommas Evensen Dahle. Sett inn for blodskam i 1767. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 12.januar 1768.

Johannes Bendixen. Sett inn for hor i 1770. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 30.juni 1770.

Lasse Anfindsenn. Sett inn for hor i 1771. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 3.juli 1771.

Knud Christensen: Sett inn i 1778 for morderisk overfall på ein styrmann. Bergenhus kommandantskap. Generalauditørens arkiv. Justissaker. Brev datert 19.mars 1778.

Hans Rønne. Sett inn 1770 for bøter. frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 31.desember 1770.

Ole Riisnæs. Sett inn i 1772 for bøter. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1773. Datert 30.september 1773.

Ole Christophersen. Sett inn 1770 for bøter. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 30.juni 1770.

John Larsen. Sett inn i 1771 for å ha stifta brann. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1768-1771. Brev datert 31.desember 1771.

Knud Larsen. Sett inn i 1773 for å ha stifta brann. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1774. Brev datert 8.juni 1774.

Jørgen Petersen. Sett inn 1772 for lausgjengeri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Lorentz Mignoi: Sett inn 1772 for lausgjengeri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Daniel Friderich: Sett inn 1772 for lausgjengeri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Claus Rich: Sett inn 1772 for lausgjengeri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Robert Middelbuth: Sett inn 1772 for lausgjengeri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Johann Friderich: Sett inn 1772 for lausgjengeri. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Knud Kappedahl . Sett inn i 1771 for motstridighet mot øvrigheita. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1772. Brev datert 30.september 1772.

Torgier Johansen. Sett inn 1766 for å ha sett seg opp mot kompanisjefen. Henta frå Militærarkivet, kommanderande general(KGII) Generalitets- og Commisariatscollegiet. Bergenhus fæstning. Breve 1774. Brev datert 6.april 1774.

## **9. English summary**

This paper examines how the slavery punishment was used in Norway in the second half of the eighteenth century. In light of the theories of George Rusche og Otto Kirchheimer, Michel Foucault and Pieter Spierenburg, which sees the use of correction houses as a result of economics, discipline, and civilization, I found that they all are valid, but not by themselves.